



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Meld. St. 3

(2015–2016)

Melding til Stortinget

Statsrekneskapen 2015

Innhald

1	Hovudtrekk i stats-		3.2	Statens pensjonsfond Noreg	53
	rekneskapen	7			
1.1	Hovudtal	7	4	Statens balanse med	
1.2	Budsjettpolitikken og det			kommentarar til finanspostar	
	strukturelle, oljekorrigerte			m.m.	55
	underskotet	9	4.1	Statens balanse med notar	55
1.3	Utviklinga i det oljekorrigerte		4.2	Finansinntekter og finansutgifter ..	59
	underskotet	9	4.3	Garantiar	59
1.4	Veksten i utgiftene i stats-		4.4	Prinsipp for føring av stats-	
	budsjettet	15		rekneskapen	60
1.5	Lånetransaksjonar og				
	finansieringsbehov	15	Vedlegg		
1.6	Skattar og avgifter frå		1	Oversikt over stats-	
	Fastlands-Noreg	16		rekneskapen 2015	62
1.7	Utgifter og inntekter frå		2	Løyvingsrekneskap for staten	82
	petroleumsverksemda – Statens			Løyvingsrekneskap	
	pensjonsfond utland	16		for staten, utgifter	82
				Løyvingsrekneskap	
2	Utgifter under departementa ...	18		for staten, inntekter	153
2.1	Konstitusjonelle institusjonar	19		Fullmakt til å overskride	
2.2	Utanriksdepartementet	20		gjevne løyvingar i 2015	181
2.3	Kunnskapsdepartementet	22		Tilsegningsfullmakter	203
2.4	Kulturdepartementet	23		Bestillingsfullmakter	208
2.5	Justis- og beredskaps-		3	Kapitalrekneskap for staten	211
	departementet	25		Eiendeler	211
2.6	Kommunal- og moderniserings-			Forpliktelser	221
	departementet	26		Egenkapital	229
2.7	Arbeids- og sosialdepartementet ..	28		Notar og spesifikasjonar	230
2.8	Helse- og omsorgsdepartementet	31		Aksjeinteresser	239
2.9	Barne-, likestillings- og			Statens inntektskrav.....	252
	inkluderingsdepartementet	33		Gåver og	
2.10	Nærings- og fiskeridepartementet	34		gåveforsterkingsmidlar	254
2.11	Landbruks- og matdepartementet	36		Note til kapital-	
2.12	Samferdselsdepartementet	37		rekneskapens konto 70/71.....	255
2.13	Klima- og miljødepartementet	39		Note til kapital-	
2.14	Finansdepartementet	40		rekneskapens konto 82.....	264
2.15	Forsvarsdepartementet	41	4	Statens garantiansvar	282
2.16	Olje- og energidepartementet	42	5	Andre rekneskaper	
2.17	Statlege utlån	43		og spesifikasjonar	286
				Svalbardrekneskapen	286
				Andre spesifikasjonar	288
3	Statens pensjonsfond	47			
3.1	Statens pensjonsfond utland	47			

Tabelloversikt

Tabell 1.1	Utgifter og inntekter 2015	8	Tabell 1.5	Oversikt over løyvingssrekneskapen sine hovudgrupper for 2011–2015	70
Tabell 1.2	Eigedelar, gjeld og eigenkapital	8	Tabell 1.6	Samla utgifter for løyvingssrekneskapen og overførte løyvingar i 2015 fordelte på utgiftsgrupper	71
Tabell 1.3	Statens pensjonsfond	9	Tabell 1.7	Løyvingane 2015 fordelte etter departement og grupper av postnummer	72
Tabell 1.4	Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar i statsbudsjettet og Statens pensjonsfond 2015 ...	11	Tabell 1.8	Rekneskap 2015 fordelt etter departement og grupper av postnummer	73
Tabell 1.5	Endringar i inntektene etter nysalderinga	12	Tabell 1.9	Løyvingar og rekneskap 2015 fordelte etter art på programområde	74
Tabell 1.6	Endringar i utgiftene etter nysalderinga	12	Tabell 1.10	Løyvingar og rekneskap utanom lånetransaksjonar 2015 på programområde	75
Tabell 1.7	Overføring av unytta løyvingar utanom lånetransaksjonar dei siste fem år	14	Tabell 1.11	Balansekonto for staten	77
Tabell 1.8	Reell, underliggjande utgiftsvekst	15	Tabell 1.12	Note til balansekonto for staten, avslutningskonto for statsrekneskapen konto 99.00.00	78
Tabell 1.9	Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2015	15	Tabell 1.13	Note til endringar i avslutningskonto 99.00.00, spesifikasjon av endringar på konto for forskyvingar i balansen 2015	78
Tabell 1.10	Endringar i lånetransaksjonar, utgifter etter nysalderinga	16	Tabell 1.14	Samanhengen mellom finansieringsbehovet (kap. 5999) og faktisk endring i kontantbehaldninga	79
Tabell 1.11	Endringar i lånetransaksjonar, inntekter etter nysalderinga	16	Tabell 1.15	Oversyn over statsrekneskapen 2015 ut frå kjelde til postering	81
Tabell 1.12	Endring i netto kontantstraum frå statleg petroleumsverksemd etter nysalderinga	17	Vedlegg 2		
Tabell 2.1	Utgifter 2015 etter programområde	18	Tabell 2.1	Løyvingsrekneskap for staten, utgifter	82
Tabell 3.1	Samla verdi av Statens pensjonsfond	47	Tabell 2.2	Løyvingsrekneskap for staten, inntekter	153
Tabell 3.2	Kontantoverføringar til SPU	48	Tabell 2.3	Fullmakt til å overskride gjevne løyvingar i 2015	181
Tabell 3.3	Resultatoppsett for SPU	49	Tabell 2.4	Tilsegningsfullmakter per 31. desember 2015	203
Tabell 3.4	Balanse for SPU per 31.12	52	Tabell 2.5	Bestillingsfullmakter per 31. desember 2015	208
Tabell 3.5	Folketrygdfondets resultatrekneskap for SPN	53	Vedlegg 3		
Tabell 3.6	Hovudtal i balansen for SPN per 31.12	54	Tabell 3.1	Kapitalrekneskap for staten	211
Tabell 4.1	Statens eigedelar og gjeld	55	Tabell 3.2	Note til kapitalrekneskapens konto 68, spesifikasjon av statens faste kapital i statsføretaka	230
Tabell 4.2	Renter	59			
Tabell 4.3	Samla garantiansvar for staten per 31.12	60			
Vedlegg 1					
Tabell 1.1	Statens samla inntekter og utgifter 2011–2015	62			
Tabell 1.2	Løyvingsrekneskapen for budsjetterminen 2015	64			
Tabell 1.3	Løyvingar og rekneskap 2015 ...	66			
Tabell 1.4	Løyvingsrekneskapen for 2014–2015	68			

Tabell 3.3	Note til kapitalrekneskapens konto 80, endring i statsgjelda ...	230
Tabell 3.4	Note til kapitalrekneskapens kontogruppe 8080, spesifikasjon av kontolån til statskassa per 31. desember 2015	231
Tabell 3.5	Note til kapitalrekneskapens konto 80, Statsgjelda, rente-byteavtaler	232
Tabell 3.6	Aksjeinteresser per 31. desember 2015	239
Tabell 3.7	Statens inntektskrav vedk. skattar, avgifter og refusjonskrav	252
Tabell 3.8	Gåver og gåveforsterkingsmidlar 2015	254
Tabell 3.9	Note til kapitalrekneskapens konto 70/71, spesifikasjon av mellomværet mellom statskassa og departementa	255
Tabell 3.10	Note til kapitalrekneskapens konto 82, spesifikasjon av kontantbeholdning for verksemdar med særskilde fullmakter	264
Vedlegg 4		
Tabell 4.1	Garantiansvar	282

Tabell 4.2	Garantiar stilte av staten 31. desember 2015	283
------------	--	-----

Vedlegg 5

Tabell 5.1	Svalbardrekneskapen. Administrasjon av Svalbard 2015	286
Tabell 5.2	Svalbardrekneskapen. Balanse-konto per 31. desember 2015	287
Tabell 5.3	Svalbardrekneskapen. Note til balansekonto, beholdningsendringar 2015	287
Tabell 5.4	Statsbygg. Balanse per 31. desember 2015	288
Tabell 5.5	Statens kartverk. Balanse per 31. desember 2015	288
Tabell 5.6	NVE Anlegg. Balanse per 31. desember 2015	289
Tabell 5.7	Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE). Balanse per 31. desember 2015	289
Tabell 5.8	Statens pensjonskasse forvaltningsbedrift. Balanse per 31. desember 2015	290
Tabell 5.9	NORFUND. Balanse per 31. desember 2015	290

Oversikt over boksar

Boks 1.1	Samanhengen mellom det strukturelle og det oljekorrigerte budsjettunderskotet	10
----------	---	----

Boks 1.2	Om uvisse i budsjettanslaga	13
----------	-----------------------------------	----

Meld. St. 3

(2015–2016)

Melding til Stortinget

Statsrekneskapen 2015

*Tilråding frå Finansdepartementet 29. april 2016,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudtrekk i statsrekneskapen

Finansdepartementet legg med dette fram meldinga om statsrekneskapen for 2015.

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løyvingerekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingerekneskapen syner samla løyving og rekneskap for kvar post i statsbudsjettet. Under utgiftspostane ser ein òg overført løyving frå 2014 til 2015 og overført løyving frå 2015 til 2016. Kapitalrekneskapen syner statens eigedelar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld òg oversyn over rekneskapen for Svalbard, statens garantiansvar, tilsegns- og bestillingsfullmakter og oversyn over aksjar som staten eig.

Meldinga gjer greie for løyvingane i statsbudsjettet og for dei rekneskapsførte tala. Det er lagt vekt på å forklare avvik mellom budsjett og rekneskap. Budsjettutviklinga gjennom 2015 fram til nysalderinga er nærare omtalt i Prop. 34 S (2015–2016) *Ny saldering av statsbudsjettet 2015*.

I kapittel 1 er det gjort greie for hovudelementa i statsrekneskapen og budsjettpolitikken. Dette omfattar mellom anna bruken av petroleumsinntekter, veksten i statsutgiftene og statens skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg og frå petroleumsvirksemda. Lånetransaksjonar og

finansieringsbehov vert òg omtalt. Kapittel 2 tek føre seg områda til kvart departement for seg. I kapittel 3 er rekneskapen til Statens pensjonsfond omtalt, og i kapittel 4 er det gjort greie for statens balanse og finanspostar.

1.1 Hovudtal¹

Tabell 1.1 syner statsrekneskapen 2015 etter postgrupper i statens kontoplan for høvesvis utgifter og inntekter. Dei samla utgiftene vart 1 634,9 mrd. kroner, medan inntektene før statslånemidlar vart 1 539,6 mrd. kroner. Overskot før lånetransaksjonar i statsrekneskapen og netto lånepostar (post 90–99) gjev eit brutto finansieringsbehov på 95,3 mrd. Dette er postert på kapittel 5999 *Statslånemidlar*, slik at samla inntekter medrekna statslånemidlar òg vert 1 634,9 mrd. kroner.

Tabell 1.2 syner samla eigedelar, gjeld og eigenkapital slik det går fram av balansen (kapital-

¹ I tabellane i statsrekneskapen kan det vere avvik mellom sumtala i tabellane og dei avrunda tala som står ovanfor summene. Sumtala skal vere i samsvar med rekneskapen.

Tabell 1.1 Utgifter og inntekter 2015

Utgifter (mill. kroner)	Samla	Sum utan overføring SPU	Utan petroleum og over- føring SPU	Kontant- straum petroleum	Overføring SPU
Driftsutgifter (01–29)	167 382	167 382	167 382	0	–
Investeringar (30–49)	74 922	74 922	45 967	28 955	–
Overføringar (50–89)	1 170 417	952 161	952 161	–	218 256
Sum utgifter utan lånetransaksjonar	1 412 721	1 194 464	1 165 509	28 955	218 256
Lånetransaksjonar (post 90–99)	222 159	222 159	222 159	–	–
Sum utgifter med lånetransaksjonar	1 634 880	1 416 623	1 387 668	28 955	218 256
Inntekter (mill. kroner)					
Sal av varer og tenester (01–29)	116 770	116 770	22 916	93 855	–
Inntekter i samband med nybygg, anlegg m.m. (30–49)	26 898	26 898	3 172	23 726	–
Skattar, avgifter og andre overføringar (50–89)	1 269 803	1 083 740	954 109	129 631	186 063
Sum inntekter utan lånetransaksjonar	1 413 472	1 227 409	980 197	247 212	186 063
Tilbakebetalingar (90–99)	126 087	126 087	126 087	–	–
Sum inntekter før statslånemidlar	1 539 559	1 353 496	1 106 284	247 212	186 063
Netto post 01–89, utgifter og inntekter (underskot før lånetransaksjonar)	-751	-32 945	185 312	-218 256	32 193
+ Netto lånetransaksjonar (post 90–99), utgifter og inntekter	96 072	96 072	96 072	–	–
= Brutto finansieringsbehov (statslånemidlar)	95 321				
Sum inntekter med lånetransaksjonar	1 634 880				

rekneskapen). Avslutningskontoen (eigenkapitalen) auka i 2015 med 1 047,0 mrd. kroner. Det meste av auken skriv seg frå Statens pensjonsfond. Overskotet før lånetransaksjonar aukar

eigenkapitalen og eigenkapitalen går opp som følge av at overføringane av unytta løyving til neste budsjettermin minkar. Anna endring i eigenkapitalen er nærare omtalt i kapittel 4.

Tabell 1.2 Eigedelar, gjeld og eigenkapital (mill. kroner)

	2015	2014	Endring
Sum eigedelar	8 844 394	7 768 690	1 075 704
Sum gjeld	664 163	635 470	28 693
Avslutningskonto (eigenkapital)	8 180 231	7 133 220	1 047 011
<i>Endring i eigenkapitalen:</i>			
Auka verdi Statens pensjonsfond			1 042 953
Overskot før lånetransaksjonar i balansen			751
Redusert avsetjing av overførte midlar			1 796
Anna endring i eigenkapitalen			1 511

Tabell 1.3 Statens pensjonsfond (mrd. kroner)

	SPU	SPN	Samla
Netto kontantstrøm	218,3		218,3
– Overført statsbudsjettet	186,1		186,1
Renter og utbyte	185,0	7,0	192,0
Overskot	217,2	7,0	224,2
Kapital per 31.12.2014	6 430,6	185,7	6 616,3
Overskot	217,2	7,0	224,2
Valutakursregulering	668,1	-	668,1
Realiserte/urealiserte vinster/tap	144,8	5,8	150,6
Kapital per 31.12.2015	7 460,8	198,4	7 659,2
Endra verdi fondskapital	1 030,2	12,8	1 043,0

Det oljekorrigerte underskotet går fram av netto utgifter og inntekter (post 01–89) utanom kontantstrøm frå petroleumsverksemda og overføringane til og frå Statens pensjonsfond utland (SPU). Underskotet vert dekt med ei overføring frå SPU til statsbudsjettet som svarar til det oljekorrigerte underskotet slik det vart rekna i nysaldert budsjett.

Av tabell 1.1 går det fram at det oljekorrigerte underskotet i 2015 vart 185,3 mrd. kroner, medan statsrekneskapen vart gjort opp med eit overskot på 0,8 mrd. kroner.

Tabell 1.3 syner endring i kapitalen til Statens pensjonsfond og samanhengen med overskot, valutakursregulering og realiserte og urealiserte vinster og tap.

Overskotet i Statens pensjonsfond vart 224,2 mrd. kroner. Til saman vert statsrekneskapen og Statens pensjonsfond gjorde opp med eit overskot på 225,0 mrd. kroner i 2015.

1.2 Budsjettpolitikken og det strukturelle, oljekorrigerte underskotet

Bruken av petroleumsinntekter vert målt ved det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet. I utrekninga av dette underskotet tek ein mellom anna omsyn til at ein del av statens inntekter og utgifter varierer med konjunkturane og med endringar i rekneskapstilhøve, sjå boks 1.1.

Med utgangspunkt i statsrekneskapen for 2015 er bruken av petroleumsinntekter i 2015 no rekna til 167,2 mrd. kroner, målt ved det strukturelle, oljekorrigerte underskotet. Dette er om lag 3,6 mrd. kroner meir enn i Saldert budsjett 2015, der det strukturelle, oljekorrigerte underskotet

vart rekna til 163,7 mrd. kroner. Venta realavkastning av Statens pensjonsfond utland i 2015 er rekna til 257,2 mrd. kroner, eller 90,0 mrd. kroner høgare enn det strukturelle, oljekorrigerte underskotet. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet svarar til 6,4 prosent av no anslått trend-BNP for Fastlands-Noreg i 2015 og til 2,6 prosent av Statens pensjonsfond utland ved inngangen til 2015.

I Revidert nasjonalbudsjett 2015 vart anslaget på det strukturelle, oljekorrigerte underskotet sett opp med 5,1 mrd. kroner, til 168,8 mrd. kroner. Dei strukturelle skatte- og avgiftsinntektene vart redusert med 11,3 mrd. kroner, medan budsjettet vart styrkt med netto 6,2 mrd. kroner på andre postar. Frå Revidert nasjonalbudsjett 2015 til nysaldert budsjett 2015 vart det strukturelle, oljekorrigerte underskotet sett ned med 0,4 mrd. kroner, til 168,4 mrd. kroner. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet er no rekna til å vere 1,1 mrd. kroner lågare enn i nysaldert budsjett.

1.3 Utviklinga i det oljekorrigerte underskotet

Tabell 1.4 gjev eit samla oversyn over inntektene, utgiftene, oljekorrigert overskot og overskotet i statsbudsjettet, statsrekneskapen og Statens pensjonsfond i 2014 og 2015.

1.3.1 Utviklinga i rekneskapen frå 2014 til 2015

Samla overskot i statsbudsjettet og Statens pensjonsfond minka med 86,8 mrd. kroner, frå 311,7 mrd. kroner i 2014 til 225,0 mrd. kroner i 2015. Overskotet i statsbudsjettet før lånetransaksjonar

Boks 1.1 Samanhengen mellom det strukturelle og det oljekorrigerte budsjettunderskotet

Eit fleirtal i Stortinget slutta seg våren 2001 til retningslinjer for den økonomiske politikken, jf. St.meld. nr. 29 (2000–2001) *Retningslinjer for den økonomiske politikken*. Retningslinjene for budsjettpolitikken tek sikte på ein jamn og langsiktig forsvarleg auke i bruken av petroleumsinntekter i norsk økonomi, om lag i takt med venta avkastning av Statens pensjonsfond utland. For å unngå ein budsjettpolitikk som kan føre til ustabil økonomisk utvikling, er bruken av petroleumsinntekter målt ved det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet og ikkje det faktiske oljekorrigerte budsjettunderskotet. Det oljekorrigerte budsjettunderskotet er ikkje berre avhengig av budsjettpolitikken, men òg av konjunkturane. Til dømes vil det oljekorrigerte budsjettunderskotet normalt auke i ein konjunkturedgang og minke i ein konjunkturoppgang. Om ein skulle ta sikte på å la det faktiske budsjettunderskotet følgje utviklinga i venta avkastning av Statens pensjonsfond utland, måtte ein stramme til politikken i nedgangstider, medan ein kunne setje ned skattane eller auke utgiftene i oppgangstider. Ein slik politikk ville auke etterspurnaden i gode tider og dempe han i dårlege tider. Når ein styrer budsjettpolitikken etter eit mål for utviklinga i det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet, er det mellom anna for å unngå denne typen medsyklisk effekt.

For å kome frå det oljekorrigerte budsjettunderskotet til det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet gjer ein desse korreksjonane:

- Ein korrigerer for verknaden av at konjunkturane skil seg frå det normale, og reknar budsjettverknadene av at dei ulike inntektene frå skattar og avgifter skil seg frå trendnivået sitt. Dessutan tek ein omsyn til at utbetalningane av trygd til arbeidslause følgjer konjunkturane.
- Ein korrigerer for skilnaden mellom normalnivået for dei statlege renteinntektene og renteutgiftene og dei verkelege rentestraumane, og for skilnaden mellom normalnivået for overføringane frå Noregs Bank og dei verkelege overføringane.
- Ein korrigerer òg for endringar i rekneskapstilhøve og endringar i funksjonsdelingane mellom staten og kommunane som ikkje påverkar den underliggende utviklinga i budsjettbalansen.

Ei rekkje andre land nyttar utviklinga i ein strukturell budsjettbalanse som utgangspunkt for innrettinga av budsjettpolitikken. I samsvar med dette utarbeider OECD og EU standardiserte utrekningar av strukturelle budsjettunderskot i medlemslanda. Desse utrekningane byggjer på meir aggregerte utrekningar enn dei tala for Noreg som Finansdepartementet publiserer i budsjettdokumentata.

auka med 4,6 mrd. kroner, medan overskotet i Statens pensjonsfond minka med 91,4 mrd. kroner. Ei viktig årsak er at den netto kontantstraumen frå petroleumsvirksemda vart 93,4 mrd. kroner lågare enn i rekneskapen for 2014. Det oljekorrigerte underskotet auka med 25,3 mrd. kroner frå 2014 til 2015.

1.3.2 Utviklinga frå saldert til nysaldert budsjett²

Inntektsløyvingane utanom lånetransaksjonar for 2015 vart 96,4 mrd. kroner lågare i nysaldert bud-

sjett enn i saldert budsjett, medan utgiftsløyvingane vart 9,2 mrd. kroner lågare. Utanom petroleumsvirksemda vart inntektene knapt 12,1 mrd. kroner lågare i nysaldert budsjett enn i saldert budsjett, medan utgiftene vart 0,2 mrd. kroner lågare. Samla gav dette eit oljekorrigert underskot på 186,1 mrd. kroner i nysaldert budsjett for 2015, som er 11,8 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett.

Auken i det oljekorrigerte underskotet frå saldert til nysaldert budsjett på 11,8 mrd. kroner kjem av 28,4 mrd. kroner i lågare skatte- og avgiftsinntekter. Rente- og utbyteinntektene auka med knapt 1,8 mrd. kroner, overføringa frå Noregs Bank auka med 7,4 mrd. kroner, tilbakeføring av driftskreditt frå helseføretaka auka med 4,1 mrd.

² Nysaldert budsjett, vedteke av Stortinget desember 2015.

Tabell 1.4 Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar i statsbudsjettet og Statens pensjonsfond 2015 (tal i mill. kroner)

	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Nysaldert budsjett 2015	Rekneskap 2015
1. Statsbudsjettet				
A Inntekter i alt	1 278 757	1 331 514	1 235 164	1 227 409
A.1 Inntekter frå petroleumsverksemda	347 039	341 955	257 682	247 212
A.2 Inntekter utanom petroleumsverksemda	931 719	989 559	977 482	980 197
B Utgifter i alt	1 127 099	1 201 784	1 192 545	1 194 464
B.1 Utgifter til petroleumsverksemda	35 372	38 000	29 000	28 955
B.2 Utgifter utanom petroleumsverksemda	1 091 727	1 163 784	1 163 545	1 165 509
Oljekorrigert overskot i statsbudsjettet (A.2–B.2)	-160 008	-174 225	-186 063	-185 312
+ Overført frå Statens pensjonsfond utland	156 164	174 225	186 063	186 063
= Overskot i statsbudsjettet før lånetransaksjonar ¹⁾	-3 844	0	0	751
2. Statens pensjonsfond				
Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda i statsbudsjettet (A.1–B.1), vert overført til Statens pensjonsfond utland	311 667	303 955	228 682	218 256
– Overført frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet	156 164	174 225	186 063	186 063
+ Renteinntekter og utbyte i fondet ²⁾	160 084	178 300	192 900	192 008
= Overskot i Statens pensjonsfond ¹⁾	315 586	308 030	235 519	224 201
3. Statsbudsjettet og Statens pensjonsfond				
Samla overskot ¹⁾	311 743	308 030	235 519	224 953

¹⁾ Overskotet i statsbudsjettet, Statens pensjonsfond og samla overskot er i samsvar med definisjonane av nettofinansinvesteringar i nasjonalrekneskapen og utanriksrekneskapen, som Statistisk sentralbyrå set opp. Etter definisjonane i nasjonalrekneskapen er realiserte og urealiserte vinstar og tap ikkje rekna som netto finansinvestering, og difor er dei ikkje med i dette oppsettet, som er nytta i statsbudsjettet og statsrekneskapen.

²⁾ For 2015 utgjer renter og utbyte i Statens pensjonsfond utland (SPU) 185,029 mrd. kroner og i Statens pensjonsfond Noreg 6,979 mrd. kroner. For 2014 var renter og utbyte i SPU 152,634 mrd. kroner og i Statens pensjonsfond Noreg 7,450 mrd. kroner. Overskotet i Statens pensjonsfond i 2015 vart 224,2 mrd. kroner. Av dette var overskotet for SPU 217,2 mrd. kroner, medan det i 2014 var 308,1 mrd. kroner. Kapittel 3 inneheld eit detaljert resultatoppsett for Statens pensjonsfond.

Kjelde: Finansdepartementet

kroner, medan andre inntekter under departementa auka med 3,0 mrd. kroner. Utgiftene vart 0,2 mrd. kroner lågare. Renteutgiftene vart 1,7 mrd. kroner lågare, medan andre utgifter netto vart om lag 1,5 mrd. kroner høgare, medrekna nedsetjinga på kapittel 2309 *Ymse utgifter* i nysalderinga.

Budsjettutviklinga gjennom 2015 fram til nysalderinga er omtalt nærare i Prop. 34 S (2015–2016) *Ny saldering av statsbudsjettet 2015*.

1.3.3 Utviklinga etter nysalderinga

I statsrekneskapen for 2015 er det oljekorrigerte underskotet 185,3 mrd. kroner. Dette er 0,8 mrd. kroner mindre enn i nysalderinga og 11,1 mrd.

kroner meir enn i saldert budsjett, jf. tabell 1.4. Som del av BNP for Fastlands-Noreg er endringane i det oljekorrigerte underskotet små, høvesvis 0,0 prosent og 0,4 prosent. Det vil alltid vere uvisse knytt til framskrivingar av budsjettal og andre makroøkonomiske tal, og endringane i 2015 skil seg ikkje frå det som har vore normale avvik dei siste 30 åra. Sjå boks 1.2 om uvisse i budsjettanslaga.

Tilbakeføringa frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet vart endeleg fastlagd i nysaldert budsjett for å dekkje det venta oljekorrigerte underskotet. På denne bakgrunnen vert statsrekneskapen for 2015 gjort opp med eit overskot på 0,8 mrd. kroner. Inntektene utanom petroleumsinntekter auka med 2,7 mrd. kroner, frå 977,5

Tabell 1.5 Endringar i inntektene etter nysalderinga

Endringar i inntektene utanom lånetransaksjonar og petroleumsinntekter frå nysaldert budsjett til rekneskapen (tal i mill. kroner):	
Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg	-978
+ Renteinntekter og utbyte utan Statoil	33
+ Inntekter frå statens forretningsverksemd utanom renteinntekter	378
+ Valutainntekter under eksportkredittordninga	1 279
+ Andre inntekter	723
= Auka inntekter utan standardrefusjonar og meirinntekter	1 435
+ Meirinntekter frå meirinntektsfullmakter	1 281
= Samla endring, inntekter	2 715

mrd. kroner til 980,2 mrd. kroner. Utgiftene utanom petroleumsverksemda auka med 2,0 mrd. kroner, frå 1 163,5 mrd. kroner til 1 165,5 mrd. kroner. Sjå tabell 1.5 og 1.6 for detaljar.

Medrekna i desse tala er standardrefusjonar som ikkje vert budsjetterte med beløp på løyvingane i nysaldert budsjett. Frå 2015 er desse førte som utgiftsreduksjonar i rekneskapen og utgjorde om lag 2,5 mrd. kroner³. Dette er refusjonar frå mellom anna arbeids- og velferdsetaten og folketrygda som dekkjer utgifter til arbeidsmarknads tiltak i statlege verksemdar, løn under fødsels- og adopsjonspermisjon, løn til lærlingar og løn under sjukdom. Medrekna er òg meirinntekter på løyvingar med meirinntektsfullmakter som heimlar meirutgifter i departementa og forvaltninga.

Overførte, unytta løyvingar frå 2015 til 2016 vart 1,8 mrd. kroner lågare enn overføringane frå 2014 til 2015, noko som medverkar til høgare utgifter i rekneskapen. Auka materiellinnkjøp i forsvaret kan forklare 1,7 mrd. kroner av nedgangen i overførte, unytta løyvingar.

Departementa har rapportert 1,3 mrd. kroner i meirinntekter på ymse budsjettpostar som det er knytt meirinntektsfullmakter til. Nokre departement har høve til å utføre oppdragsverksemd mot refusjon av utgiftene. I andre inntekter inngår om lag 0,9 mrd. kroner i inntekter frå auksjon på fre-

Tabell 1.6 Endringar i utgiftene etter nysalderinga

Endringar i utgiftene utanom lånetransaksjonar og petroleumsutgifter frå nysaldert budsjett til rekneskapen (tal i mill. kroner):	
Momskompensasjon til kommunar, fylkeskommunar og frivillige, kap 1632	254
+ Nettoordning statleg betalt MVA, kap 1633	126
+ Renteutgifter, statsgjeld, kap 1650, post 89	101
+ Stønader i folketrygda medrekna utgifter til dagpengar, kap. 2530–2790	-183
+ Klima og skogsatsinga, fornybar energi, klimakvotar (kap 0166, 1481 og 1482)	205
+ Bustad og bumiljøtiltak, kap 0581	-216
+ Arbeids- og velferdsetaten, kap 0604 og 0605	314
+ Nasjonalt folkehelseinstitutt, kap 0710	227
+ Busetting og norskopplæring av innvandrarak, kap 0821–0822	-204
+ Tiltak for barn og ungdom, kap 0850–0859	-345
+ Diverse fiskeriføremål, tilskot til kommunar, kap. 0919, post 60	-465
+ Statens vegvesen, kap 1320	-504
+ Jernbaneverket, kap 1350	-806
+ Kjøp av persontransport med tog, kap. 1351	-167
+ Kjøp av materiell mm under forsvaret, kap 1760, 1761	1 856
+ Statens lånekasse for utdanning, kap. 2410	220
+ Innovasjon Noreg, kap. 2421	522
+ Forsking og kompetanseheving, kap. 0165	146
+ Kystverket, kap. 1360	-146
+ Overføring til Energifondet, kap. 1825	141
+ Andre utgifter, netto	890
= Samla endring, utgifter	1 964

kvensressursar, medan andre inntekter under departementa vart 0,2 mrd. kroner mindre enn budsjetterte.

Spesifiserte endringar i utgiftene og andre netto endringar i utgiftene på 0,9 mrd. kroner må sjåast i samanhengen med bruken av meirinn-

³ 2,3 mrd. kroner er rapportert som utgiftsreduksjon etter standard kontoplan. I tillegg har forsvaret som ikkje nytta standard kontoplan for 2015, opplyst at dei hadde 0,2 mrd. kroner i refusjonar.

Boks 1.2 Om uvisse i budsjettanslaga

Statsbudsjettet har både ein konstitusjonell, ein politisk og ein administrativ funksjon. Eit viktig føremål med budsjettet er at ressursane til fellesskapet vert nytta i samsvar med politiske prioriteringar og slik at ein får mest mogeleg att for pengane. Finanspolitikken må stø opp under sysselsetjing, verdiskaping og rettferdig fordeling. Kor godt ein lukkast med dette, kan ikkje målast i rekneskapen.

Rekneskapen fortel kor godt ein har treft med anslaga ein gjorde ved byrjinga av året og gjennom året. For ei rekkje budsjettpostar er utfallet eit resultat av summen av avgjerdene til einskildmenneske, verksemdar og andre aktørar innanlands og utanlands. Til dømes er skatteinntektene avhengige av utviklinga i sysselsetjing, privat forbruk og investeringar i bustader og verksemdar. Utbetalingane av mellom anna arbeidsløysetrygd svingar med utviklinga i arbeidsmarknaden.

Når budsjettet vert laga, har ein ikkje all informasjon om den økonomiske utviklinga i budsjettåret. Rekneskapen er på si side påverka av endringar i det økonomiske opplegget og av eventuelle endringar i føringsmåte og oppstilling på postar i statsbudsjettet. Det er såleis mykje uvisse knytt til framskrivingar av budsjettal og andre makroøkonomiske tal.

Statsbudsjettet spelar òg ei viktig rolle i stabiliseringspolitikken. I Noreg har skiftande regjeringar lagt stor vekt på at dei såkalla automatiske stabilisatorane skal få verka. Stabilisatorane dempar verknaden som brå endringar i økonomien har på den samla etterspurnaden og dermed på aktivitetsnivået i økonomien, men gjev tilsvarende stort utslag i offentlege budsjett. I ein konjunkturoppgang vil til dømes skatte- og avgiftsinntektene til staten auka. Så lenge andre budsjettpostar ikkje vert endra, dreg dette inn kjøpekraft frå husstandar og verksemdar og dempar aktiviteten i økonomien. Samstundes aukar statens inntekter. I ein konjunkturedgang vert skatteinntektene mindre og utgiftene til trygd større. Dette kan endre rekneskapsresultatet ved utgangen av året monaleg. Eit avvik vil då berre vise at stabilisatorane har verka slik dei skulle.

For å styre finanspolitikken må ein dessutan vite om endringane i økonomien er konjunktur-

relle, og vert borte etter ei stund, eller om dei er strukturelle og vert verande att når konjunkturane snur. Samanhengen mellom det strukturelle og det oljekorrigerte budsjettunderskotet er forklart i boks 1.1. Det strukturelle underskotet er berekna tal. Fyrst etter fleire år er det mogeleg å slå fast om utslaga i økonomien kom av konjunkturane eller var eit uttrykk for underliggjande strukturelle endringar. Difor vert anslaga for den strukturelle budsjettbalansen reviderte i ettertid. Anslaga for strukturell budsjettbalanse i Noreg har vist seg å treffe betre enn i mange andre land, jf. boks 3.4 i Nasjonalbudsjettet 2015.

Figur 1.1.A syner *totaltala* for anslag og rekneskap for budsjettbalansen utanom inntekter og utgifter knytte til petroleumsverksemda, det vil seie den oljekorrigerte budsjettbalansen. Tala er målte i høve til BNP for Fastlands-Noreg. Figuren syner at budsjett og rekneskap følgjer kvarandre godt. Revisjonane av budsjettet gjennom året kan utgjera store kronebeløp, men er gjennomgåande små rekna i prosent. Revisjonane kan ha si årsak i ynskte endringar i politikken eller i at utviklinga på ulike område har vore annleis enn venta. Til dømes vart underskotet i 2010 monaleg mindre enn i budsjettframlegget fordi verknaden av finanskrisa vart mindre enn frykta.


Dei store svingingane i den oljekorrigerte budsjettbalansen må fyrst og fremst sjåast i samheng med konjunkturutviklinga i norsk økonomi. I dårlege år vert underskotet til staten større enn det elles ville ha vore. I gode år er det motsett. Dette kjem av dei automatiske stabilisatorane, men òg av korleis politikken vert innretta. Den finanspolitiske tiltakspakka mot finanskrisa i 2009 er eit døme på dette.

Figur 1.1.B syner *avvik mellom* budsjett og rekneskap for den oljekorrigerte budsjettbalansen. Der avviket er mindre enn null, har ein budsjettert med eit større oljekorrigert underskot enn det som vart resultatet i rekneskapen. Nokre år er avviket mindre enn null og andre år større enn null og i om lag 1/3 av åra var avviket frå saldert budsjett til rekneskap større enn null. Tala tyder på at det ikkje er systematiske over- eller undervurderingar.

Boks 1.2 forts.

Figuren syner òg at det er lettare å budsjettere seinare på året når uvisse har minka. Avvika er mindre i november enn tidleg på året. Etter 1985 har likevel ikkje avvika i gjennomsnitt vore

større enn -0,4 prosentpoeng frå saldert budsjett til rekneskapen og -0,2 prosentpoeng frå nysaldert budsjett til rekneskapen.



Figur 1.1 Oljekorrigert¹⁾ underskot frå 1985 til 2015. Budsjett og rekneskap

¹⁾ For dei tidlegaste åra er det oljekorrigerte underskotet berekna, ut frå dagens definisjon. Dei historiske BNP-tala er oppdatert etter SSB si revisjon i 2015.

Kjelder: Finansdepartementet og Statistisk sentralbyrå.

tektsfullmakter i departementa og forvaltninga, og anna endring i overført, unytta løyving.

Overført, unytta løyving til 2016

Frå 2014 til 2015 vart det overført unytta løyvingar, utanom lånetransaksjonar og statleg petroleumsumsverksemd, på til saman 12,4 mrd. kroner, medan overførte løyvingar frå 2015 til 2016 er på 10,6 mrd. kroner. Det er ein nedgang på knapt 1,8 mrd. kroner.

Det er særleg Forsvarsdepartementet (1,7 mrd. kroner) som har ein stor nedgang og Samferdselsdepartementet (1,8) som har ein stor auke i overførte løyvingar. Dei andre departementa har ei samla nedgang i overførte løyvingar på knapt 2 mrd. kroner som gjeld Nærings- og fiskeridepartementet inkl. Innovasjon Noreg (0,5 mrd. kroner), Klima- og miljødepartementet (0,3 mrd. kroner), Arbeids- og sosialdepartementet (0,5 mrd.

kroner) og Utanriksdepartementet (0,7 mrd. kroner). Hovudgrunnar er materiellkjøp i Forsvaret og Statens vegvesen og Jernbaneverket under Samferdselsdepartementet. Tabell 1.2 i vedlegg 1 gjev eit meir detaljert oversyn over endra overføring per departement.

Tabell 1.7 Overføring av unytta løyvingar utanom lånetransaksjonar dei siste fem åra (tal i mill. kroner)

År	Overført løyving	Auke/nedgang (-) frå året før
2011–2012	11 143	311
2012–2013	13 481	2 338
2013–2014	14 247	766
2014–2015	12 366	-1 881
2015–2016	10 570	-1 796

1.4 Veksten i utgiftene i statsbudsjettet

Utviklinga i utgiftene i statsbudsjettet frå år til år kjem til uttrykk ved den reelle, underliggjande veksten. I den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert det korrigert for utgifter til dagpen-
gar, renter og petroleumsverksemda og for visse rekneskapstilhøve og ekstraordinære endringar. Ved utrekninga av den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert det òg korrigert for prisendringar, slik at talet er uttrykk for volumendringar knytte til driftsutgiftene, investeringane og overføringane i statsbudsjettet. Nærare omtale av korleis den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert utrekna, står i kapittel 3 i nasjonalbudsjettet.

I Nasjonalbudsjettet 2015 var den reelle, underliggjande veksten i utgiftene i statsbudsjettet rekna til 2,3 prosent. I revidert nasjonalbudsjett for 2015 vart han rekna til 2,8 prosent. Med utgangspunkt i statsrekneskapen for 2015 er vek-

sten rekna til 2,8 prosent. Tal for reell, underliggjande utgiftsvekst dei siste ti åra går fram av tabell 1.8.

1.5 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov

Tabell 1.9 syner utviklinga i finansieringsbehovet i statsbudsjettet. Samanlikna med rekneskapen for 2014 har finansieringsbehovet auka med 113,7 mrd. kroner, frå -18,3 mrd. kroner i 2014 til 95,3 mrd. kroner i 2015. Utlån og aksjeteikning m.m. minka med 13,4 mrd. kroner, medan tilbakebetalingane minka med 89,0 mrd. kroner. Overskotet for lånetransaksjonar betra seg med 4,6 mrd. kroner slik at netto finansieringsbehovet vart 71,0 mrd. kroner høgare enn i 2014. Auka lånebehov må òg sjåast i samanheng med at kapitalen på 100 mrd. kroner i Statens finansfond og Statens obligasjonsfond vart tilbakeført i 2014 og teknisk ført som ei tilbakebetaling til statskassa. Det var ein auke i betalt avdrag på statsgjelda på 42,7 mrd. kroner i 2015 samanlikna med 2014. Endringane i gjeldsavdrag må sjåast i samanheng med avdragsprofilen på statsgjelda.

Utgiftene til utlån vart om lag 3,5 mrd. kroner lågare enn venta ved nysalderinga. Endringar i utlån frå nysaldert budsjett går fram av tabell 1.10.

Mindreutgiftene under Statens pensjonskasse, bustadlånsordninga svarar til 6,6 prosent av løyvinga, og meirutgiftene under Lånekassa svarar til 0,5 prosent av løyvinga. Mindreutgiftene på lån frå Husbanken svarar til 3,5 prosent av løyvinga, medan mindreutgiften utgjør 0,7 og 10,7 prosent for høvesvis Innovasjon Noreg og eksportfinansieringsordninga.

Tilbakebetalingane vart 1,9 mrd. kroner høgare enn det var venta i nysalderinga. Endringar i tilba-

Tabell 1.8 Reell, underliggjande utgiftsvekst

År	Årleg vekst i prosent
2006	0,9
2007	2,0
2008	2,2
2009	5,5
2010	0,9
2011	1,6
2012	1,9
2013	2,3
2014	3,1
2015	2,8

Tabell 1.9 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2015 (tal i mill. kroner)

	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Nysaldert budsjett 2015	Rekneskap 2015
<i>Lånetransaksjonar utanom petroleumsverksemda</i>				
Utlån, aksjeteikning m.m.	175 649	174 779	165 734	162 240
– Tilbakebetalingar	215 040	103 243	124 229	126 087
– Overskot i statsbudsjettet	-3 844	0	0	751
= Netto finansieringsbehov	-35 547	71 536	41 505	35 402
+ Gjeldsavdrag	17 206	61 419	61 419	59 919
= Brutto finansieringsbehov i statsbudsjettet	-18 341	132 955	102 924	95 321

Kjelde: Finansdepartementet.

Tabell 1.10 Endringar i lånetransaksjonar, utgifter etter nysalderinga (tal i mill. kroner)

Statens pensjonskasse, bustadlånsordninga, kap. 0614	-556
Statens lånekaske for utdanning, kap. 2410	110
Husbanken, kap. 2412	-615
Innovasjon Noreg, kap. 2421	-295
Eksportfinansieringsordninga, kap. 2429	-2 137
Andre utlån, netto	0
Samla endring utlån	-3 494

kebetalningar frå nysaldert budsjett går fram av tabell 1.11.

Netto utlån vart dermed 5,4 mrd. kroner lågare enn i nysaldert budsjett. Sidan rekneskapen syner eit overskot på knapt 0,8 mrd. kroner, vart netto finansieringsbehov 6,1 mrd. kroner mindre enn i nysaldert budsjett.

Ved ein feil vart ikkje budsjettet for avdrag på statsgjelda justert ned i nysalderinga. Avdrag på innanlandsk statsgjeld i 2015 vart difor 1,5 mrd. kroner lågare enn budsjettet, og brutto finansieringsbehov er dermed 7,6 mrd. kroner mindre enn i nysaldert budsjett. Lånetransaksjonar knytte til petroleumsverksemda vert dekte med overføring frå Statens pensjonsfond utland. Det vart ikkje rekneskapsført lånetransaksjonar knytte til petroleumsverksemda i 2015.

Statens lånebehov og behovet for lånefullmakter kan avvike frå finansieringsbehovet som går fram av tabell 1.9. Grunnen er at ein ved utforming av lånefullmakter tek omsyn til einskilde lånetransaksjonar som inngår i lånebehovet, men som ikkje har likviditetseffekt. Det gjeld til dømes

Tabell 1.11 Endringar i lånetransaksjonar, inntekter etter nysalderinga (tal i mill. kroner)

Statens lånekaske for utdanning, kap. 5310	306
Husbanken, kap. 5312	793
Statens pensjonskasse, bustadlånsordninga, kap. 3614	1 846
Innovasjon Noreg, kap. 5325	-365
Eksportfinansieringsordninga, kap. 5329	-702
Andre låntakarar, netto	-21
Samla endring i tilbakebetalingane	1 858

ved overføring av kapital til og frå tilskotsfond som infrastrukturfondet. Dette er nærare omtalt i framlegg for Stortinget om fullmakt til å ta opp statslån. Det vart i 2015 overført 40 mrd. kroner i kapital til infrastrukturfondet og 9,3 mrd. kroner til klimafondet. Fullmakt til å ta opp statslån i 2015 og endring i statsgjelda går fram av vedlegg 3, tabell 3.1.

1.6 Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg

Statsrekneskapen for 2015 syner at dei samla inntektene frå skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg utgjorde 892,6 mrd. kroner i 2015, ein auke på 24,4 mrd. kroner eller 2,8 prosent frå året før.

I statsrekneskapen for 2015 vart dei samla skatte- og avgiftsinntektene om lag 29,4 mrd. kroner lågare enn i saldert budsjett. I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2015 vart anslaget sett ned 20,0 mrd. kroner. Ved nysalderinga av 2015-budsjettet er berekna skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg sett ned med endå 8,4 mrd. kroner, i hovudsak på grunn av lågare skattar frå føretak. Samla inntekter frå skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg vart i statsrekneskapen om lag 1,0 mrd. kroner lågare enn i nysaldert budsjett.

Av dei samla skatte- og avgiftsinntektene frå Fastlands-Noreg på 892,6 mrd. kroner i statsrekneskapen for 2015 utgjorde skatt på inntekt og formue medrekna arveavgifta 238,3 mrd. kroner. Dette var 1,1 prosent lågare enn i 2014. Trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift utgjorde 299,4 mrd. kroner i 2015, ein auke på 5,5 prosent frå året før. Inntektene frå meirverdiavgifta auka med 4,0 prosent, til 252,2 mrd. kroner i 2015. Frå 2014 til 2015 auka andre særavgifter og tollinntekter med 1,8 prosent, frå 100,8 mrd. kroner til 102,6 mrd. kroner. Sjå detaljar i vedlegg 1, tabell 1.1 og løyvingerekneskapen i vedlegg 2, tabell 2.2.

1.7 Utgifter og inntekter frå petroleumsverksemda – Statens pensjonsfond utland

Utgiftene til petroleumsverksemda skriv seg frå investeringar i statens direkte deltaking i petroleumsverksemda (SDØE). Utgiftene til petroleumsverksemda vart 29,0 mrd. kroner i 2015. Inntektene frå petroleumsverksemda omfattar skatt og avgift på utvinning, aksjeutbyte frå Statoil ASA og inntekter frå SDØE. Inntektene frå SDØE er for det meste driftsresultat og kalkulatoriske avskri-

vingar og renter. Dei samla innbetalte skattane og avgiftene frå petroleumsverksemda og CO₂-avgifta vart 110,2 mrd. kroner i 2015. Inntektene frå SDØE vart 121,7 mrd. kroner, medan utbyte frå Statoil ASA i 2015 vart 15,4 mrd. kroner. Samla inntekter frå petroleumsverksemda vart dermed 247,2 mrd. kroner i 2015, og netto kontantstraum frå petroleumsverksemda vart 218,3 mrd. kroner. Det er 85,7 mrd. kroner mindre enn i saldert budsjett og 10,4 mrd. kroner mindre enn i nysaldert budsjett, jf. tabell 1.12.

Overføringa frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet over kapittel 5800 vert rekneskapsført i samsvar med stortingsvedtaket i nysaldert budsjett, medan overføringa til fondet over kapittel 2800 er tilpassa netto kontantstraum frå petroleumsverksemda. Netto avsetjing til fondet i 2015

Tabell 1.12 Endring i netto kontantstraum frå statleg petroleumsverksemd etter nysalderinga (tal i mill. kroner)

Reduserte petroleumsskattar og CO ₂ /NO _x -avgift	-4 743
+ reduserte inntekter frå statleg petroleumsverksemd (SDØE) og utbyte frå Statoil ASA	-5 727
+ reduserte utgifter, statleg petroleumsverksemd	45
= Netto endring i petroleumsinntekter	-10 426

vart 32,2 mrd. kroner. I kapittel 3 er det gjort nærare greie for resultat og verdiutvikling i Statens pensjonsfond utland.

2 Utgifter under departementa

Dette kapittelet inneheld ei kort omtale av rekneskapen til kvart einskilt departement og av statlege utlån. Kapittelet syner utviklinga på programområde dei seinare åra. Under kvart programområde vert rekneskapen for 2013, 2014 og 2015 synt i ein tabell saman med nysaldert budsjett for 2015. Samla lånetransaksjonar kjem fram på ei særskild rad i tabellen. Tabellane i avsnitta 2.1 til 2.16 nedanfor er ordna i

ein rekkefølge som er avleia av departementa sine kapittelnummer i statsbudsjettet. Avsnitt 2.17 inneheld ei kort omtale av statlege utlån gjennom Statens lånekasse for utdanning, Husbanken, bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse, Innovasjon Noreg og Eksportkreditt Noreg AS. Tabell 2.1 syner utgifter sorterte etter programområde og gjev referanse til avsnitt i meldinga med nærare omtale

Tabell 2.1 Utgifter 2015 etter programområde (tal i mill. kroner)

Programområde	Referanse til omtale	Nysaldert løyving	Rekneskap	Avvik løyving og rekneskap
00 Konstitusjonelle institusjonar	2.1	2 643	2 515	128
02 Utanriksforvaltning	2.2	8 249	8 346	-97
03 Internasjonal bistand	2.2	30 009	30 579	-570
04 Militært forsvar	2.15	43 414	45 339	-1 925
06 Justissektoren	2.5	35 455	35 593	-138
07 Kunnskapsdepartementet	2.3	64 028	64 082	-54
08 Kulturføremål	2.4	12 734	12 790	-57
09 Arbeid og sosiale føremål	2.7	35 103	35 524	-421
10 Helse og omsorg	2.8	147 537	147 936	-400
11 Barn, likestilling og inkludering	2.9	37 766	37 252	514
12 Klima og miljø	2.13	8 140	8 323	-183
13 Kommunal, bustad og modernisering	2.6	179 337	179 310	27
15 Landbruk og mat	2.11	17 456	17 496	-40
17 Nærings- og fiskeriføremål	2.10	12 183	12 152	31
18 Olje- og energiføremål	2.16	35 345	35 501	-156
21 Innanlands transport	2.12	54 880	53 291	1 589
22 Post og telekommunikasjonar	2.12	788	772	15
23 Finansadministrasjon	2.14	35 577	35 898	-321
24 Statleg gjeld og fordringar, renter og avdrag	4.2	11 208	11 304	-96
26 Ymse utgifter		50	0	50
28 Foreldrepengar, folketrygda	2.9	19 458	19 304	154
29 Sosiale føremål, folketrygda	2.7	357 201	356 958	243
30 Stønad ved helsetenester	2.8	29 465	29 546	-81
33 Arbeidsliv, folketrygda	2.7/2.10	14 520	14 654	-134
34 Statens pensjonsfond utland	1.7/3.1	228 682	218 256	10 426
Sum utgifter utan lånetransaksjonar ¹⁾		1 421 227	1 412 721	8 507
Lånetransaksjonar	1.5/2.17	227 153	222 159	4 994
Sum utgifter med lånetransaksjonar		1 648 380	1 634 880	13 500

¹⁾ Tabell 1.6 i kapittel 1 syner ei meirutgift på 1 964 mill. kroner utan lånetransaksjonar, statleg petroleumsværksemd og overføring til Statens pensjonsfond utland. Medrekna mindreutgifter for statleg petroleumsværksemd under programområde 18 på 45 mill. kroner og mindreutgifter under programområde 34 SPU på 10 426 mill. kroner, vert mindreutgiftene utan lånetransaksjonar 8 507 mill. kroner.

Rekneskapen vert i utgangspunktet gjort opp på kapittel- og postnivå. Overføringar frå eit år til det neste vert vedtekne på postnivå. Unytta beløp kan overførast på postar merkte «kan overførast», medan vanlege driftspostar berre kan overførast med opp til fem prosent av løyvinga. Eit programområde inneheld mange postar, og summen av overførte beløp er difor ikkje den same som summen av unytta løyvingar på programområdet sett under eitt. Tabell 1.10 i vedlegg 1 syner utgiftsløyvingar, rekneskap og overførte løyvingar utanom lånetransaksjonar per programområde og gjev eit oversyn over samla meirinntekter knytte til områda.

Det er to forhold som er viktig å vere klår over ved samanlikning av rekneskapstala for 2015 med tidlegare år. *Standardrefusjonar* for løn under fød-

selspermisjon og løn under sjukdom m.m. er frå 2015 bokførte som utgiftsreduksjonar i rekneskapen, medan slike refusjonar tidlegare var førte som inntekter. Slike refusjonar utgjer om lag 2,5 mrd. kroner i 2015. Vidare vart *nettoordninga for statleg betalt meirverdiavgift* innført frå 2015. Verksemdar som er med i ordninga bokfører betalt meirverdiavgift på kap. 1633, post 01 for meirverdiavgift knytte til postane 01 til 49. Det vart i 2015 rekneskapsført 5,4 mrd. kroner på kap. 1633 post 01. Sjå omtale i kapittel 2.14 under programområde 23 *Finansadministrasjon*. Som følgje av ordninga vil utgiftene i 2015 vere noko lågare under dei einskilde programområda.

Det kan vere avvik mellom sumtala i tabellane og dei avrunda tala som står ovanfor summane. Sumtala skal vere i samsvar med rekneskapen.

2.1 Konstitusjonelle institusjonar

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar				(i mill. kr)
Program-kategori	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
00.10 Kongehuset	196,2	210,6	227,6	227,6
00.30 Regjeringa	343,8	346,1	347,5	346,7
00.40 Stortinget og underliggjande institusjonar	1 677,2	1 785,7	2 067,5	1 940,7
Sum før lånetransaksjonar	2 217,2	2 342,4	2 642,6	2 515,0
Lånetransaksjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Konstitusjonelle institusjonar	2 217,2	2 342,4	2 642,6	2 515,0

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 127,6 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 34,8 mill. kroner, frå 2 642,6 mill. kroner til 2 677,4 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 162,4 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det i 2015 ikkje knytte nokre meirinntekter. Det er overført til saman 98,7 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nomi-

nelt med 0,3 mrd. kroner, frå 2,2 mrd. kroner til 2,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 5,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 7,4 prosent.

Under programkategori 00.10 *Kongehuset* har utgiftene auka med 31 mill. kroner, frå 196 mill. kroner til 228 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 7,4 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 8,1 prosent. Auken frå 2013 til 2015 er i hovudsak knytt til sikringstiltak for kongefamilien.

Under programkategori 00.30 *Regjeringa* har utgiftene auka med 3 mill. kroner, frå 344 mill. kroner til 347 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 0,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 0,2 prosent.

Under programkategori 00.40 *Stortinget og underliggjande institusjonar* har utgiftene auka med 264 mill. kroner, frå 1 677 mill. kroner til 1 941 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene

med 6,5 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 8,7 prosent.

Både åra var det særleg utgiftene til større ombyggings- og vedlikehaldsarbeid som vaks. I 2014 gav grunnlovsjubileet ekstra utgifter.

2.2 Utanriksdepartementet

Utanriksdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: programområde 02 *Utanriksforvaltning*

og programområde 03 *Internasjonal bistand* (den offisielle utviklingshjelpa, ODA).

Programområde 02 Utanriksforvaltning			(i mill. kr)	
Program-kategori	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
02.00 Administrasjon av utanrikstenesta	2 028,7	2 067,8	2 067,4	2 160,3
02.10 Utanriksføremål	3 617,6	5 120,0	6 181,9	6 185,7
Sum før lånetransaksjonar	5 646,3	7 187,8	8 249,4	8 346,0
Lånetransaksjonar	0,1	0,2	0,4	0,1
Sum 02 Utanriksforvaltning	5 646,4	7 188,1	8 249,7	8 346,0
Programområde 03 Internasjonal bistand				
03.00 Administrasjon av utviklingshjelpa	1 451,4	1 594,8	1 589,4	1 678,6
03.10 Bilateral hjelp	3 800,6	3 950,0	3 419,9	3 480,5
03.20 Globale ordningar ¹⁾	14 729,7	15 230,8	19 171,0	19 526,4
03.30 Multilateral hjelp	7 136,5	7 003,8	5 828,9	5 893,3
Sum før lånetransaksjonar	27 118,2	27 779,4	30 009,2	30 578,9
Lånetransaksjonar	911,0	922,5	1 110,0	1 110,0
Sum 03 Internasjonal bistand	28 029,2	28 701,9	31 119,2	31 688,9
Sum Utanriksdepartementet	33 675,6	35 890,0	39 368,9	40 034,9

¹⁾ På programkategori 03.20 *Globale ordningar* vart tal for 2013 justerte ned med 2 189,5 mill. kroner, jf. Meld. St. 3 (2014–2015). Dette som følge av endra departementsstruktur frå 1.1.2014, og for å presentere samanliknbare tal. Reklassifiseringa omfatta kapittel 166, postane 01 og 73 (skogsatsinga) som vart flytta til programkategori 12.70 *Internasjonalt klimaarbeid* under Klima- og miljødepartementet.

Programområde 02 Utanriksforvaltning

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 96,6 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 309,5 mill. kroner, frå 8 249,4 mill. kroner til 8 558,9 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 212,9 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 6,6 mill. kroner. Det er overført til saman 203,6 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 0,3 mill. kroner.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 02 *Utanriksforvaltning* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 2,7 mrd. kroner, frå 5,6 mrd. kroner til 8,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 27,3 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 16,1 prosent.

Under programkategori 02.00 *Administrasjon av utanrikstenesta* har utgiftene auka med 132 mill. kroner, frå drygt 2,0 mrd. kroner til knapt 2,2 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 1,9 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 4,5 prosent.

Under programkategori 02.10 *Utanriksføremål* har utgiftene auka med 2,6 mrd. kroner, frå 3,6 mrd. kroner til 6,2 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 41,5 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 20,8 prosent. Dei store variasjonane i utbetalt beløp per år heng saman med utbetalningar under EØS-finansieringsordningane.

Programområde 03 Internasjonal bistand

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 569,7 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 700,9 mill. kroner, frå 30 009,2 mill. kroner til 30 710,1 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 131,2 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 27,0 mill. kroner. Det er overført til saman 157,3 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 03 *Internasjonal bistand* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 3,5 mrd. kroner, frå 27,1 mrd. kroner til 30,6 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 2,4 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 10,1 prosent.

Under programkategori 03.00 *Administrasjon av utviklingshjelpa* har utgiftene auka med 0,2 mrd. kroner, frå knapt 1,5 mrd. kroner til knapt 1,7 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 9,9 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 5,3 prosent.

Under programkategori 03.10 *Bilateral hjelp* har utgiftene minka med 0,3 mrd. kroner, frå 3,8 mrd. kroner til 3,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 3,9 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 11,9 prosent. Noko av nedgangen den siste perioden kjem av at tiltak innanfor utdanning i 2015 er løyvde på eigen post (kapittel 169, post 73) under programkategori 03.20.

Under programkategori 03.20 *Globale ordningar* har utgiftene auka med 4,8 mrd. kroner, frå 14,7 mrd. kroner til 19,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 3,4 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 28,2 prosent. Det er særleg utgifter innanfor humanitær bistand (kapittel 163, post 70), flyktningutgifter i Norge (kapittel 167, post 21) og utdanning (kap. 169, post 73) som har auka monaleg. Sjå òg forklaring under programkategori 03.30 om overføring mellom kategoriane.

Under programkategori 03.30 *Multilateral hjelp* har utgiftene minka med drygt 1,2 mrd. kroner, frå 7,1 mrd. kroner til 5,9 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 1,9 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 15,9 prosent. Den store nedgangen siste perioden kjem mellom anna av at fleire tiltak innan utdanning og miljø er overført til programkategori 03.20 *Globale ordningar*.

Utbetalningar av utviklingshjelp i perioden 2011–2015

For 2015 er samla offisiell utviklingshjelp utrekna til 34 657 mill. kroner. I denne summen inngår 31 689 mill. kroner på Utanriksdepartementet sitt budsjett, 2 907 mill. kroner på Klima- og miljødepartementet sitt budsjett (kap. 1482, post 01 og 73), 21,5 mill. kroner på Riksrevisjonen sitt budsjett (kap. 51, post 75) og 39,3 mill. kroner¹ i nettoført meirverdiavgift på Finansdepartementet sitt budsjett (kap. 1633, post 01).

Nivået på samla utbetalningar til utviklingshjelp tilsvorar 1,05 pst. av faktisk BNI for 2015, slik BNI for 2015 er venta no. Det høge nivået på utviklingshjelpa i prosent av BNI kjem mellom anna av at BNI vart lågare enn overslaget i nasjonalbudsjettet for 2015, og auka flyktningeutgifter i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2015. Det har òg vore ein nedgang på 557 mill. kroner i unytta løyving overført til neste termin, frå 727 mill. kroner i 2014 til 170 mill. kroner i 2015.

Oversikta nedanfor syner tal for offisiell utviklingshjelp (nominelle tal) i perioden 2011–2015.

¹ UD 21,5 mill. kroner, KLD 5,9 mill. kroner, Norad 10,2 mill. kroner og Fredskorpset 1,7 mill. kroner

År	Utbetalt i mill. kroner	Utbetalt i prosent av BNI ¹⁾	Unytta løyving overført til neste termin (i mill. kroner)	Unytta løyving overført neste budsjettermin, i prosent av budsjett
2011	27 049	0,96	556	2,0
2012	27 760	0,93	636	2,3
2013	30 219	0,97	1 357	4,4
2014 ²⁾	32 136	0,98	727	2,2
2015 ²⁾	34 657	1,05	170	0,5

¹⁾ Tal for BNI frå nasjonalrekneskapen per 8. mars 2016. Tal for BNI i 2014 og 2015 er førebels. BNI-delen er rekna ut på bakgrunn av faktisk BNI det aktuelle året. I budsjettsamheng vert bistandsdelen av BNI rekna ut på bakgrunn av forventa BNI komande budsjettår.

²⁾ Inkl. tiltak under Klima- og miljødepartementet, kap. 1482.

2.3 Kunnskapsdepartementet

Programområde 07 Kunnskapsdepartementet					(i mill. kr)
Program-kategori		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
07.10	Administrasjon	272,4	282,0	268,7	272,1
07.20	Grunnopplæring	7 514,8	9 033,0	9 793,3	9 764,4
07.30	Barnehagar	321,2	369,0	453,2	430,7
07.50	Vaksenopplæring m.m.	1 482,0	1 705,9	1 865,4	1 836,2
07.60	Høgare utdanning og fagskuleutdanning	28 797,5	30 742,0	32 675,0	32 588,8
07.70	Forsking	5 427,6	5 712,1	7 219,9	7 216,8
07.80	Utdanningsfinansiering	11 532,0	11 556,3	11 752,6	11 972,9
Sum før lånetransaksjonar		55 347,5	59 400,4	64 028,1	64 081,7
Lånetransaksjonar		21 404,7	22 204,9	23 262,1	23 371,7
Sum Kunnskapsdepartementet		76 752,2	81 605,3	87 290,1	87 453,4

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 53,6 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 293,3 mill. kroner, frå 64 028,1 mill. kroner til 64 321,4 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 239,7 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 26,3 mill. kroner. Det er overført til saman 415,3 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 109,6 mill. kroner. Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 07 *Kunnskapsdepartementet* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 8,7 mrd. kroner, frå 55,3 mrd. kroner til 64,1 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 7,3 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 7,9 prosent.

Under programkategori 07.20 *Grunnopplæring* har utgiftene auka med knapt 2,3 mrd. kroner, frå 7,5 mrd. kroner til 9,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 20,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 8,1 prosent.

Grunnopplæringa vert stort sett finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Ein stor del av løyvingane over programkategori 07.20 er tilskot til frittstående skular, kvalitetsutvikling i grunnopplæringa og vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar. Utgiftsauken frå 2013 til 2015 kjem mellom anna

av satsinga på vidareutdanning for lærarar, og at tilskot til rentekompensasjon til rehabilitering av skule- og symjeanlegg vart overført frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Kunnskapsdepartementet i statsbudsjettet for 2014. I tillegg har det vorte fleire elevar i dei frittstående skulane. Eit nytt tilskot til auka lærarinnsats på første til fjerde trinn medverka til auken frå 2014 til 2015.

Under programkategori 07.30 *Barnehagar* har utgiftene auka med 0,1 mrd. kroner, frå 0,3 mrd. kroner til 0,4 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 14,9 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 16,7 prosent. Det meste av auken i utgifter frå 2013 til 2015 kjem av auka løyvingar til satsing på kvalitet og kompetanseheving til personalet i barnehagen.

Under programkategori 07.50 *Vaksenopplæring m.m.* har utgiftene auka med knapt 0,4 mrd. kroner, frå 1,5 mrd. kroner til drygt 1,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 15,1 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 7,6 prosent. Det meste av auken i treårsperioden kjem av auka kontingent for norsk deltaking i EUs program for livslang læring. Løyvingane til *Program for basiskompetanse i arbeidslivet* vart òg auka.

Under programkategori 07.60 *Høgare utdanning og fagskuleutdanning* har utgiftene auka med 3,8 mrd. kroner, frå 28,8 mrd. kroner til 32,6 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 6,8 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 6,0 prosent. Det meste av auken i perioden kjem av at studieplassar oppretta frå 2009 til 2012 og i 2014 er

førte vidare. Nye studieplassar i 2015 har òg auka utgiftene. Studiepoengproduksjonen i perioden har auka som følge av auken i talet på studieplassar, og som følge av at studentane jamt over har teke fleire studiepoeng. Dette gir utslag i den resultatbaserte utteljinga i finansieringssystemet. Andre årsaker til auken i utgifter er nye stipendiatstillinger som vart oppretta i 2014 og 2015, og løyvingar til brukarutstyr og husleige i nybygg.

Under programkategori 07.70 *Forsking* har utgiftene auka med 1,8 mrd. kroner, frå 5,4 mrd. kroner til 7,2 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 5,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 26,3 prosent. Auken kjem for det meste av auka løyvingar til mellom anna forskingsinfrastruktur, fri prosjektstøtte og deltaking i europeisk forskningssamarbeid.

Under programkategori 07.80 *Utdanningsfinansiering* har utgiftene auka med drygt 0,4 mrd. kroner, frå 11,5 mrd. kroner til knapt 12,0 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 0,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 3,6 prosent. Årsaka til auken frå 2013 er høgare studenttal og høgare gjennomsnittleg støtte til den einskilte student.

Utgiftene til *lånetransaksjonar* har auka med 2 mrd. kroner, frå 21,4 mrd. kroner til 23,4 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 3,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 5,3 prosent. Årsaka til auken frå 2013 er høgare studenttal og høgare gjennomsnittleg støtte til den einskilte student. Sjå òg kapittel 2.17, der detaljar kring utlåna frå Lånekassa er nærare spesifiserte.

2.4 Kulturdepartementet

Programområde 08 Kulturføremål				(i mill. kr)
Programkategori	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
08.10 Administrasjon	120,3	143,5	141,0	138,9
08.15 Samfunns- og frivillighetsføremål	1 539,6	1 965,5	2 086,3	2 076,9
08.20 Kulturføremål	6 892,0	7 213,8	7 274,3	7 283,5
08.30 Medieføremål	1 207,1	1 224,2	1 222,8	1 240,8
08.40 Den norske kyrkja ¹⁾	1 714,0	1 913,4	2 009,1	2 050,3
Sum før lånetransaksjonar	11 473,0	12 460,4	12 733,5	12 790,4
Lånetransaksjonar ¹⁾	0,1	0,0	0,0	0,0
Sum Kulturdepartementet	11 473,1	12 460,4	12 733,5	12 790,4

¹⁾ Programkategori 08.40 Den norske kyrkja vart frå 1.1.2014 etablert under Kulturdepartementet. Samanliknbare tal for 2013 kjem frå tidlegare programkategori 01.90 under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. Sjå omtale i Meld. St. 3 (2014–2015).

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 56,9 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 221,1 mill. kroner, frå 12 733,5 mill. kroner til 12 954,6 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 164,2 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 49,9 mill. kroner. Det er overført til saman 188,5 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 08 *Kulturforemål* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 1,3 mrd. kroner, frå 11,5 mrd. kroner til 12,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 8,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 2,6 prosent.

Under programkategori 08.10 *Administrasjon* har utgiftene auka med 19 mill. kroner, frå 120 mill. kroner til 139 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 19,2 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 3,2 prosent. Størstedelen av auken frå 2013 til 2014 kjem av at kyrkjeavdelinga vart flytta frå det tidlegare Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet til Kulturdepartementet.

Under programkategori 08.15 *Samfunns- og frivillighetsforemål* har utgiftene auka med 537 mill. kroner, frå 1 540 mill. kroner til 2 077 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 27,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 5,7 prosent. Størst auke i 2015 hadde kompensasjonsordninga for meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg, med 59 mill. kroner, og tilskot til Ungdoms-OL med 101 mill. kroner.

Under programkategori 08.20 *Kulturforemål* har utgiftene auka med 0,4 mrd. kroner, frå 6,9 mrd. kroner til 7,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 4,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 1,0 prosent. Størst prosentvis auke i 2015 hadde biletkunstheltet, med 14 prosent.

Under programkategori 08.30 *Medieforemål* har utgiftene over perioden vore stabile rundt 1,2 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 1,4 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 1,4 prosent.

Under programkategori 08.40 *Den norske kyrkja* har utgiftene auka med 336 mill. kroner, frå 1 714 mill. kroner til 2 050 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 11,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 7,2 prosent. Størstedelen av auken frå 2014 til 2015 kjem av særskilt løyving til kyrkjevalet i 2015, auke i løyvingane til Kyrkerådet for å førebu eit tydeleg skilje mellom kyrkje og stat frå 2017 og løyving som kompenserte prestane økonomisk for at bustadordninga vart avvikla 1. september 2015.

2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Programområde 06 Justissektoren		(i mill. kr)			
Program- kategori		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
06.10	Administrasjon	436,7	425,1	424,0	423,3
06.20	Rettsstell	2 371,4	2 450,7	2 547,3	2 559,3
06.30	Kriminalomsorg	4 084,2	4 264,2	4 279,6	4 264,9
06.40	Politi- og påtalemyndighet	14 367,1	15 401,5	15 674,9	15 797,1
06.50	Redningstenesta, samfunnstryggjeleik og beredskap	3 543,0	3 707,8	3 869,7	3 870,7
06.60	Andre verksemdar	1 274,5	1 530,4	1 433,0	1 427,8
06.70	Fri rettshjelp, erstatningar, konfliktråd m.m.	1 618,0	1 661,1	1 406,9	1 480,2
06.80	Svalbardbudsjettet	176,1	1 512,2	310,7	261,5
06.90	Beskyttelse og innvandring	3 854,4	3 881,8	5 509,0	5 508,4
Sum før lånetransaksjonar		31 725,4	34 834,9	35 455,1	35 593,1
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Justis- og beredskapsdepartementet		31 725,4	34 834,9	35 455,1	35 593,1

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 138,0 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 788,0 mill. kroner, frå 35 455,1 mill. kroner til 36 243,1 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 650,0 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 75,1 mill. kroner. Det er overført til saman 698,4 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 06 *Justissektoren* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 3,9 mrd. kroner, frå 31,7 mrd. kroner til 35,6 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 9,8 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 2,2 prosent.

Under programkategori 06.10 *Administrasjon* har utgiftene minka med 13 mill. kroner, frå 437 mill. kroner til 423 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 2,7 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 0,4 prosent. Nedgangen frå 2013 til 2014 kjem mellom anna av at Kriminalomsorga si sentrale forvaltning vart flytta ut frå departementet 1. juli 2013.

Under programkategori 06.20 *Rettsstell* har utgiftene auka med om lag 0,2 mrd. kroner, frå 2,4 mrd. kroner til 2,6 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 3,3 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 4,4 prosent. Auken har mellom anna samband med ei regelendring med verknad frå 1.1.2014 som inneber at dei fleste kostnadane knytte til sakkyndige i barnesaker dekkes av staten.

Under programkategori 06.30 *Kriminalomsorg* har utgiftene auka med om lag 0,2 mrd. kroner, frå 4,1 mrd. kroner til 4,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 4,4 prosent, og frå 2014 til 2015 vart det inga auke. Auken over perioden 2013–2015 har samband med kapasitetsutvidande tiltak i sektoren.

Under programkategori 06.40 *Politi- og påtalemyndighet* har utgiftene auka med 1,4 mrd. kroner, frå 14,4 mrd. kroner til 15,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 7,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 2,6 prosent. Ei viktig årsak er at løyvingane til politiet er auka slik at nyutdanna frå Politihøgskulen kan tilsetjast i politiet. Det er òg gjeve løyving til å tilsetje fleire sivile og fleire påtalejuristar i politietaten. Utgifter til beredskap, gjennomføring av politireforma og IKT-tiltak, og handteringa av den store tilstrøyminga av asylsøkjjarar hausten 2015 har òg medverka til auken.

Under programkategori 06.50 *Redningstenesta, samfunnstryggjeleik og beredskap* har utgiftene auka med drygt 0,3 mrd. kroner, frå drygt 3,5 mrd. kro-

ner til knapt 3,9 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 4,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 4,4 prosent. Det meste av auken kjem av løyvingar til Nødnett.

Under programkategori 06.60 *Andre verksemdar* har utgiftene auka med knapt 0,2 mrd. kroner, frå knapt 1,3 mrd. kroner til drygt 1,4 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 20,1 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 6,7 prosent. Svingingar i rekneskapstala mellom åra kjem av variasjonar i særskilde straffesaksutgifter. Nedgangen frå 2014 til 2015 kjem mellom anna av at straffesaksutgiftene var særskild høge i 2014. Dei høge asylankomstene i 2015 er venta å medføre auka utgifter til representantordninga for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Desse utgiftene kjem fyrst i 2016.

Under programkategori 06.70 *Fri rettshjelp, erstatningar, konfliktråd m.m.* har utgiftene minka med 0,1 mrd. kroner, frå 1,6 mrd. kroner til 1,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 2,7 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 10,9 prosent. Nedgangen har samanheng med at det er utbetalt mindre til fri rettshjelp og til Stortingets rettferdsvederlagsordning.

Programkategori 06.80 *Svalbardbudsjettet* syner netto utgifter på 262 mill. kroner for 2015. Tilskotet til svalbardbudsjettet kjem fram av kapittel 480, post 50 i statsrekneskapen og utgjer eit netto tilskot, som òg inneheld skatteinntekter til Svalbard. Skatteinntektene på Svalbard i 2015 vart noko høgare enn venta. Rekneskapstalet i 2014 vart påverka av ei enkeltstående skattesak. Sjå òg tabellane 5.1–5.3 i vedlegg 5 *Andre rekneskapar og spesifikasjonar*, der detaljar kring Svalbardrekneskapen er nærare spesifiserte.

Under programkategori 06.90 *Beskyttelse og innvandring* har utgiftene auka med 1,6 mrd. kroner, frå knapt 3,9 mrd. kroner til 5,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 0,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 41,9 prosent. Auka på utlendingsfeltet kjem i hovudsak av at det hausten 2015 kom svært mange asylsøkjjarar til Noreg. Til samanlikning kom det i 2014 om lag 11 500 asylsøkjjarar, medan det i 2015 kom drygt 31 000.

Frå 2016 vart programkategori 11.05 *Integrering og mangfald* overført frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet.

2.6 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Programområde 13 Kommunal, bustad og modernisering		(i mill. kr)			
Program- kategori ¹⁾		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
13.00	Administrasjon og fellestenester m.m.	1 942,4	1 933,2	1 887,3	1 952,5
13.25	Fylkesmannsembeta	1 657,2	1 791,2	1 718,5	1 755,2
13.30	Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning	3 252,4	3 392,2	4 384,9	4 480,1
13.40	Forvaltningsutvikling og IKT-politikk	396,3	435,1	399,8	394,6
13.45	Personvern	40,2	43,0	42,2	40,8
13.50	Distrikts- og regionalpolitikk	2 664,5	2 243,4	2 026,3	2 115,7
13.60	Samiske føremål	291,7	300,0	310,8	311,2
13.67	Nasjonale minoritetar	18,2	21,1	27,9	22,1
13.70	Rammeoverføringar til kommunesektoren m.m.	149 913,8	158 486,3	162 664,5	162 607,9
13.80	Bustad, bustadmiljø og bygg	7 053,6	4 835,5	5 039,6	4 781,2
13.90	Planlegging, byutvikling og geodata	732,8	942,7	835,3	848,9
Sum før lånetransaksjonar		167 963,2	174 423,8	179 337,2	179 310,1
Lånetransaksjonar		16 499,1	17 467,7	18 486,0	17 870,8
Sum Kommunal- og moderniseringsdepartementet		184 462,3	191 891,5	197 823,2	197 180,9

¹⁾ For ei oversikt over samansetjinga av programkategoriar ved samanslåinga av Kommunal- og regionaldepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet frå 2014, sjå omtale i Meld. St. 3 (2014–2015).

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 27,1 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 1 154,9 mill. kroner, frå 179 337,2 mill. kroner til 180 492,1 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 1 182,0 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 178,9 mill. kroner. Det er overført til saman 1 310,1 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 615,2 mill. kroner. Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 13 *Kommunal, bustad og modernisering* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 11,3 mrd. kroner, frå 168,0 mrd. kroner til 179,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 3,8 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 2,8 prosent.

Under programkategori 13.25 *Fylkesmannsembetene* har utgiftene auka med 0,1 mrd. kroner, frå knapt 1,7 mrd. kroner til knapt 1,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 8,1 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 2,0 prosent. Auken frå 2013 til 2014 kjem av at fylkesmannsembeta har fått eit fast løns- og driftsansvar for den einskilte nasjonalpark-/ verneområdeforvaltar. Midlar til dette vart overført frå kapittel 1420 Miljøverndirektoratet. Årsaka til nedgangen frå 2014 til 2015 er i hovudsak innføring av ordninga med netto meirverdiavgift i staten og avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

Under programkategori 13.30 *Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning* har utgiftene auka med 1,2 mrd. kroner, frå 3,3 mrd. kroner til 4,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 4,3 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 32,1 prosent. Auken frå 2013 til 2015 er i hovudsak knytt til igangsetjing og vidareføring av byggeprosjekt, mellom anna den store utbygginga på Campus Ås.

Under programkategori 13.40 *Forvaltningsutvikling og IKT-politikk* har utgiftene lege rundt 0,4 mrd. kroner over treårsperioden. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 9,8 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 9,3 prosent. Auken frå 2013 til 2014 kjem mellom anna av auka løyvingar til utvik-

ling og drift av ein sams infrastruktur for elektronisk ID og sikker digital post, styrking av IKT-tryggleiken i statleg sektor og etablering av ein tilsynsfunksjon for universell utforming av IKT-løysingar i Direktoratet for forvaltning og IKT. Nedgangen frå 2014 til 2015 kjem mellom anna av at e-handelssatsinga i si noverande form vart avslutta i 2014, og at delar av utgiftene til etablering av sikker digital post fyrst kjem til utbetaling i 2016.

Under programkategori 13.50 *Distrikts- og regionalpolitikk* har utgiftene minka med drygt 0,5 mrd. kroner, frå knapt 2,7 mrd. kroner til 2,1 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 15,8 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 5,7 prosent. Nedgangen frå 2013 til 2015 kjem av at midlar frå programkategori 13.50 er omprioriterte for å gje rom for auka løyvingar til fysisk infrastruktur, mellom anna vedlikehald av fylkesvegar, vekstfremmande skattelettar og forskning.

Under programkategori 13.70 *Rammeoverføringer til kommunesektoren m.m.* har utgiftene auka med 12,7 mrd. kroner, frå 149,9 mrd. kroner til 162,6 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 5,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 2,6 prosent. Utgiftene under denne programkategorien må sjåast i samanheng med det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren i statsbudsjettet. Auken frå 2013 til 2015 heng saman med den generelle styrkinga av dei frie inntektene.

Under programkategori 13.80 *Bustad, bustadmiljø og bygg* har utgiftene minka med 2,3 mrd. kroner, frå knapt 7,1 mrd. kroner til 4,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 31,4 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 1,1 prosent. Nedgangen frå 2013 til 2014 kjem av at fleire tilskot vart flytta til dei departementa som har det faglege ansvaret for ordningane. Dette gjeld løyvingane til rentekompensasjon for skule-, symjeanlegg og kyrkjebygg og løyvingane til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. Ordningane vart overførte til høvesvis Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Nedgangen frå 2014 til 2015 kjem av at tilsegn på tilskotsordningar i Husbanken vert utbetalte seinare enn det som var lagt til grunn i budsjetteringa.

Under programkategori 13.90 *Planlegging, byutvikling og geodata* har utgiftene auka med 0,1 mrd. kroner, frå 0,7 mrd. kroner til drygt 0,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 28,6 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 10,0 prosent. Auken frå 2013 til 2014 kjem i hovudsak av auka løyving til elektronisk tinglysing og overføring av midlar frå det tidlegare Miljøverndepar-

tementet i samband med overføring av Planavdelinga til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Nedgangen frå 2014 til 2015 kjem mellom anna av at programmet *Framtidas Byer* vert avslutta, og av flytting av løyvingar frå programkategorien til ein felles post for departementet.

Lånetransaksjonane syner ein auke på 1,4 mrd. kroner frå 16,5 mrd. kroner til 17,9 mrd. kroner. Det var ein auke på 5,9 prosent frå 2013 til 2014 og ein auke på 2,3 prosent frå 2014 til 2015. Auken frå 2013 til 2014 kjem mellom anna av innfasing av auka låneramme i Husbanken i 2011, 2012 og 2013. Nedgangen frå 2014 til 2015 kjem av lågare

låneramme i 2014 og 2015 enn i 2013. Heile låneramma til Husbanken vart disponert i 2014 og 2015. Sjå òg kapittel 2.17, der detaljar kring utlåna frå Husbanken er nærare spesifiserte.

2.7 Arbeids- og sosialdepartementet

Arbeids- og sosialdepartementet har ansvaret for tre budsjettområde: programområde 09 *Arbeid og sosiale føremål*, programområde 29 *Sosiale føremål, folketrygda* og programområde 33 *Arbeidsliv, folketrygda*.

Programområde 09 Arbeid og sosiale føremål		(i mill. kr)			
Program- kategori		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
09.00	Administrasjon	419,1	421,1	435,2	429,1
09.10	Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken	12 227,2	12 694,4	11 975,7	12 290,9
09.20	Tiltak for betra levkår m.m.	298,2	324,2	326,2	337,6
09.30	Arbeidsmarknad	7 403,2	7 280,6	7 727,1	7 783,5
09.40	Arbeidsmiljø og tryggleik	890,5	1 520,5	975,5	980,8
09.50	Pensjonar mv. under Statens pensjonskasse	10 202,4	10 433,3	11 274,6	11 318,1
09.60	Kontantyttingar	2 938,0	2 599,5	2 389,0	2 384,0
Sum før lånetransaksjonar		34 378,5	35 273,6	35 103,3	35 523,9
Lånetransaksjonar		36 358,5	27 245,9	8 400,0	7 844,0
Sum Arbeid og sosiale føremål		70 737,0	62 519,5	43 503,3	43 367,8
Programområde 29 Sosiale føremål, folketrygda					
29.20	Einslege forsørgjarar	3 744,5	3 683,0	3 689,2	3 665,6
29.50	Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik	134 832,3	137 741,3	151 301,7	151 186,3
29.60	Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m.	8 590,3	9 016,3	9 158,0	9 119,7
29.70	Alderdom	164 602,1	179 196,6	190 635,0	190 563,4
29.80	Forsørgjartap m.m.	2 627,5	2 468,6	2 416,6	2 422,6
Sum før lånetransaksjonar		314 396,7	332 105,7	357 200,5	356 957,6
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Sosiale føremål, folketrygda		314 396,7	332 105,7	357 200,5	356 957,6
Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda					
33.30	Arbeidsliv	11 136,7	12 386,2	14 430,0	14 573,7
Sum før lånetransaksjonar		11 136,7	12 386,2	14 430,0	14 573,7
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Arbeidsliv, folketrygda		11 136,7	12 386,2	14 430,0	14 573,7
Sum Arbeids- og sosialdepartementet		396 270,4	407 011,5	415 133,8	414 899,2

Programområde 09 Arbeid og sosiale føremål*Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 420,6 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 912,5 mill. kroner, frå 35 103,3 mill. kroner til 36 015,8 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 491,9 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 4,9 mill. kroner. Det er overført til saman 410,8 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 556,0 mill. kroner.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 09 *Arbeid og sosiale føremål* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 1,1 mrd. kroner, frå 34,4 mrd. kroner til 35,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 2,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 0,7 prosent.

Under programkategori 09.10 *Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken* har utgiftene auka med 64 mill. kroner frå 2013 til 2015, frå 12,2 mrd. kroner til 12,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 3,8 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 3,2 prosent. Frå 2014 til 2015 minka utgiftene med om lag 0,4 mrd. kroner, trass i ein auke på same storleik som følge av pris- og lønsjustering på kap. 605, post 1 i 2015. Hovudgrunnen til at ein likevel har fått ein nedgang er nettoføring av standardrefusjonar (kap. 605, post 1), at overført beløp til 2014 var betydeleg høgare enn tilsvarende overføringar til dei to etterfølgjande åra (kap. 605, post 1) og nedgang i utgifter til IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten (kap. 604).

Under programkategori 09.30 *Arbeidsmarknad* har utgiftene auka med 0,4 mrd. kroner, frå 7,4 mrd. kroner til 7,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 1,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 6,9 prosent.

Auken frå 2014 til 2015 kjem mellom anna av at det er gjennomført fleire tiltaksplassar for arbeidsmarknadstiltak i 2015 enn i 2014.

Under programkategori 09.40 *Arbeidsmiljø og tryggleik* har utgiftene auka med 0,1 mrd. kroner, frå 0,9 mrd. kroner til 1,0 mrd. kroner. Frå 2013 til

2014 auka utgiftene med 70,7 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 35,8 prosent. Hovudgrunnen til endringa frå 2013 til 2014 var at det i 2014 vart gjeve ei løyving på 0,6 mrd. kroner, til å dekke utbetaling av tilleggskompensasjon til pionerdykkjarar i Nordsjøen. Endringa frå 2014 til 2015 kjem av at utbetalingane av tilleggskompensasjonen i hovudsak vart utført i 2014 og i byrjinga av 2015.

Under programkategori 09.50 *Pensjonar mv. under Statens pensjonskasse* har utgiftene auka med 1,1 mrd. kroner, frå 10,2 mrd. kroner til 11,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 2,3 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 8,5 prosent.

Under programkategorien utgiftsfører ein mellom anna statens netto pensjonsutbetalingar gjennom Statens pensjonskasse (SPK). For statlege verksemdar som betaler pensjonspremie til SPK, vert premien inntektsført under programkategorien. Auken frå 2014 til 2015 kjem for ein stor del av at pensjonsutbetalingane auka meir enn pensjonspremieinntektene i 2015.

Brutto utlån for bustadlånsordninga (lånetransaksjonar) på kapittel 614 er redusert frå 36,4 mrd. kroner i 2013 til 7,8 mrd. kroner i 2015. Nedgangen kjem av lågare etterspurnad etter lån. Samla utlån for bustadlånsordninga er redusert fordi avdrag og innfriing av gamle lån overstig brutto utlån. Samla utlån i bustadlånsordninga per 31.12.2015 er 74,8 mrd. kroner. Sjå òg kapittel 2.17 der detaljar kring utlåna frå bustadlånsordninga i SPK er nærare spesifiserte.

Under programkategori 09.60 *Kontantyttingar* har utgiftene minka med knapt 0,6 mrd. kroner, frå drygt 2,9 mrd. kroner til knapt 2,4 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 11,5 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 8,3 prosent.

Programkategorien omfattar avtalefesta pensjon (AFP), krigspensjon, pensjonstrygda for sjømenn og supplerande stønad til personar over 67 år. Nedgangen frå 2014 til 2015 kjem i hovudsak av at utgiftene til AFP har minka.

Programområde 29 Sosiale føremål, folketrygda*Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 242,9 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 168,5 mill. kroner, frå 357 200,5 mill. kroner til 357 369,0 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på

411,4 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

Det er ikkje meirinntekter knytte til programområdet, sidan det stort sett inneheld overslagsløyvingar på tilskotspostar. Det er overført til saman 129 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 29 *Sosiale føremål, folketrygda* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 42,6 mrd. kroner, frå 314,4 mrd. kroner til 357,0 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 5,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 7,5 prosent.

Under programkategori 29.50 *Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik* har utgiftene auka med 16,4 mrd. kroner, frå 134,8 mrd. kroner til 151,2 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 2,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 9,8 prosent.

Utgiftene til sjukepengar for arbeidstakarar var på 35,3 mrd. kroner i 2015, ein auke på 2,9 mrd. kroner frå 2013. Utgiftene til arbeidsavklaringspengar var på 34,3 mrd. kroner i 2015, ein nedgang på 1,4 mrd. kroner frå 2013. Utgiftene til uføretrygd var på 76,5 mrd. kroner i 2015, ein auke på 14,8 mrd. kroner frå 2013.

Talet på sjukedagar som folketrygda har betalt for, er om lag uendra frå 2014 til 2015, medan betalinga for kvar sjukedag har auka. Talet på sjukepengedagar per sysselsett arbeidstakar som folketrygda har betalt for (korrigert for sjukepengegrad), var òg uendra frå 2014 til 2015, og låg på eit gjennomsnitt på 9,0 arbeidsdagar bår år.

Per desember 2013 var det 163 200 mottakarar av arbeidsavklaringspengar. Ved utgangen av 2014 var talet på mottakarar gått ned til 151 300. Nedgangen heldt fram i 2015. Per desember 2015 var det 148 500 mottakarar av arbeidsavklaringspengar. Hovudgrunnen til nedgangen i utgifter til arbeidsavklaringspengar er færre mottakarar. Samstundes har utbetalinga per mottakar auka grunna regulering av grunnbeløpet i folketrygda.

Talet på uføretrygda har auka frå 305 900 ved utgangen av 2013 til 311 900 ved utgangen av 2014. Ved utgangen av 2015 har talet på uføretrygda auka til 314 700. Viktige grunnar til auken i

2014 og i 2015 er at mange mottakarar av arbeidsavklaringspengar nådde maksimal varigheit i ordninga og at ein stor del av desse gjekk over til uføretrygd. Størstedelen av auken i utgiftene i 2015 kjem av at uføretrygda før skatt er auka for å tilpasse utbetalinga til dei nye skattereglane i samband med uføreforma.

Under programkategori 29.70 *Alderdømd* har utgiftene auka med 26,0 mrd. kroner, frå 164,6 mrd. kroner til 190,6 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 8,9 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 6,3 prosent.

Auken frå 2013 til 2014 målt i fast grunnbeløp var på 5,0 prosent, medan auken frå 2014 til 2015 var på 3,8 prosent. Grunnen til auken er i hovudsak at det vart fleire alderspensjonistar. Mesteparten av auken skjedde blant pensjonistar i aldersgruppa 67 år og over.

Ein del av auken frå 2013 til 2015 kjem av at det vart høve til å starte uttak av alderspensjon frå 62 år frå 1. januar 2011. I 2013 var gjennomsnittleg tal på mottakarar mellom 62 og 66 år om lag 65 000, i 2014 var det om lag 77 000 og i 2015 var det om lag 86 000. Gjennomsnittleg tal på alderspensjonistar var om lag 781 500 i 2013, om lag 820 000 i 2014 og om lag 854 000 i 2015.

Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap syner ei meirutgift på 143,7 mill. kroner av ei samla løyving på 14,5 mrd. kroner. Det er ikkje meirinntekter knytte til programområdet, sidan det berre inneheld overslagsløyvingar på tilskotspostar.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 33 *Arbeidsliv, folketrygda* har utgiftene auka med drygt 3,4 mrd. kroner, frå 11,1 mrd. kroner til 14,6 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 11,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 17,7 prosent.

Endringa for programkategori 33.30 kjem for det meste av at utgiftene til dagpengar har auka som følgje av fleire arbeidsledige med rett til dagpengar.

2.8 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: programområde 10 *Helse og*

omsorg og programområde 30 *Stønad ved helsetenester*.

Programområde 10 Helse og omsorg				(i mill. kr)	
Program-kategori		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
10.00	Helse- og omsorgsdepartementet m.m.	314,5	658,7	710,1	715,4
10.10	Folkehelse	1 902,5	2 089,9	1 920,7	2 130,6
10.20	Helseforvaltning	2 097,9	2 065,5	1 942,7	2 049,8
10.30	Spesialisthelsetenester	112 334,0	118 812,4	134 237,8	134 271,4
10.50	Legemiddel	320,1	333,2	316,6	319,6
10.60	Helse- og omsorgstenester i kommunane	3 659,1	6 440,2	7 420,8	7 495,9
10.70	Tannhelse	164,6	203,2	231,6	235,2
10.80	Kunnskap og kompetanse	750,4	709,4	756,2	718,3
Sum før lånetransaksjonar		121 543,2	131 312,4	147 536,5	147 936,2
Lånetransaksjonar		1,5	0,7	0,0	0,0
Sum Helse og omsorg		121 544,7	131 313,1	147 536,5	147 936,2
Programområde 30 Stønad ved helsetenester					
30.10	Spesialisthelsetenester m.m.	4 327,0	4 842,2	5 206,0	5 185,1
30.50	Legehjelp, legemiddel m.m. ¹⁾	20 833,1	22 024,2	24 074,1	24 174,8
30.90	Andre helsetiltak	197,3	190,3	185,0	185,9
Sum før lånetransaksjonar		25 357,4	27 056,7	29 465,1	29 545,8
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Stønad ved helsetenester		25 357,4	27 056,7	29 465,1	29 545,8
Sum Helse- og omsorgsdepartementet		146 902,1	158 369,8	177 001,6	177 482,0

¹⁾ Tidlegare programkategori 29.90 Diverse utgifter under Arbeids- og sosialdepartementet vart frå 2014 flytta til programkategori 30.50 Legehjelp, legemiddel m.m. under Helse- og omsorgsdepartementet. Samanliknbare tal for 2013 er reklassifiserte med 480,6 mill. kroner.

Programområde 10 Helse og omsorg

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 399,7 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 368,2 mill. kroner, frå 147 536,5 mill. kroner til 147 904,7 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei meirutgift på 31,5 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 310,4 mill. kroner. Det er overført til saman 223,0 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 10 *Helse og omsorg* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 26,4 mrd. kroner, frå 121,5 mrd. kroner til 147,9 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 8,0 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 12,7 prosent.

Under programkategori 10.00 *Helse- og omsorgsdepartementet m.m.* har utgiftene auka med 0,4 mrd. kroner, frå 0,3 mrd. kroner til 0,7 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 109,4 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 8,6 prosent. Auken frå 2013 til 2014 kjem i hovudsak av større løyvingar til elektronisk samhandling, og at desse løyvingane for 2014 vart flytta frå programkategoriane 10.20 og 10.80. Auken frå 2014 til 2015 kjem i hovudsak av større løyvingar

til elektronisk samhandling og auka EU-kontingentar.

Under programkategori 10.10 *Folkehelse* har utgiftene auka med 0,2 mrd. kroner, frå 1,9 mrd. kroner til 2,1 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 9,8 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 1,9 prosent. Avviket mellom budsjett og rekneskap kjem mellom anna av meirutgifter som følgje av opptente meirinntekter, jf. særskilde fullmakter.

Under programkategori 10.20 *Helseforvaltning* har utgiftene minka med 48 mill. kroner, frå 2,1 mrd. kroner til 2,05 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 1,5 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 0,8 prosent. Nedgangen frå 2014 til 2015 kjem mellom anna av ein nedgang i erstatningsutbetalingar til vaksineskadar gjennom NPE.

Under programkategori 10.30 *Spesialisthelsetenester* har utgiftene auka med drygt 21,9 mrd. kroner, frå drygt 112,3 mrd. kroner til knapt 134,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 5,8 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 13,0 prosent. Auken frå 2014 til 2015 kjem mellom anna av vekst i pasientbehandlinga, auka pensjonskostnader og avvikling av kommunal medfinansiering. Den siste innebar at midlar vart overførte frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Under programkategori 10.60 *Helse- og omsorgstenester i kommunane* har utgiftene auka med 3,8 mrd. kroner, frå 3,7 mrd. kroner til 7,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 76,0 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 16,4 prosent. Årsaka til auken frå 2013 til 2014 er særleg at tilskotspostane for investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar og kompensasjon for renter og avdrag for bygging av sjukeheimar og omsorgsbustadar vart flytta frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Årsaka til auken frå 2014 til 2015 er hovudsakleg større løyvingar til tiltak innanfor Omsorgsplan 2015, psykisk helse, rusfeltet og oppfølging av samhandlingsreforma. Mellom anna er 100 mill. kroner av auken knytte til rusarbeid i kommunane.

Under programkategori 10.70 *Tannhelse* har utgiftene auka med 71 mill. kroner, frå 165 mill.

kroner til 235 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 23,4 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 15,8 prosent. Auken kjem mellom anna av større løyvingar for å styrke innsatsen på tannhelsefeltet og for å heve kompetansen i tannhelsesektoren. 22 mill. kroner av auken frå 2014 til 2015 er omdisponeringar frå stønadsordningane i folketrygda, og utgiftene under programkategori 30.10 har difor minka tilsvarende.

Programområde 30 Stønad ved helsetenester

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 80,7 mill. kroner av ei samla løyving på 29,5 mrd. kroner. Det er ikkje meirinntekter eller overføringar knytte til programområdet, sidan det berre inneheld løyvingar på tilskotspostar.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 30 *Stønad ved helsetenester* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 4,2 mrd. kroner, frå 25,4 mrd. kroner til 29,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 6,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 9,2 prosent.

Under programkategori 30.10 *Spesialisthelsetenester m.m.* har utgiftene auka med knapt 0,9 mrd. kroner, frå 4,3 mrd. kroner til 5,2 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 11,9 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 7,1 prosent. Auken frå 2014 til 2015 kjem mellom anna av vekst i utgifter til spesialisthjelp, tannbehandling og laboratorie- og røntgenundersøkingar.

Under programkategori 30.50 *Legehjelp, legemiddel m.m.* har utgiftene auka med drygt 3,3 mrd. kroner, frå drygt 20,8 mrd. kroner til knapt 24,2 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 5,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 9,8 prosent. Auken kjem særleg av at folketrygda har fått høgare utgifter til legemiddel. Det er òg ein auke i utgiftene til refusjonar til allmennlegar og fysioterapeutar.

2.9 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: program-

område 11 *Barn, likestilling og inkludering* og programområde 28 *Foreldrepengar, folketrygda*.

Programområde 11 Barn, likestilling og inkludering				(i mill. kr)
Program-kategori	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
11.00 Administrasjon	171,9	177,2	174,7	173,8
11.05 Integrering og mangfald ¹⁾	7 571,2	8 346,1	9 997,8	9 800,6
11.10 Tiltak for familie, likestilling og ikkje-diskriminering	17 275,8	17 389,9	17 683,9	17 710,6
11.20 Tiltak for barn og ungdom	9 404,2	8 710,7	9 689,0	9 343,8
11.30 Forbrukarpolitikk	202,9	200,6	220,5	223,4
Sum før lånetransaksjonar	34 626,0	34 824,6	37 765,9	37 252,2
Lånetransaksjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Barn, likestilling og inkludering	34 626,0	34 824,6	37 765,9	37 252,2
Programområde 28 Foreldrepengar, folketrygda				
28.50 Stønad ved fødsel og adopsjon	17 107,5	18 289,3	19 458,0	19 303,6
Sum før lånetransaksjonar	17 107,5	18 289,3	19 458,0	19 303,6
Lånetransaksjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Foreldrepengar, folketrygda	17 107,5	18 289,3	19 458,0	19 303,6
Sum Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	51 733,5	53 114,0	57 223,9	56 555,8

¹⁾ Frå 2016 vart programkategori 11.05 *Integrering og mangfald* overført frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet.

Programområde 11 Barn, likestilling og inkludering

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 513,7 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 146,1 mill. kroner, frå 37 765,9 mill. kroner til 37 912,0 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 659,8 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det mindreinntekter på 14,1 mill. kroner. Det er overført til saman 143,4 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 11 *Barn, likestilling og inkludering* har utgiftene før lånetransaksjonar auka

nominelt med 2,6 mrd. kroner, frå 34,6 mrd. kroner til 37,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 0,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 7,0 prosent.

Det meste av auken i perioden kjem frå programkategoriane 11.05 *Integrering og mangfald* og 11.20 *Tiltak for barn og ungdom*.

Under programkategori 11.05 *Integrering og mangfald* har utgiftene auka med 2,2 mrd. kroner, frå 7,6 mrd. kroner til 9,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 10,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 17,4 prosent. Hovudgrunnen er auke i talet på busette flyktningar som utløyser integreringstilskot til kommunane.

Under programkategori 11.10 *Tiltak for familie, likestilling og ikkje-diskriminering* har utgiftene auka med 0,4 mrd. kroner, frå 17,3 mrd. kroner til 17,7 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 0,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 1,8 prosent. Hovudgrunnen til auken i utgifter frå 2013 til 2015 er auka utbetalingar av kontantstøtte.

Under programkategori 11.20 *Tiltak for barn og ungdom* har utgiftene minka med 0,1 mrd. kro-

ner, frå 9,4 mrd. kroner til 9,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 7,4 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 7,3 prosent. Hovuddelen av nedgangen frå 2013 til 2014 er ein nedgang i refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar. Dette heng saman med endringar i ordninga frå 2014. Om lag halvparten av auken frå 2014 til 2015 kjem av den store auken i einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar. Det har òg vore ein auke i utgiftene til kommunalt og statleg barnevern.

Programområde 28 Foreldrepengar, folketrygda

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap for lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 154,4 mill. kroner av ei samla løyving på 19,5 mrd. kroner. Det er ikkje meirinntekter, refusjonar eller overføringar knytte til programområdet, sidan det berre inneheld overslagsløyvingar på tilskotspostar.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

Under programkategori 28.50 *Stønad ved fødsel og adopsjon* har utgiftene auka med 2,2 mrd. kroner, frå 17,1 mrd. kroner til 19,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 6,9 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 5,5 prosent.

Dei viktigaste grunnane er at fleire mødrer enn før har rett til foreldrepengar ved fødsel, at stønadsmottakarane har fått høgare inntekt, og at lengda på foreldrepengeperioden og fedrekvoten vart auka med to veker frå 1. juli 2013. Endringa frå 1. juli 2013 fekk fyrst full verknad i 2015.

2.10 Nærings- og fiskeridepartementet

Nærings- og fiskeridepartementet har ansvar for programområde 17 *Nærings- og fiskeriføremål*. I tillegg har departementet ansvar for programkategori 33.40 *Arbeidsliv, folketrygda*.

Programområde 17 Nærings- og fiskeriføremål		(i mill. kr)			
Programkategori ¹⁾		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
17.10	Forvaltning og rammevilkår ^{2) 3)}	4 157,1	4 420,9	4 610,4	4 178,0
17.20	Forsking og innovasjon ^{3) 4)}	5 837,8	6 726,3	6 905,9	7 316,5
17.30	Marknadsadgang og eksport ⁴⁾	605,8	504,0	111,3	115,5
17.40	Statleg eigarskap ⁵⁾	39,7	116,7	555,0	541,9
Sum før lånetransaksjonar		10 640,4	11 767,8	12 182,6	12 151,8
Lånetransaksjonar		71 458,7	75 307,2	65 225,4	62 793,4
Sum Nærings- og fiskeriføremål		82 099,1	87 075,0	77 408,0	74 945,2

¹⁾ Det er i samband med 2015-budsjettet gjort ei rydding og omsortering i programkategoriane under NFD, etter samanslåinga av Nærings- og handelsdepartementet og Fiskeridepartementet frå 2014. Det er difor gjennomført ei omgruppering av tala for 2013 og 2014 for å syne eit konsistent samanlikningsgrunnlag mellom åra. Sjå fotnotar under for nærare spesifisering. Sjå òg omtale i Meld. St. 3 (2014–2015) for ei oversikt over samansetjinga av programkategoriar ved samanslåinga av departementa i 2014.

²⁾ Tidlegare programkategori 17.00 *Administrasjon* er frå 2015 lagt inn i kategorien 17.10. Programkategorien har samstundes skifta namn til *Forvaltning og rammevilkår*.

³⁾ Patentstyret (kap. 901) og Klagenemnda for industrielle rettar (kap. 914) er frå 2015 flytta frå programkategori 17.10 til 17.20.

⁴⁾ Internasjonaliseringstiltak (kap. 934) og Eksportkreditt Norge AS (kap. 2429) er flytta frå programkategori 17.20 til 17.30. Sistnemnde programkategori har samstundes skifta namn til *Marknadsadgang og eksport*.

⁵⁾ Programkategorien *Statleg eigarskap* har skifta kategorinummer frå 17.30 til 17.40.

Programområde 33 Arbeidsliv, Folketrygda					
33.40	Arbeidsliv	102,0	90,0	90,0	80,0
Sum før lånetransaksjonar		102,0	90,0	90,0	80,0
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Arbeidsliv, Folketrygda		102,0	90,0	90,0	80,0
Sum Nærings- og fiskeridepartementet		82 201,1	87 165,0	77 498,0	75 025,2

Programområde 17 Nærings- og fiskeriføremål*Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 30,8 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 1 366,8 mill. kroner, frå 12 182,6 mill. kroner til 13 549,4 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 1 397,6 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 41,7 mill. kroner. Det er overført til saman 907,2 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 2 432,0 mill. kroner.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 17 *Nærings- og fiskeriføremål* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 1,5 mrd. kroner, frå 10,6 mrd. kroner til 12,2 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 10,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 3,3 prosent.

Under programkategori 17.10 *Forvaltning og rammevilkår* har utgiftene auka med 21 mill. kroner, frå 4 157 mill. kroner til 4 178 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 6,3 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 5,5 prosent. Nedgangen frå 2014 til 2015 har mellom anna samband med meirverdiavgiftsreforma i staten der utgiftene til betaling av meirverdiavgift er trekt ut frå driftsløyvingane til etatane.

Under programkategori 17.20 *Forsking og innovasjon* har utgiftene auka med 1,5 mrd. kroner, frå 5,8 mrd. kroner til 7,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 15,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 8,8 prosent. Hovudgrunnen til auken frå 2014 til 2015 er auka løyving til Noregs forskingsråd og auka rammer og utbetalingar frå Innovasjon Noreg.

Under programkategori 17.30 *Marknadsadgang og eksport* har utgiftene minka med 0,5 mrd. kroner, frå 0,6 mrd. kroner til 0,1 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 16,8 prosent, og

frå 2014 til 2015 minka dei med 77,1 prosent. Nedgangen kjem i hovudsak av at det ikkje er utbetalt tilskot under ordninga med støtte til kapitalvareeksport, den såkalla 108-ordninga. Dette følgjer av ei usemje mellom Eksportfinans ASA, som forvaltar ordninga, og Nærings- og fiskeridepartementet.

Under programkategori 17.40 *Statleg eigarskap* har utgiftene auka med 0,5 mrd. kroner, frå 40 mill. kroner til 542 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 193,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 364,5 prosent. Auken frå 2014 til 2015 har samband med at det vart løyva 295 mill. til kjøp av eigedom frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS og 205 mill. kroner til tapsavsetjing for lån til same selskap.

Utgiftene under *Lånetransaksjonar* viste ein auke frå 2013 til 2014 på 3,8 mrd. kroner som mellom anna kom av tilførsel av 5 mrd. kroner i eige-kapital til Statkraft SF i 2014. Frå 2014 til 2015 er det ein nedgang på om lag 12,5 mrd. kroner som mellom anna kjem av at utlåna under eksportkredittordninga vart drygt 7 mrd. kroner lågare i 2015 enn i 2014. Sjå òg kapittel 2.17, der detaljar kring utlåna frå Innovasjon Noreg og Eksportkreditt Noreg AS er nærare spesifiserte.

Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda*Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 10,0 mill. kroner av ei samla løyving på 90 mill. kroner. Det er ikkje meirinntekter eller overføringar knytte til programområdet, sidan området berre omfattar ein tilskotspost.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 33 *Arbeidsliv, folketrygda* har utgiftene før lånetransaksjonar minka med 22 mill. kroner, frå 102 mill. kroner til 80 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 11,8 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 11,1 prosent, som følgje av lågare behov.

Utgiftene gjeld arbeidsløystønad til fiskarar og fangstmenn, og løyvinga er ei overslagsløyving. Stønaden vert finansiert innanfor det beløpet som fiskarar betaler i produktavgift ved fyrstehandsomsetjing av fisk og fiskevarer.

2.11 Landbruks- og matdepartementet

Programområde 15 Landbruk og mat		(i mill. kr)			
Program- kategori ¹⁾		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
15.00	Administrasjon m.m.	155,7	156,1	220,1	186,8
15.10	Matpolitikk	1 452,3	1 459,2	1 349,5	1 316,6
15.20	Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling	427,4	438,5	561,8	561,8
15.30	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	15 170,6	15 405,4	15 325,0	15 430,7
Sum før lånetransaksjonar		17 206,0	17 459,2	17 456,3	17 495,8
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Landbruks- og matdepartementet		17 206,0	17 459,2	17 456,3	17 495,8

¹⁾ I samband med opprettinga av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) frå 1.7.2015, er det gjort omklassifiseringar i budsjettet for 2015, jf. Prop. 119 S (2014–2015). Dette har verknad for samanlikninga av rekneskapstal på dei ulike programkategoriane i 2015 med rekneskapstal for tidlegare år. NIBIO er ei samanslåing av dei tidlegare verksemdene Bioforsk, Norsk institutt for skog og landskap og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning. Sjå omtale nedanfor.

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 39,5 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 273,5 mill. kroner, frå 17 456,3 mill. kroner til 17 729,8 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 234,0 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 17,9 mill. kroner. Det er overført til saman 346,8 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 15 *Landbruk og mat* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 0,3 mrd. kroner, frå 17,2 mrd. kroner til 17,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 1,5 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 0,2 prosent.

Under programkategori 15.00 *Administrasjon m.m.* har utgiftene auka med 31 mill. kroner, frå 156 mill. kroner til 187 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 0,3 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 19,6 prosent. Midlane har gått til drift av Landbruks- og matdepartementet og utgifter i tilknytning til departementet si eigedomsmasse. Auken i 2015 er knytt til sal av eigedom, jf. vedtak i saldert budsjett om sal av eigedom og meirinntektsfullmakt for Landbruks- og matdepartementet.

Under programkategori 15.10 *Matpolitikk* har utgiftene minka med 136 mill. kroner, frå 1 452 mill. kroner til 1 317 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 0,5 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 9,8 prosent. Midlane har gått til kunnskapsutvikling og til drift av Mattilsynet. Nedgangen er knytt til ei teknisk flytting av midlar til programkategori 15.20 i samband med opprettinga av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO).

Under programkategori 15.20 *Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling* har utgiftene auka med 134 mill. kroner, frå 427 mill. kroner til 562 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 2,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 28,1 prosent. Midlane har gått til forsking, innovasjon, basisløyvingar og kunnskapsutvikling. Auken i 2015 er knytt til ei teknisk flytting av midlar frå programkategoriane 15.10 og 15.30 i samband med opprettinga NIBIO.

Under programkategori 15.30 *Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak* har utgiftene auka med knapt 0,3 mrd. kroner, frå knapt 15,2 mrd. kroner til drygt 15,4 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 1,5 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 0,2 prosent. Den største delen, om lag 14,5 mrd. kroner, er løyvingar til næringsavtalane for landbruk og reindrift. Resten av midlane er fordelte mellom driftsmidlar og midlar til ulike tilskotsordningar utanfor næringsavtalene. Kunnskapsutviklingsmidlane under kap. 1141 vart frå 1.7.2015 flytta til programkategori 15.20 i samband med opprettinga av NIBIO.

2.12 Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: programområde 21 *Innanlands*

transport og programområde 22 *Post og telekommunikasjonar*.

Programområde 21 Innanlands transport				(i mill. kr)
Program-kategori	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
21.10 Administrasjon m.m.	449,5	530,5	513,2	520,2
21.20 Luftfartsføremål	932,8	960,3	1 003,0	1 021,7
21.30 Vegføremål	22 285,1	25 004,4	27 107,4	26 660,1
21.40 Særskilde transporttiltak	1 557,4	1 832,8	2 147,9	2 104,8
21.50 Jernbaneføremål	15 041,9	18 862,1	21 385,3	20 411,7
21.60 Kystforvaltning	2 747,7	2 818,8	2 723,4	2 572,2
Sum før lånetransaksjonar	43 014,4	50 008,9	54 880,2	53 290,8
Lånetransaksjonar	10 030,0	20 000,0	40 000,0	40 000,1
Sum Innanlands transport	53 044,4	70 008,9	94 880,2	93 290,9
Programområde 22 Post og telekommunikasjonar				
22.10 Post og telekommunikasjonar	682,9	646,5	787,6	772,1
Sum før lånetransaksjonar	682,9	646,5	787,6	772,1
Lånetransaksjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Post og telekommunikasjonar	682,9	646,5	787,6	772,1
Sum Samferdselsdepartementet	53 727,3	70 655,4	95 667,8	94 063,0

Programområde 21 Innanlands transport

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 1 589,4 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 1 562,8 mill. kroner, frå 54 880,2 mill. kroner til 56 443,0 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 3 152,2 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 267,0 mill. kroner. Det er overført til saman 3 394,9 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege drifts-postar.

Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 0,1 mill. kroner. Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 21 *Innanlands transport* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 10,3 mrd. kroner, frå 43,0 mrd. kroner til 53,3

mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 16,3 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 6,6 prosent. Hovudårsaka til auken er at løyvingane under programkategori 21.30 *Vegføremål* og programkategori 21.50 *Jernbaneføremål* har auka i heile perioden. Dette heng saman med oppfølginga av Nasjonal transportplan.

Under programkategori 21.10 *Administrasjon m.m.* har utgiftene auka med 71 mill. kroner, frå 450 mill. kroner til 520 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 18,0 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 1,9 prosent. Auken frå 2013 til 2014 heng saman med at Samferdselsdepartementet frå 1. januar 2014 fekk ansvaret for kystforvaltninga og samstundes fekk overført tilsette frå Fiskeri- og kystdepartementet. Nedgangen frå 2014 til 2015 heng mellom anna saman med at Transnova vart lagt ned frå 2015 og oppgåvene førte vidare i Enova.

Under programkategori 21.20 *Luftfartsføremål* har utgiftene auka med 89 mill. kroner, frå 933 mill. kroner til 1 022 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 2,9 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 6,4 prosent på grunn av auka utbetalingar til kjøp av innanlandske flyruter.

Under programkategori *21.30 Vegføremål* har utgiftene auka med 4,4 mrd. kroner, frå 22,3 mrd. kroner til 26,7 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 12,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 6,6 prosent. Aktivitetsnivået i sektoren har auka, og dei auka utgiftene gjeld drift og vedlikehald og riksveginvesteringar.

Under programkategori *21.40 Særskilde transporttiltak* har utgiftene auka med 0,5 mrd. kroner, frå 1,6 mrd. kroner til 2,1 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 17,7 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 14,8 prosent. Den største auken gjeld påskjønningssordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda, der utgiftene auka med 0,3 mrd. kroner frå 2014 til 2015.

Under programkategori *21.50 Jernbaneføremål* har utgiftene auka med 5,4 mrd. kroner, frå 15,0 mrd. kroner til 20,4 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 25,4 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 8,2 prosent. Auken gjeld både drift og vedlikehald og investeringar som Jernbaneverket har ansvaret for.

Under programkategori *21.60 Kystforvaltning* har utgiftene minka med knapt 0,2 mrd. kroner, frå drygt 2,7 mrd. kroner til knapt 2,6 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 2,6 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 8,7 prosent. Nedgangen gjeld både investeringar og vedlikehald. Vidare vart eit tilskot flytta til *21.20 Administrasjon*.

Lånetransaksjonar

I 2015 vart det løyvd 40 mrd. kroner som innskot av fondskapital i eit infrastrukturfond, og interimsselskapet Nye Veier AS vart oppretta med ein aksjekapital på 0,1 mill. kroner.

Programområde 22 Post og telekommunikasjonar

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 15,5 mill. kroner.

På programområdet er det ikkje inntektsført meirinntekter. Det er overført til saman 16,3 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast».

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 22 *Post og telekommunikasjonar* har utgiftene før lånetransaksjonar auka med 89 mill. kroner, frå 683 mill. kroner til 772 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 5,3 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 19,4 prosent.

Størstedelen av utgiftsendinga heng saman med endra behov for statleg kjøp av bedriftsøkonomisk ulønsame post- og banktenester frå Posten Norge AS.

2.13 Klima- og miljødepartementet

Programområde 12 Klima og miljø		(i mill. kr)			
Program- kategori ¹⁾		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
12.10	Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.	1 233,3	1 154,5	1 155,0	1 159,9
12.20	Klima, naturmangfald og forureining	2 632,8	2 926,7	3 089,0	3 131,9
12.30	Kulturminne og kulturmiljø	535,6	696,4	645,3	650,6
12.60	Nord- og polarområda	314,3	364,2	345,8	346,0
12.70	Internasjonalt klimaarbeid ²⁾	3 061,8	3 474,5	2 905,0	3 034,8
Sum før lånetransaksjonar		7 777,8	8 616,4	8 140,1	8 323,2
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum Klima- og miljødepartementet		7 777,8	8 616,4	8 140,1	8 323,2

¹⁾ For oversikt over endringar i programkategoriar under Klima- og miljødepartementet frå 2014, og omklassifisering av samanliknbare rekneskapstal for 2013, sjå omtale i Meld. St. 3 (2014–2015).

²⁾ Programkategori 12.70 *internasjonalt klimaarbeid* vart nyoppretta under KLD frå 2014. Samanliknbare tal for året 2013 er flytta frå programkategori 03.20 *Globale ordningar* under Utanriksdepartementet (UD) og frå programkategori 23.40 *Andre føremål* under Finansdepartementet (FIN). Flyttinga frå UD i 2013 gjeld kapittel 166, postane 01 og 73 (skogsatsinga) med 2 189,5 mill. kroner. Flyttinga frå FIN i 2013 på totalt 872,3 mill. kroner gjeld kapittel 1638, postane 21 og 22 (kjøp av klimakvotar) med 867,7 mill. kroner og kapittel 1600, post 01 med 4,6 mill. kroner. Sistnemnde beløp vart ikkje inkludert i 2013-tala i Meld. St. 3 (2014–2015).

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 183,1 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 546,7 mill. kroner, frå 8 140,1 mill. kroner til 8 686,8 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 363,6 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 19,7 mill. kroner. Det er overført til saman 245,7 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 12 *Klima og miljø* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 0,5 mrd. kroner, frå 7,8 mrd. kroner til 8,3 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 10,8 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 3,4 prosent. Hovudgrunnen til auken er omstruktureringa mellom departementa frå 2014.

Under programkategori 12.10 *Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.* har utgiftene minka med 73 mill. kroner, frå 1 233 mill. kroner til 1 160 mill. kroner. Frå

2013 til 2014 minka utgiftene med 6,4 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 0,5 prosent.

Under programkategori 12.20 *Klima, naturmangfald og forureining* har utgiftene auka med 0,5 mrd. kroner, frå 2,6 mrd. kroner til 3,1 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 11,2 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 7,0 prosent. Den viktigaste årsaka til auken er nær ei dobling av utbetalingar for CO₂-kompensasjon for industrien samanlikna med 2014. Det har òg vore ein stor auke i utbetalingane i samband med ein ny post som omfattar oppdrags- og gebyrrelatert verksemd.

Under programkategori 12.30 *Kulturminne og kulturmiljø* har utgiftene auka med 115 mill. kroner, frå 536 mill. kroner til 651 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 30,0 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 6,6 prosent. Nedgangen i utbetalingar på dette området kjem av at tiltak har teke lenger tid enn berekna.

Under programkategori 12.60 *Nord- og polarområda* har utgiftene auka med 32 mill. kroner, frå 314 mill. kroner til 346 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 15,9 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 5,0 prosent. Inntektene frå tenesteyting til eksterne prosjekt har vore høgare enn budsjettert. Samstundes har lågare aktivitet på andre område, mellom anna fartøyutleige, resultert i lågare utbetalingar enn i 2014.

Under programkategori 12.70 *Internasjonalt klimaarbeid* har utgiftene svinga noko, og syner over treårsperioden ein netto nedgang på 27 mill. kroner, frå 3 062 mill. kroner til 3 035 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 13,5 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 12,7 prosent.

Det har vore ein auke i utbetalingane til kvotekjøp i 2015 i høve til 2014. Utgiftsauken vert vege opp av ein større nedgang i utbetalingane til Klima- og skogsatsinga. Desse midlane vert utbetalt som eit resultat av internasjonale prosessar og tidspunkt for utbetalingane er ofte uvisst.

2.14 Finansdepartementet

Programområde 23 Finansadministrasjon			(i mill. kr)	
Program-kategori		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015 Rekneskap 2015
23.10	Finansadministrasjon	1 155,8	1 159,8	1 097,4 1 100,8
23.20	Skatte- og avgiftsadministrasjon ¹⁾	7 017,1	7 316,8	7 125,6 7 058,3
23.30	Offisiell statistikk	733,7	772,1	743,7 748,5
23.40	Andre føremål ^{1) 2)}	18 788,7	20 269,8	26 610,3 26 990,0
Sum før lånetransaksjonar		27 695,3	29 518,5	35 576,9 35 897,7
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0 0,0
Sum Finansdepartementet		27 695,3	29 518,5	35 576,9 35 897,7

¹⁾ Statens innkrevjingssentral (SI) vart i 2015 innlemma i Skatteetaten som er ein del av programkategori 23.20 *Skatte- og avgiftsadministrasjon*. SI inngjekk tidlegare i programkategori 23.40 *Andre føremål*. I tabellen er samanlikningstala for 2013 og 2014 omklassifiserte mellom programkategoriane med høvesvis 305,0 mill. kroner og 324,2 mill. kroner.

²⁾ Arbeid knytt til klimavotar vart i 2014 flytta frå programkategori 23.40 *Andre føremål* til programkategori 12.70 *Internasjonalt klimaarbeid* under Klima- og miljødepartementet. Rekneskapstal for 2013 er difor justerte ned med 872,3 mill. kroner for å syne samanliknbare tal. Dei omklassifiserte beløpa gjeld kjøp av klimavotar på kap. 1638, postane 21 og 22 (867,7 mill. kroner) og driftsutgifter på kap. 1600, post 01 (4,6 mill. kroner). Sistnemnde beløp vart ikkje inkludert i 2013-tala i Meld. St. 3 (2014–2015).

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 320,8 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 683,4 mill. kroner, frå 35 576,9 mill. kroner til 36 260,3 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 362,6 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det inntektsført meirinntekter på i alt 39,4 mill. kroner. Det er overført til saman 758,2 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 23 *Finansadministrasjon* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 8,2 mrd. kroner, frå 27,7 mrd. kroner til 35,9 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 6,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 21,6 prosent. Det meste av auken frå 2013 til 2014 gjeld

meirverdiavgiftskompensasjon til kommunesektoren, medan auken frå 2014 til 2015 for det meste kjem av den nye nettoordninga for rekneskapsføring av statleg betalt meirverdiavgift.

Under programkategori 23.10 *Finansadministrasjon* har utgiftene minka med 55 mill. kroner, frå 1 156 mill. kroner til 1 101 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 0,4 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 5,1 prosent. Nedgangen i 2015 var om lag lik verknaden av den nye nettoordninga for meirverdiavgift.

Under programkategori 23.20 *Skatte- og avgiftsadministrasjon* auka utgiftene med 41 mill. kroner frå drygt 7,0 mrd. kroner til knapt 7,1 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 4,3 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 3,5 prosent. Frå 2014 til 2015 minka utgiftene med 258 mill. kroner eller 3,5 prosent. Tek ein omsyn til at Skatteetaten og Toll- og avgiftsetaten til saman belasta kap. 1633 *Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift*, med 325 mill. kroner var det likevel ein liten nominell vekst.

Under programkategori 23.30 *Offisiell statistikk* som gjeld Statistisk sentralbyrå, har utgiftene auka med knapt 15 mill. kroner, frå 734 mill. kro-

ner til drygt 748 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 5,2 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 3,1 prosent. Korrigert for ny meirverdiavgiftsordning var utgiftene likevel dei same nominelt b  e   ra. Gjennom fleire   r er verksemda vorten effektivisert og talet p   tilsette redusert, utan at det har r  ka produksjonen.

Under programkategori 23.40 *Andre f  rem  l* har utgiftene auka med 8,2 mrd. kroner, fr   18,8 mrd. kroner til 27,0 mrd. kroner. Fr   2013 til 2014

auka utgiftene med 7,9 prosent, og fr   2014 til 2015 auka dei med 33,2 prosent. Auken fr   2013 til 2014 heng s  rleg saman med den generelle utgiftsveksten i kommunane og endra meirverdiavgiftsordning for offentlig veg som b  e gav h  gare utbetalingar av meirverdiavgiftskompensasjon til kommunesektoren. Det meste av auken fr   2014 til 2015 gjeld nettoordninga for rekneskapsf  ring av meirverdiavgift som er utgiftsf  rt p   kapittel 1633, post 01 med 5,4 mrd. kroner.

2.15 Forsvarsdepartementet

Programomr��de 04 Milit��rt forsvar				(i mill. kr)
Program- kategori	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
04.10 Milit��rt forsvar m.m.	43 571,4	46 675,4	43 414,0	45 338,9
Sum f��r l��netransaksjonar	43 571,4	46 675,4	43 414,0	45 338,9
L��netransaksjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum 04 Forsvarsdepartementet	43 571,4	46 675,4	43 414,0	45 338,9

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap f  r l  netransaksjonar syner ei meirutgift p   1 924,9 mill. kroner. Overf  rt l  yving fr   2014 aukar disponibel l  yving med 2 433,7 mill. kroner, fr   43 414,0 mill. kroner til 45 847,7 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift p   508,8 mill. kroner samanlikna med disponibel l  yving.

P   programomr  det er det inntektsf  rt meirinntekter p   i alt 250,4 mill. kroner. Det er overf  rt til saman 759,3 mill. kroner til 2016 p   postar merkte «kan overf  rast» og vanlege driftspostar.

Sj     g tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overf  ringar og meirinntekter p   programomr  det er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

P   programomr  de 04 *Milit  rt forsvar* har utgiftene f  r l  netransaksjonar auka nominelt med knapt 1,8 mrd. kroner, fr   43,6 mrd. kroner til 45,3 mrd. kroner. Fr   2013 til 2014 auka utgiftene med

7,1 prosent, og fr   2014 til 2015 minka dei med 2,9 prosent.

Driftsutgiftene har nominelt auka med 0,4 prosent, fr   33,2 mrd. kroner i 2013 til 33,3 mrd. kroner i 2015. Auken fr   2013 til 2015 var p   0,4 prosent, og auken var l  gare enn priskompensasjonane.

Utgifter til investeringar i materiell auka nominelt med 17,8 prosent, fr   8,2 mrd. kroner i 2013 til 9,7 mrd. kroner i 2015. Utgifter til nasjonalfinansierte investeringar i eigedom, bygg og anlegg auka med 8,1 prosent, fr   2,2 mrd. kroner i 2013 til 2,4 mrd. kroner i 2015. Auken i investeringar for samla materiell gjekk opp fr   2013 til 2014 og heng i hovudsak saman med programmet for k  p av nye kampfly med baseutbygging. Fr   2014 til 2015 auka utgiftene til kampflyinvesteringane, medan dei minka for anna materiell.

I perioden 2013 til 2015 syner rekneskapen at utgifter til norsk deltaking i operasjonar i utlandet har minka med 47,2 prosent, fr   1 074 mill. kroner i 2013 til 567 mill. kroner i 2015. Dette kjem av den planlagde uttrekkinga av styrker fr   Afghanistan.

2.16 Olje- og energidepartementet

Programområde 18 Olje- og energiføremål		(i mill. kr)			
Program- kategori ¹⁾		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
18.00	Administrasjon	224,1	224,8	213,4	234,3
18.10	Petroleumssektoren	34 371,9	36 263,3	29 830,9	29 754,5
18.20	Energi- og vassressurssektoren	2 017,5	2 194,6	2 528,1	2 634,3
18.30	Forskning og næringsutvikling	711,6	758,5	766,1	764,1
18.40	CO ₂ -handtering	2 790,6	2 048,8	2 006,6	2 114,0
Sum før lånetransaksjonar		40 115,7	41 490,1	35 345,2	35 501,2
Lånetransaksjonar		10 000,0	12 500,0	9 250,0	9 250,0
Sum Olje- og energidepartementet		50 115,7	53 990,1	44 595,2	44 751,2

¹⁾ For oversikt over endringer i programkategoriar under Olje- og energidepartementet i 2014 og omklassifisering av samanliknbare rekneskapstal for 2013, sjå omtale i Meld. St. 3 (2014–2015).

Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 156,0 mill. kroner. Overført løyving frå 2014 aukar disponibel løyving med 399,6 mill. kroner, frå 35 345,2 mill. kroner til 35 744,8 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 243,6 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det mindreinntekter på i alt 20,6 mill. kroner. Det er overført til saman 163,6 mill. kroner til 2016 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

Trenden i rekneskapen i perioden 2013–2015

På programområde 18 *Olje- og energiføremål* har utgiftene før lånetransaksjonar minka nominelt med 4,6 mrd. kroner, frå 40,1 mrd. kroner til 35,5 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 3,4 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 14,4 prosent. Endringane heng for det meste saman med endringar i utgifter til investeringar under SDØE under programkategori 18.10 *Petroleumssektoren*.

Under programkategori 18.00 *Administrasjon* har utgiftene auka med 10 mill. kroner, frå 224 mill. kroner til 234 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 0,3 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 4,2 prosent.

Under programkategori 18.10 *Petroleumssektoren* har utgiftene minka med 4,6 mrd. kroner, frå

34,4 mrd. kroner til 29,8 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 5,5 prosent, og frå 2014 til 2015 minka dei med 17,9 prosent. Hovudgrunnen er endra utgifter til investeringar under SDØE.

Under programkategori 18.20 *Energi- og vassressurssektoren* har utgiftene auka med 0,6 mrd. kroner, frå 2,0 mrd. kroner til 2,6 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 8,8 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 20,0 prosent. Hovudgrunnane til auken er auka løyvingar til NVE sitt arbeid med flaum- og skredførebygging og auka overføringar til Energifondet.

Under programkategori 18.30 *Forskning og næringsutvikling* har utgiftene auka med drygt 52 mill. kroner, frå 712 mill. kroner til 764 mill. kroner. Frå 2013 til 2014 auka utgiftene med 6,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 0,7 prosent. Hovudgrunnen til auken er auka overføringar til Noregs forskingsråd.

Under programkategori 18.40 *CO₂-handtering* har utgiftene minka med 0,7 mrd. kroner, frå 2,8 mrd. kroner til 2,1 mrd. kroner. Frå 2013 til 2014 minka utgiftene med 26,6 prosent, og frå 2014 til 2015 auka dei med 3,2 prosent. Hovudgrunnen til nedgangen frå 2013 er at planlegging av fullskala CO₂-handtering på Mongstad vart avslutta.

Under *lånetransaksjonar* vart kapitalen i Fond for klima, fornybar energi og energiomlegging auka med 10,0 mrd. kroner i 2013 og 9,25 mrd. kroner i både 2014 og 2015. I 2014 vart det rekneskapsført 3,25 mrd. kroner i innskotskapital i Statnett SF.

2.17 Statlege utlån

Dette avsnittet gjev eit oversyn over hovudtal frå rekneskapen til statlege verksemder som forvaltar statlege utlån. Detaljar kring utlåna er baserte på opplysningar frå departementa.

Husbanken, Lånekassa og Statens pensjonskasse er ordinære statlege forvaltningsorgan. På vegner av staten forvaltar dei statlege utlån etter reglar og føresetnader fastsette av Stortinget.¹ Innvasjon Noreg forvaltar statlege utlån til næringslivet over heile landet og gjev ulike typar lån med høg eller låg risiko. Eksportfinansieringsordninga gjennom Eksportkreditt Noreg AS er omtalt til slutt i avsnittet.

Balanse 31. desember (tal i mill. kr)	Konto/referanse	2013	2014	2015
Inngåande behaldning	Konto 630005	121 836	129 004	135 672
Utlån i året	Kap. 2412 / 90	16 493	17 468	16 871
Tilbakebetalningar i året	Kap. 5312 / 90	-9 325	-10 799	-11 973
Utgåande behaldning	Konto 630005	129 004	135 672	140 570
Renteinntekter	Kap. 5615 / 80	3 513	3 607	3 499

Samla uteståande lån i Husbanken, medrekna opptente, ikkje betalte renter, var på 140,6 mrd. kroner ved utgangen av 2015. Det er om lag 4,9 mrd. kroner meir enn året før. Av dei uteståande låna var 60,1 mrd. kroner fastrentelån, og 79,0 mrd. kroner var lån med flytande rente. Opptente, ikkje betalte renter utgjorde om lag 0,5 mrd. kroner. Netto overkurs på fastrentelåna er av Husbanken rekna til drygt 1,4 mrd. kroner per 31.12.2015.

Husbanken hadde om lag 51 300 registrerte låntakarar (dellån) ved utgangen av 2015. Om lag 14 800 hadde lån med fast rente, 34 800 hadde lån med flytande rente, medan dei resterande om lag 1 700 låntakarane hadde lån på særvillekår. Av utlåna utgjorde lån til burettslag, stiftingar og liknande 43,5 prosent, lån til kommunar 35,6 prosent og lån til personlege låntakarar 20,9 prosent.

Husbanken inntektsførte i 2015 renter med 3,5 mrd. kroner under kapittel 5615, post 80 i statsrekneskapen. Tilsvarende tal for 2014 og 2013 var høvesvis 3,6 mrd. kroner, og 3,5 mrd. kroner.

Husbanken

Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for Husbankens utlån:

¹ Frå 2010 vart det teke i bruk eit meir einskapleg system for bokføring av utlån og renteinntekter i statsrekneskapen for Husbanken, Lånekassa og Statens pensjonskasse, jf. Prop. 1 S (2009–2010) kapittel 9.4. Desse verksemdene skal bokføre alle renteinntekter i statsrekneskapen ut frå prinsippet om opptente renter basert på kalenderåret. Det inneber òg at behaldningane av utlån som er aktiverte i kapitalrekneskapen, skal innehalde opptente, men enno ikkje betalte renter.

Husbanken hadde i 2015 eit brutto tap på utlån på 13,6 mill. kroner. Tilsvarende tal for 2014 var 8,8 mill. kroner. Når ein reknar med tilbakeføring av tap som følgje av innbetalningar eller inngåtte avtalar, var netto tap på utlån 12,5 mill. kroner. Av det samla brutto tapet var om lag 2,4 mill. kroner knytt til personlege låntakarar. Tapa knytte til ikkje-personlege låntakarar var 11,2 mill. kroner i 2015. Tapa for Husbanken vert dekte med ei særskild løyving på kapittel 2412, post 71 *Tap på utlånsverksemd*, og omfattar tap på hovudstol, tap på opptente, ikkje betalte renter ved inngangen til året, og årets renter knytt til avskrivne tap.

Sjå òg omtale av Husbanken under kapittel 2.6 *Kommunal- og moderniseringsdepartementet*.

Statens lånekasse for utdanning

Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for utlån frå Lånekassa:

Balanse 31. desember (tal i mill. kr)	Konto/referanse	2013	2014	2015
Inngående beholdning	Konto 630002	126 147	137 831	146 764
Utlån i året	Kap. 2410 / 90	21 405	22 205	23 372
Tilbakebetalinger i året ¹⁾	Kap. 5310 / 90	-7 768	-7 811	-9 097
Konvertering til stipend	Kap. 5310 / 93	-1 953	-5 461	-5 774
Utgående beholdning	Konto 630002	137 831	146 764	155 266
Renteinntekter ²⁾	Kap. 5617 / 80	3 579	3 753	3 976

¹⁾ Tap og avskrivninger løyde over kapittel 2410, postane 73 og 74 høyrer saman med ordinære tilbakebetalinger på post 90. Avskrivningar på post 73 utgjorde 600 mill. kroner i 2015, 474 mill. kroner i 2014 og 492 mill. kroner i 2013. Tapa på post 74 er nærare spesifiserte i teksten nedanfor.

²⁾ Renteinntekter inneheldt og rentestøtte som i 2015 vart utgiftsført med 1 001 mill. kroner på Lånekassa sitt kapittel 2410, post 72. Rentestøtta var 977 mill. kroner i 2014 og 918 mill. kroner i 2013.

Samla utestående krav i Statens lånekasse for utdanning var 155,3 mrd. kroner ved utgangen av 2015, ein auke på 8,5 mrd. kroner frå året før. 44,6 mrd. kroner av utdanningslåna er ikkje renteberande. Andre ikkje renteberande krav er opptente, ikkje betalte renter på om lag 250 mill. kroner og ikkje betalte gebyr på om lag 71 mill. kroner. Utestående renteberande rente er om lag 1,5 mrd. kroner. Lån med fast rente i Lånekassen utgjer om lag 28,9 mrd. kroner. Netto renteerstatning ved innfriing av alle fastrentelån 31.12.2015 vil vere ein overkurs på 418 mill. kroner. Lånekassa har om lag 857 400 registrerte låntakarar ved utgangen av 2015. Av dei har om lag 221 200 ikkje renteberande lån (kundar i tildelingsfasen), medan om lag 147 000 har lån med fast rente. Resten av låntakarane har lån med flytande rente.

Lånekassa inntektsførte i 2015 renter med om lag 4,0 mrd. kroner på kapittel 5617, post 80 i statsrekneskapen. Tilsvarende tal for 2014 og 2013 var høvesvis 3,8 mrd. kroner og 3,6 mrd. kroner. Det vart utgiftsført 300 mill. kroner i tap på utlån i 2015, medan talet i 2014 var 258 mill. kroner. Statens innkrevjingssentral inntektsførte 268 mill. kroner i 2015 (kapittel 4618, post 85) knytt til innkrevjing av misleghaldne lån i Lånekassa. Tilsvarende tal for 2014 og 2013 var høvesvis 307 mill. kroner og 255 mill. kroner (jf. kapittel 4634, post 85).

Sjå òg omtale av Lånekassa under kapittel 2.3 *Kunnskapsdepartementet*.

Konverteringsordninga i Lånekassa

Lånekassa betalar ut heile basisstøtta som lån for dei som er omfatta av støtteordninga for høgare utdanning m.m. Opptil 40 prosent av støttebeløpet kan konverterast til stipend når mottakaren har gjennomført utdanninga vedkomande har fått støtte til. I statsbudsjetta vert det kvart år løyvd midlar til å dekkje framtidig konvertering frå lån til stipend gjennom ei avsetjing til konverteringsfondet. Denne løyvinga går over kapittel 2410, post 50. Kapittel 5310, post 93 i rekneskapen syner nettobeløpet av lån som vert ettergjevne og trekte frå konverteringsfondet.

Utgiftene til andre stipend under Lånekassa kjem fram på kapittel 2410, postane 70 og 71. For å få oversyn over samla netto utgifter til stipend, må lån som er konverterte til stipend leggjast til stipendutgiftene. Denne summen kjem fram om ein ser kapittel 2410, postane 70 og 71 og kapittel 5310, post 93 i samanheng. For 2015 betalte Lånekassa ut om lag 3,8 mrd. kroner som stipend, ein nedgang på knapt 0,2 mrd. kroner frå 2014. Om lag 5,8 mrd. kroner vart netto konvertert frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dette utgjer ein auke på 0,3 mrd. kroner samanlikna med 2014. Auken på 3,5 mrd. kroner frå 2013 til 2014 kjem av ei faseforskyving av konverteringa av lån grunna omlegging av ordninga i 2013. Dei samla netto utgiftene til stipend i 2015 var dermed om lag 9,5 mrd. kroner, ein auke på drygt 0,1 mrd. kroner frå 2014.

Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse (SPK)

Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for utlån frå bustadlånsordninga i SPK:

Balanse 31. desember (tal i mill. kr)	Konto/referanse	2013	2014	2015
Inngåande behaldning	Konto 635106	58 055	83 415	97 052
Utlån i året	Kap. 0614 / 90	36 358	27 246	7 844
Tilbakebetalingar i året	Kap. 3614 / 90	-10 998	-13 609	-30 046
Sum utlån	Konto 635106	83 415	97 052	74 850
Renteinntekter	Kap. 5607 / 80	1 589	2 386	2 367

Samla uteståande krav i bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse var på 74,85 mrd. kroner ved utgangen av 2015. Det er om lag 22,2 mrd. kroner mindre enn året før. Ved utgangen av 2015 var det om lag 68 900 lån i ordninga, mot 84 500 året før.

Statens pensjonskasse inntektsførte i 2015 renter med 2,4 mrd. kroner under kapittel 5607, post 80. Tilsvarende tal for 2014 og 2013 var høvesvis 2,4 mrd. kroner og 1,6 mrd. kroner. Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse tilbyr berre lån med flytande rente.

Tap på utlån i Statens pensjonskasse utgjorde i 2015 netto 0,4 mill. kroner.

Det var ei mindreutgift på Statens pensjonskasses lånekapittel 0614, post 90 på 556 mill. kroner. Det kjem av at etterspørselen etter lån vart lågare enn venta siste del av året. Statens pensjonskasse hadde dessutan ei meirinntekt på låne-

kapittel 3614, post 90 på 1 846 mill. kroner. Grunnen er at talet på innfridde lån auka i siste delen av året.

Sjå òg omtale av bustadlånsordninga i SPK under programkategori 09.50 *Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse* i kapittel 2.7 *Arbeids- og sosialdepartementet*.

Innovasjon Noreg

Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for Innovasjon Noregs innlån frå statskassa. I tillegg til innlån frå statskassa nyttar Innovasjon Noreg eigenkapital til å finansiere utlån. Det er difor ikkje ein heilt eintydig samanheng mellom selskapet sine innlån frå statskassa og utlån til lånetakarar.

Balanse 31. desember (tal i mill. kr)	Konto/referanse	2013	2014	2015
Inngåande behaldning	Konto 630009	16 442	17 135	17 283
Netto auke		694	147	-281
Utgåande behaldning	Konto 630009 ¹⁾	17 135	17 283	17 002
Renteinntekter	Kap. 5625 / 80	246	235	198

¹⁾ På konto 630009 i kapitalrekneskapen, *Utlån til statsbankar under Nærings- og fiskeridepartementet*, inngår i tillegg til Innovasjon Noreg og SIVA SF med eit mindre beløp. Samla bokført beløp på konto 630009 per 31.12.2015 var 17 702 mill. kroner.

Innovasjon Noregs samla innlån frå statskassa per 31.12.2015 var på 17,0 mrd. kroner. Av dette utgjorde ordinære innlån om lag 14,8 mrd. kroner og lån til såkorn- og investeringsfond om lag 2,2 mrd. kroner.

Innovasjon Noregs samla netto utlån per 31.12.2015 utgjorde 16,9 mrd. kroner etter tapsavsetjingar på 1,1 mrd. kroner, mot 17,2 mrd. kroner per 31.12.2014. Netto nedgang utgjør 0,3 mrd. kroner.

Brutto utlån (før tapsavsetjing) fordelte seg med 13,8 mrd. kroner til lågrisikolån (om lag 8 800 lån), til saman 2,7 mrd. kroner til ordinære

innovasjons- og risikolån (om lag 1 400 lån) og om lag 0,9 mrd. kroner til andre utlån. Andre utlån omfattar ansvarlege lån til såkornfond, ansvarlege investeringsfond til Nordvest-Russland og Aust-Europa og bygdeutviklingslån til landbruket. Den sistnemnde ordninga utgjør om lag 5 300 lån og vert forvalta av Innovasjon Noreg for Landbrukets utviklingsfond.

Det vart inntektsført 198 mill. kroner i renter frå Innovasjon Noreg på kapittel 5625, post 80 i statsrekneskapen 2015. Tilsvarende tal for 2014 og 2013 var høvesvis 235 mill. kroner og 246 mill. kroner.

Rekneskapen til Innovasjon Noreg for 2015 syner eit netto utlånstap på 20,7 mill. kroner, som er 7,1 mill. kroner høgare enn i 2014. Brutto bokført tap på utlån og garantiar i 2015 utgjer 91 mill. kroner, mot 157 mill. kroner i 2014.

Statleg eksportfinansieringsordning

Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for den statlege eksportfinansieringsordninga. Den kom til i 2011 som ei mellombels ordning og vart frå 1. juli 2012 permanent ved skipinga av det heileigde statlege selskapet Eksportkreditt Noreg AS:

Balanse 31. desember (tal i mill. kr)	Konto/referanse	2013	2014	2015
Inngåande behaldning	Konto 635109	29 852	44 372	54 467
Netto auke		14 520	10 095	9 365
Utgåande behaldning	Konto 635109 ¹⁾	44 372	54 467	63 831
Renteinntekter	Kap. 5629 / 80	987	1 159	1 557

¹⁾ På konto 635109 i kapitalrekneskapen, *Andre utlån under Nærings- og fiskeridepartementet*, inngår i tillegg til statlege eksportfinansieringslån ved utgangen av 2015 òg 205 mill. kroner i lån til Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S og 6,2 mill. kroner i ekstraordinært lån til tørrfisknæringa. Samla bokført beløp på konto 635109 per 31.12.2015 var 64 043 mill. kroner.

Låna under eksportfinansieringsordninga er hovudsakleg gjevne i NOK, USD og i nokre andre valu-

taer. Fordelinga ved utgangen av 2014 og 2015 er slik:

Valuta	Talet på lån 2014	Totalt utestående per 31.12.14 (tal i mrd.)	Talet på lån 2015	Totalt utestående per 31.12.15 (tal i mrd.)
NOK	107	25,41	112	24,24
USD	74	4,54	93	5,71
EUR	6	0,12	14	0,13
GBP	9	0,05	12	0,06

Som det går fram av den fyrste tabellen, utgjorde utestående statlege eksportfinansieringslån til saman 63,8 mrd. kroner ved utgangen av 2015. Omrekninga av valuta til norske kroner er basert på kursen då låna vart utbetalte. For å oppnå same beløp i norske kroner ved innbetalingar av avdrag, er det gjeve fullmakt til å utgiftsføre valutatap under kapittel 2429, post 89 og inntektsføre valutavinst under kapittel 5329, post 89. Det er i 2015 bøkført ein samla valutavinst på 1,3 mrd. kroner. Tilsvarende tal for 2014 og 2013 var høvesvis ein

netto vinst på 0,3 mrd. kroner og eit netto tap på 0,1 mrd. kroner.

Det vart inntektsført renteinntekter frå ordninga med 1 557 mill. kroner under kapittel 5629, post 80 i statsrekneskapen 2015. Tilsvarende tal for 2014 og 2013 var høvesvis 1 159 mill. kroner og 987 mill. kroner.

Alle eksportfinansieringslåna er garanterte 100 prosent av GIEK og/eller andre finansinstitusjonar, slik at tapsrisikoen i låneordninga er svært låg.

3 Statens pensjonsfond

Lov om Statens pensjonsfond tok til å gjelde 1. januar 2006. Same dato vart Statens pensjonsfond skipa som overbygning over det som før var Statens petroleumsfond og Folketrygdfondet. Desse to fonda skifta samstundes namn til høvesvis Statens pensjonsfond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg (SPN). Verksemda i fonda er

vidareført under den nye overbygningen. Tabell 3.1 syner at samla verdi av dei to fonda var 7 659,2 mrd. kroner ved utgangen av 2015, ein auke på 1 043,0 mrd. kroner frå utgangen av 2014. Kapitalen i fonda vert teken med i kapitalrekneskapen i kon- togruppe 61 *Spesielle fond og forsikringar*.

Tabell 3.1 Samla verdi av Statens pensjonsfond (tal i mill. kroner)

	2014	2015	Endring
SPU	6 430 591	7 460 767	1 030 177
SPN	185 664	198 440	12 776
Statens pensjonsfond	6 616 256	7 659 208	1 042 953

3.1 Statens pensjonsfond utland

Inntektene og utgiftene i SPU er definerte i lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond. Inntektene i 2015 er summen av statens netto kontantstraum frå petroleumsverksemda, netto finansransaksjonar (medrekna ev. kjøp og sal av aksjar i Statoil ASA), og avkastninga av fondets investeringar. Utgiftene i fondet er ei årleg overføring frå fondet til statskassa etter vedtak i Stortinget.¹ Med utgangspunkt i innstillinga frå finanskomiteen om handsaminga av tidlegare lov om Statens petroleumsfond vart det etablert som praksis at overføringa svarar til det oljekorrigerte underskotet i statsbudsjettet. Overføringa frå SPU til statsbudsjettet over kapittel 5800 vert rekneskapsført i samsvar med stortingsvedtaket i nysaldert budsjett. Etter handlingsregelen for budsjettpolitikken skal det strukturelle oljekorrigerte underskotet over tid svara til venta realavkastning av SPU, berekna til 4 prosent.

SPU vert forvalta som eit kroneinnskot i Noregs Bank og er ein del av balansen i rekneskapen til banken. Kroneinnskotet har same verdi som banken sin særskilde portefølje av utanland- ske eignedelar tilknytt SPU. Rekneskapen for

kroneinnskotet vert såleis ført etter dei same retningslinene som rekneskapen elles i Noregs Bank. Rekneskapen er ført etter IFRS. Det stortingsoppnemnde representantskapet skal etter sentralbanklova føra tilsyn med drifta av banken, medrekna kapitalforvaltninga. Representantskapet peikar ut ekstern revisor for Noregs Bank.

Tabell 3.3 nedanfor syner eit resultatoppsett for SPU med resultatelement som følgjer av lov om Statens pensjonsfond. Tabell 3.4 syner balansen til fondet. I tabell 3.2 er dei månadlege kontantoverføringane til fondet spesifiserte.

Resultatoppsettet i tabell 3.3 syner ein netto auke i verdiane i SPU på 1 030,2 mrd. kroner i 2015. Netto kontantstraum frå statens petroleumsverksemd var på 218,3 mrd. kroner. Etter vedtak i nysaldert budsjett 2015 vart det overført 186,1 mrd. kroner frå SPU til statsbudsjettet. Staten hadde i 2015 ikkje finansransaksjonar, jf. lov om Statens pensjonsfond § 3. Avkastninga av plasseringane til fondet var 998,0 mrd. kroner, jf. Noregs Banks årsmelding om SPU. Av dette kjem til saman 185,0 mrd. kroner² frå renter, utbyte, og netto andre postar inkludert skattekostnad, med

¹ Overføringa frå fondet til statskassa vert fastsett i samband med stortingshandsaminga av nysaldert budsjett i desember.

² Summen av renteinntekter og aksjeutbytte og andre netto inntekter, med frådrag for forvaltningskostnader, på 185,0 mrd. kroner, inngår i statens samla overskot, jf. tabell 1.4 i kapittel 1. I tabell 3.3, note 4 er elementa i dette sumtalet nærare spesifiserte.

frådrag for forvaltningskostnader, medan 150,9 mrd. kroner kjem frå netto realiserte vinstar/tap på verdipapir og -6,1 mrd. kroner kjem frå netto urealiserte vinstar/tap på verdipapir. Valutakursreguleringar førte til ein auke i verdien av fondet målt i norske kroner svarande til 668,1 mrd. kroner som følgje av svekt kronekurs i 2015. Noregs Banks årsmelding om SPU syner eit positivt resultat frå forvaltning på 333,8 mrd. kroner, før valutakursregulering og forvaltningskostnader (jf. spesifikasjon i tabell 3.3, note 4).

Kontantstraumen frå petroleumsværksemnda medrekna eventuelle finanstransaksjonar i samband med at staten har kjøpt eller selt aksjar i Statoil ASA, og med frådrag for overføringa til statsbudsjettet, utgjer netto avsetjing til fondet i statsbudsjettet. For 2015 er netto avsetjing 32,2 mrd. kroner.³ Kontantoverføringane frå statskassa til fondet gjennom året vert fastlagde ut frå ein prognose for netto avsetjing der ein òg tek omsyn til om det vart overført for mykje eller for lite året før. Dei månadlege kontantoverføringane og

samanhengen med netto avsetjing til SPU kjem fram i tabell 3.2.

Samla verdi av fondet ved utgangen av 2015 er bokført til 7 460,8 mrd. kroner i kapitalrekneskapen. Dette svarar til marknadsv verdien av fondet på 7 471,2 mrd. kroner og mellomrekninga på 10,5 mrd. kroner i favør av statskassa. Balansen i SPU er nærare spesifisert i tabell 3.4, der bruttotal for balansen til fondet òg kjem fram.

Kapitalen i SPU er plassert i renteberande verdipapir, i aksjar noterte på børs og i eigedom. Noregs Bank forvaltar SPU på oppdrag frå Finansdepartementet. Finansdepartementet har i mandatet for fondet definert nærare innretting for forvaltninga. Samansetjinga av referanseindeksen for fondet er nærare omtalt i Meld. St. 23 (2015–2016) *Forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2015*.

Den 9. mars 2016 offentliggjorde Noregs Bank årsmeldinga for forvaltninga av SPU.

Årsmeldinga til Noregs Bank gjer greie for korleis den særskilde porteføljen av utanlandske verdipapir i SPU, som svarar til verdien av innskottet i Noregs Bank, vart forvalta i 2015. I samsvar med forskrift om årsrekneskap m.m. gjeldande frå 2011 følgjer Noregs Bank dei internasjonale rekneskapsstandardane IFRS i rekneskapsrapporteringa.⁴ Årsmeldinga syner at den bokførte verdien av den særskilde porteføljen var 7 471,2 mrd. kroner ved utgangen av 2015. Avkastninga av dei utanlandske investeringane i fondet vart på 2,7 prosent for heile 2015 målt i valutakorga til fondet. Valutakorga er ei vekta samansetjing av valutaene i referanseindeksane for aksjar og obligasjonar. Når ein fordeler avkastninga på aksje-, obligasjons- og eigedomsporteføljane, ser ein at aksjeinvesteringane gav ei avkastning på 3,8 prosent, obligasjonsinvesteringane gav 0,3 prosent og eigedomsinvesteringane 10,0 prosent.

Verdien av den norske krona svekte seg i 2015 mot fleire av valutaene fondet er investert i. Isolert sett vart verdien av fondet målt i norske kroner 668,1 mrd. kroner høgare som følgje av dette. Det er avkastninga i utanlandsk valuta som er relevant når ein skal vurdera utviklinga i den internasjonale kjøpekrafta til fondet.

Dei samla kostnadene til forvaltninga vert dekte av avkastninga i fondet i samsvar med man-

Tabell 3.2 Kontantoverføringar til SPU
(tal i mill. kroner)

Månad	Overføring
Januar	2 500
Februar	2 500
Mars	3 700
April	4 000
Mai	4 000
Juni	4 000
Juli	4 000
August	4 000
September	4 000
Oktober	0
November	6 000
Desember	7 000
Sum kontantoverføringar til SPU 2015*)	45 700
– For lite overført til SPU i 2014	3 054
– Netto avsetjing til SPU i 2015	32 193
= For mykje overført til SPU i 2015	10 453

*) For 2015 vart det til saman overført 45,7 mrd. kroner til fondet. I 2014 vart det overført 3 054 mill. kroner for lite frå statskassa til fondet, jf. mellomrekninga med statskassa per 31.12.2014. Dei kontante overføringane i 2015 vart 10 453 mill. kroner høgare enn netto avsetjing til SPU og mellomrekninga per 31.12.2014 skulle tilseie. I kapitalrekneskapen per 31. desember er differansen ført opp som ei mellomrekning mellom fondet og statskassa. Sjå òg tabell 3.4 for spesifikasjon. I tråd med tidlegare praksis vert mellomrekninga gjort opp i overføringane til fondet året etter.

³ Sjå tabell 3.3 Resultatoppsett for SPU. Netto avsetjing til fondet for 2015 (32 193 mill. kroner) er netto kontantstraum (218 256 mill. kroner) med frådrag av overføringa til statsbudsjettet frå fondet (186 063 mill. kroner).

⁴ Meir om retningslinjer for Noregs Banks årsrekneskap og rekneskapsprinsipp står i notane 1 og 2 i Noregs Banks årsrekneskap for SPU.

datet for Noregs Bank si forvaltning av SPU. For 2015 utgjorde dei samla kostnadene for SPU 0,06 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital. Avkastningsavhengige honorar til eksterne forvaltarar er rekna med, og kom på 578 mill. kroner i 2015 mot 649 mill. kroner i 2014. Til saman utgjorde forvaltningskostnadene til Noregs Bank

3 933 mill. kroner i 2015, mot 3 202 mill. kroner i 2014. Forvaltningskostnadene er nærare spesifiserte i note 10 i Noreg Bank si årsmelding om SPU for 2015, og kostnadsutviklinga er nærare omtalt i Meld. St. 23 (2015–2016).

Årsmeldinga til Noregs Bank er uprenta vedlegg til Meld. St. 23 (2015–2016).

Tabell 3.3 Resultatoppsett for SPU¹⁾ (tal i mill. kroner)

Tekst	Notar	2014	2015
Statens pensjonsfond utland			
Inntekter frå netto kontantstraum (jf. kap. 2800, 50)	1	311 667	218 256
Inntekt frå netto finanstransaksjonar (jf. kap. 2800, 96)	2	0	0
Utgift ved overføring til statsbudsjettet (jf. kap. 5800, 50)	3	-156 164	-186 063
Netto avsetjing til SPU i statsbudsjettet		155 502	32 193
Avkastning av plasseringane til fondet	4	1 242 691	997 984
Samla endring SPU		1 398 193	1 030 177

¹⁾ Tabellen inneheld resultatelement som følgjer av lov om Statens pensjonsfond.

Note 1 Inntekter frå netto kontantstraum

Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda vert overført til SPU over kapittel 2800, post 50 i statsbudsjettet. Netto kontantstraum utgjer desse postane i statsbudsjettet (tal i mill. kroner):

Kap.	Post	Tekst	2014	2015
		INNTEKTER		
5507		Skatt og avgift på utvinning av petroleum		
	71	Ordinær skatt på formue og inntekt	64 212	39 477
	72	Særskatt på oljeinntekter	105 837	64 196
	74	Arealavgift m.m.	1 536	1 551
		Sum kap. 5507	171 586	105 223
5508	70	Avgift på utslepp av CO ₂ i petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen	4 516	4 959
5509	70	Avgift på utslepp av NO _x i petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen	62	-26
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda		
	24	Driftsresultat	121 447	93 855
	30	Avskrivningar	21 838	23 726
	80	Renter av statens kapital	4 968	4 115
	85	Renter på mellomvære	-24	-23
		Sum kap. 5440	148 229	121 673
5685	85	Utbyte Statoil ASA	22 646	15 382
		Sum inntekter frå petroleumsverksemda	347 039	247 212

Kap.	Post	Tekst	2014	2015
UTGIFTER				
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda		
	30	Investeringar	35 372	28 955
2442		Disponering av innrettingar på kontinentalsokkelen		
	21	Særskilde driftsutgifter	0	0
Sum utgifter til petroleumsverksemda			35 372	28 955
Sum netto kontantstraum			311 667	218 256
2800		Statens pensjonsfond utland		
	50	Overføring til fondet	311 667	218 256

Note 2 Inntekt frå netto finanstransaksjonar

Det har ikkje vore finanstransaksjonar som påverkar resultatoppsettet for SPU i 2014 eller 2015.

Note 3 Utgift ved overføring til statsbudsjettet

Overføringa frå SPU til statskassa vert fastsett i samband med stortingshandsaminga av nysaldert budsjett i desember og ført til inntekt over kapittel 5800, post 50 (tal i mill. kroner):

Kap.	Post	Tekst	2014	2015
5800	50	Overføring frå fondet	156 164	186 063

Note 4 Inntekter frå avkastning av fondet

Noregs Banks resultatrekneskap for SPU (tal i mill. kroner):

	2014 ¹⁾	2015
Resultat før vinst/tap på valuta		
Inntekt/kostnad frå:		
– aksjar og andelar	385 943	284 414
– obligasjonar	158 006	36 160
– unotert eigeidom	7 160	14 537
– finansielle derivat	-8 208	-1 984
– utlån med sikkerhetsstillelse	2 758	3 266
– innlån med sikkerhetsstillelse	-35	50
Skattekostnad ²⁾	-2 026	-2 628
Renteinntekter/kostnader	39	-18
Andre kostnader	-3	-18
Porteføljeresultat før vinst/tap valuta ³⁾	543 634	333 779
Vinst/tap valuta	702 259	668 138
Porteføljeresultat	1 245 893	1 001 917
Forvaltningskostnad	-3 202	-3 933
Periodens resultat og totalresultat	1 242 691	997 984

¹⁾ Tala for 2014 er noko omarbeidde samanlikna med førre året. Sjå note under resultatrekneskapen i Noregs Banks rekneskapsrapportering for SPU.

²⁾ Sjå note 9 Skattekostnad i Noregs Banks rekneskapsrapportering for SPU.

³⁾ Notespesifikasjonen til SPU er noko endra samanlikna med tidlegare år. I Noregs Banks resultatrekneskap for SPU er porteføljeresultat før vinst/tap valuta i 2015 spesifisert nærare i notane 4, 6, 9 og 11. Referanse til tabellar med slik spesifisering står i parentes nedanfor (tal i mill. kroner):

	Renter	Utbytte	Real. vinst/tap	Ureal. vinst/tap	Andre postar	Sum
Netto inntekt/kostnad – vinst/tap frå:						
– aksjar og andelar (4.1)		107 383	132 240	44 791		284 414
– obligasjonar (4.2)	78 243		21 098	-63 181		36 160
– eigeidom (6.1)	1 601	1 931		11 005		14 537
– finansielle derivat (4.3)	-869	21	-2 422	1 286		-1 984
Inntekt/kostnad frå utlån med sikkerhetsstillelse (11.1)					3 266	3 266
Inntekt/kostnad frå innlån med sikkerhetsstillelse (11.1)					50	50
Andre renteinntekter og rentekostnader	-18					-18
Skattekostnad (9.1)					-2 628	-2 628
Andre kostnader					-18	-18
Porteføljeresultat før vinst/tap valuta	78 957	109 335	150 916	-6 099	670	333 779

Summen av renteinntekter (79,0 mrd. kroner), aksjeutbytte (109,3 mrd. kroner) og netto andre postar inkludert skattekostnad (0,7 mrd. kroner), med frådrag av forvaltningskostnader (3,9 mrd. kroner) utgjer 185,0 mrd. kroner og inngår i statens samla overskot, jf. tabell 1.4 i kapittel 1.

Tabell 3.4 Balanse for SPU per 31.12. (tal i mill. kroner)

Eigedelar	2014	2015
Mellomrekning med statskassa ¹⁾	3 054	0
Konto i Noregs Bank ²⁾	6 427 537	7 471 220
Sum eigedelar	6 430 591	7 471 220
Gjeld og eigenkapital		
Mellomrekning med statskassa ¹⁾	0	10 453
Eigenkapital	6 430 591	7 460 767
Sum gjeld og eigenkapital	6 430 591	7 471 220

¹⁾ Statsrekneskapen syner at netto avsetjing til SPU i 2015 vart 10 453 mill. kroner lågare enn det som faktisk vart overført frå statskassa til fondet og teken omsyn til mellomrekninga mellom fondet og statskassa per 31.12.2014. Denne differansen utgjer per 31.12.2015 eit krav for statskassa mot fondet, og vert avrekna i overføringane mellom fondet og statskassa i 2016. Tilsvarende tal per 31.12.2014 var eit krav på 3 054 mill. kroner i fondets favør som vart innløyst med ein auke i overføringa i 2015.

²⁾ I samsvar med mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland fastsett 8. november 2010 vert fondet plassert på ein særskild konto i form av kroneinnskott i Noregs Bank. Noregs Bank plasserer desse midlane i sitt eige namn i aktiva denominerte i utanlandsk valuta. Noregs Banks balanse for SPU fordelte seg slik per 31.12. (tal i mill. kroner):

Eigedelar	2014 ¹⁾	2015
<i>Finansielle eigedelar</i>		
Innskott i bankar	11 731	2 543
Utlån knytte til attsalsavtalar	45 536	123 385
Avgitt kontantsikkerhet	1 289	2 231
Uoppgjorde handlar	1 376	18 404
Aksjar og andelar	3 790 853	4 287 606
Utlånte aksjar	166 842	312 662
Obligasjonar og andre renteberande verdipapir	2 324 626	2 476 729
Utlånte obligasjonar	25 163	241 518
Unotert eigedom	106 431	180 021
Finansielle derivat	5 777	8 829
Andre eigedelar	3 847	2 265
Sum eigedelar	6 483 471	7 656 193
<i>Gjeld og eigenkapital</i>		
Innlån knytte til attkjøpsavtalar	39 975	149 735
Motteken kontantsikring	543	2 570
Uoppgjorde handlar	4 001	22 438
Finansielle derivat	7 895	5 266
Anna gjeld	318	1 031
Skuldig forvaltningskostnad	3 202	3 933
Sum gjeld	55 934	184 973
Eigenkapital SPU	6 427 537	7 471 220
Sum gjeld og eigenkapital	6 483 471	7 656 193

¹⁾ Tala for 2014 er noko omarbeidde samanlikna med førre året. Sjå note under balanseoppstillinga i Noregs Banks rekneskapsrapportering for SPU.

3.2 Statens pensjonsfond Noreg

Folketrygdfondet forvaltar Statens pensjonsfond Noreg (SPN) på oppdrag frå Finansdepartementet.

Folketrygdfondet offentleggjorde 16. mars 2016 årsmeldinga for forvaltninga av SPN i 2015.

Eigenkapitalen i SPN var 198,4 mrd. kroner ved utgangen av 2015, jf. tabell 3.6 nedanfor. Balansen syner at den bokførte verdien av dei samla eigenkapitalplasseringane (aksjar m.m.) til fondet var 118,0 mrd. kroner. Bokført verdi av obligasjonar og andre renteberande papir var 85,7 mrd. kroner. Andre store poster er bokført verdi av finansielle derivat på 3,0 mrd. kroner og 7,0 mrd. kroner i bankinnskott.⁵ Det er òg gjeld for mottteken kontantsikring på 8,7 mrd. kroner. Resterande gjeldpostar i balansen er fyrst og fremst finansielle derivat og innlån knytt til attkjøpsavtalar.

⁵ Aksje- og obligasjonsplasseringane er førte til marknadsverdi i Folketrygdfondet sitt rekneskapsoppsett for SPN jf. tabell 3.6 Hovudtal i balansen for SPN. I årsrapporten til Folketrygdfondet for 2015 omtalar styret verdien av høvesvis aksjeporteføljen og renteporteføljen noko annleis enn i tabell 3.6 fordi dei òg har teke omsyn til bankinnskotta for dei ulike porteføljeområda. Fleire opplysningar står i Folketrygdfondet sitt rekneskapsoppsett for SPN, note 5 Porteføljeområde.

I 2015 syner resultatet til SPN eit overskot på 12,8 mrd. kroner, jf. tabell 3.5 nedanfor.⁶ Renteinntekter utgjorde 3,0 mrd. kroner, medan utbytte frå selskap i porteføljen utgjorde 4,3 mrd. kroner. Verdipapirvinstane var på 5,8 mrd. kroner, med 6,3 mrd. kroner i vinst på eigenkapitalplasseringar, 1,0 mrd. kroner i vinst på renteplasseringar og 1,4 mrd. kroner i tap på finansielle derivat. Netto andre inntekter var negative med 0,1 mrd. kroner. Samla forvaltningskostnader var 168 mill. kroner, som er 0,09 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital i 2015. Forvaltningskostnadene er kostnadene til Folketrygdfondet si forvaltning av fondet. Dette er nærare omtalt i årsmeldinga til Folketrygdfondet og i Meld St. 23 (2015–2016).

Årsmeldinga til Folketrygdfondet gjer greie for korleis porteføljen av verdipapir i SPN vart forvalta i 2015. Avkastninga av fondet i 2015 var på 7,0 prosent. Avkastninga av plasseringane i renteinstrument var på 2,9 prosent, medan avkastninga av aksjar var på 9,9 prosent.

Folketrygdfondet si forvaltning av SPN vart i 2015 revidert av revisjonsselskapet Ernst & Young, som er oppnemnt av Finansdepartementet.

⁶ Sjå fotnote til resultatet i tabell 3.5 som syner samanhengen med statens samla overskot, jf. tabell 1.4 i kapittel 1.

Tabell 3.5 Folketrygdfondets resultatrekneskap for SPN (tal i mill. kroner)

	2014	2015
Vinst og tap på finansielle egedelar og gjeld til verkeleg verdi over resultatet:		
– aksjar	6 246	6 276
– obligasjonar og andre renteberande papir	4 066	993
– finansielle derivat	169	-1 437
Renteinntekter	2 896	2 954
Aksjeutbyte	5 265	4 337
Andre porteføljeinntekter/-kostnader	-571	-144
Transaksjonskostnader	-37	-35
Porteføljeresultat	18 034	12 944
Forvaltningskostnader	-140	-168
Totalresultat SPN ¹⁾	17 894	12 776

¹⁾ Summen av renteinntekter (2 954 mill. kroner), aksjeutbyte (4 337 mill. kroner) og netto andre inntekter (-144 mill. kroner), med frådrag for forvaltningskostnader (168 mill. kroner), utgjer 6 979 mill. kroner og inngår i statens samla overskot, jf. tabell 1.4, i kapittel 1.

Tabell 3.6 Hovudtal i balansen for SPN per 31.12. (tal i mill. kroner)

	2014 ¹⁾	2015
<i>Eigedelar</i>		
Bankinnskott	8 554	6 983
Krav knytte til attsalsavtalar	2 082	-
Stilt kontantsikring	4	10
Uoppgjorde handlar	912	10
Aksjar	95 911	102 196
Utlånte aksjar	11 838	15 851
Obligasjonar og andre renteberande papir	74 444	78 691
Utlånte obligasjonar og andre renteberande papir	6 484	7 020
Finansielle derivat	3 258	2 993
Krav	33	57
Sum eigedelar	203 520	213 811
<i>Gjeld og eigenkapital</i>		
Innlån knytt til attkjøpsavtalar	6 425	5 055
Motteken kontantsikring	9 663	8 661
Uoppgjorde handlar	362	37
Finansielle derivat	1 366	1 603
Skuldig forvaltningsgodtgjersle	40	15
Sum gjeld	17 856	15 371
Eigenkapital SPN	185 664	198 440
Sum gjeld og eigenkapital	203 520	213 811

¹⁾ Balansetala for 2014 er noko omarbeidde samanlikna med slik dei vart presenterte i statsrekneskapen 2014. Oppstillinga samsvarer med balanseoppstillinga som Folketrygdfondet har presentert i rekneskapen for SPN for 2015.

4 Statens balanse med kommentarar til finanspostar m.m.

Kapittel 4 tek føre seg desse emna: statens balanse med notar til viktige endringar (4.1), statens finansinntekter og finansutgifter (4.2), garantiar (4.3) og hovudprinsippa for føring av statsrekneskapen (4.4).

4.1 Statens balanse med notar

Kapitalrekneskapen er ei oppstilling av statens balanse med hovudvekt på finansielle eigedelar, gjeld og eigenkapital i staten. Kapitalrekneskapen er presentert i tabell 3.1 i vedlegg 3. Ei balanse-

oppstilling på samanstilt nivå er òg presentert i tabell 1.11 i vedlegg 1.

Dei viktigaste eigedelane i balansen er spesielle fond, utlån, fast kapital i statsverksemdene og verdipapir medrekna kapitalen i statens sjølvstendige verksemdar. Realkapital er normalt ikkje med i kapitalrekneskapen. For forretningsverksemdene er realkapital likevel ein del av balansen, jf. vedlegg 5, som syner balansen for desse verksemdene. Den viktigaste gjeldsposten er statsgjelda, som inneheld statskassevekslar, kortsiktige kontolån og faste lån opptekne innanlands.

Tabell 4.1 Statens eigedelar og gjeld (tal i mill. kroner)¹⁾

Tekst	Note	31.12.14	31.12.15	Endring
<i>Eigedelar</i>				
60. Kontantbeholdning	1	115 632	100 593	-15 039
61. Spesielle fond og forsikringar	2	6 626 286	7 671 278	1 044 993
62. Verdipapir	3	150 098	150 839	742
63. Utlån og uteståande krav	4	489 095	481 274	-7 821
64. Ordinære fond	5	105 651	151 393	45 743
65. Forskot	6	649	191	-458
66. Kapital i statsbankane	7	659	659	0
68. Fast kapital i statsverksemdene	8	227 211	232 644	5 433
69. Eigenbeholdning statspapir	9	63 565	67 907	4 342
70.-72. Mellomrekneskapen med rekneskapsførarar	10	-1 207	-2 874	-1 667
77. Overkurs/underkurs statspapirer	11	-8 948	-9 511	-563
Sum eigedelar		7 768 690	8 844 394	1 075 704
<i>Gjeld og eigenkapital</i>				
80. Statsgjelda	12	485 453	482 817	-2 636
81. Kontolån frå ordinære fond	13	115 925	162 143	46 217
82. Verksemdar med særskilde fullmakter	14	15 980	16 521	541
84. Deposita og avsetjingar	15	5 745	-7 889	-13 634
87. Overførte unytta løyvingar	16	12 366	10 570	-1 796
Sum gjeld		635 470	664 163	28 693
99. Avslutningskonto (eigenkapital)	17	7 133 220	8 180 231	1 047 011
Sum gjeld og eigenkapital		7 768 690	8 844 394	1 075 704

¹⁾ Det kan vere avvik mellom sumtala i tabellen og dei avrunda tala som står ovanfor summene. Sumtala skal vere i samsvar med kapitalrekneskapen i tabell 3.1 i vedlegg 3.

Statens egedelar auka med 1 075,7 mrd. kroner i 2015, frå 7 768,7 mrd. kroner til 8 844,4 mrd. kroner. Mykje av endringa kjem av auka verdi i Statens pensjonsfond utland (kontogruppe 61). Gjeldssida utanom eigenkapitalen hadde ein netto auke på 28,7 mrd. kroner i 2015, frå 635,5 mrd. kroner til 664,2 mrd. kroner. Eigenkapitalen auka med 1 047,0 mrd. kroner frå 7 133,2 mrd. kroner til 8 180,2 mrd. kroner. Vesentlege endringar vert omtala i notane nedanfor.

Notar:

- Note 1. Kontantbeholdninga til staten var 15,0 mrd. kroner lågare ved utgangen av 2015 enn ved utgangen av 2014. Kontantbeholdninga er plassert i Noregs Bank. Sjå tabell 1.14 i vedlegg 1.
- Note 2. Spesielle fond og forsikringar auka med 1 045 mrd. kroner. Dette kjem mellom anna av ein auke i bokført verdi av Statens pensjonsfond med 1 030,2 mrd. kroner for Statens pensjonsfond utland (SPU) og 12,8 mrd. kroner for Statens pensjonsfond Noreg (SPN). Statens pensjonsfond vert bokført til marknadsverdi i kapitalrekneskapen, og vert nærare omtalt i kapittel 3. Bokført verdi for Norfund auka med om lag 2,0 mrd. kroner i 2015. Av dette var 1,1 mrd. kroner tilført grunnfondskapital og 0,9 mrd. kroner annan auke.
- Note 3. Verdipapir, medrekna kapitalen i statens sjølvstendige verksemdar, auka med netto 742 mill. kroner. Dette kjem for det meste av ein auke i aksjar i Kommunalbanken AS med 1,0 mrd. kroner. GIEK Kredittforsikring AS er ført opp med 137 mill. kroner, jf. fullmakt frå Stortinget til å omklassifisere aksjekapital og annan kapital frå kontogruppe 68 til kontogruppe 62. Ein tilbakeføring av kapitalinnskott på Siva SF førte til ein nedgang på 391 mill. Sjå tabell 3.6 i vedlegg 3 for oversikt over statens aksjeinteresser.
- Note 4. Netto utlån og uteståande krav minka med 7,8 mrd. kroner. Av dette kjem 8,5 mrd. kroner frå netto auke i utlån frå Statens Lånekasse for utdanning og 4,9 mrd. kroner frå Husbanken. Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse minka med 22,2 mrd. kroner. Investeringslåna til helseføretaka minka med 149 mill. kroner, medan driftskredittramma for

helseføretaka hadde ein netto nedgang på 6,5 mrd. kroner. Utlån frå Eksportkreditt AS auka netto med 9,4 mrd. kroner. Utlåna til Teknologisenter for CO₂-handtering på Mongstad (TCM DA) minka med 1,1 mrd. kroner. Utlån til Oslo Lufthavn AS minka med 0,4 mrd. kroner. Netto lån under Innovasjon Noreg minka med 0,3 mrd. kroner. Lån til Store Norske Spitsbergen er ført opp med 0,2 mrd. kroner.

- Note 5. Ordinære fond auka med 45,7 mrd. kroner. Infrastrukturfondet auka med 40,7 mrd. kroner medrekna netto avkastning. Fondet for klima auka med 9,5 mrd. kroner, medan regionale forskingsfond vart avvikla og 6,2 mrd. kroner tilbakeført til statskassa. Energifondet auka med netto 0,9 mrd. kroner. Midlar til tapsavsetjing for lån til Store Norske Spitsbergen er ført opp med 0,2 mrd. kroner. Ein må sjå kontogruppe 64 *Ordinære fond* i samanheng med kontogruppe 81 *Kontolån frå ordinære fond*, jf. note 13. Midlane som fonda har ståande på konto i Noregs Bank, er òg førte opp som kontolån til staten. Unntak frå hovudregelen er Tøyenfondet og Observatoriefondet, som berre er aktiverte i 64-gruppa og ikkje i 81-gruppa. Stiftinga Unifor forvaltar dei finansielle egedelane til desse to fonda etter avtale med Universitet i Oslo, og midlane er ikkje plasserte i Noregs Bank. Sjå òg tabell 3.1 i vedlegg 3 om ordinære fond (eigedelar).
- Note 6. Forskot minka med 458 mill. kroner som i all hovudsak gjeld forskot i Statens vegvesen.
- Note 7. Det var inga endring i samla kapital i statsbankane i 2015.
- Note 8. Fast kapital i statsverksemdene auka med 5,4 mrd. kroner. Kapitalen i SDØE auka med 4,0 mrd. kroner, medan kapitalen i Statsbygg auka med 1,7 mrd. kroner. Kapitalen i GIEK er omklassifisert til kontogruppe 62 og sett ned med 137 mill. kroner, jf. fullmakt frå Stortinget til å omklassifisere aksjekapital og annan kapital frå kontogruppe 68 til kontogruppe 62. Kapitalen i SPK Forvaltningsbedrift minka med 78 mill. kroner. Sjå òg tabell 3.2 i vedlegg 3 for detaljer om kapitalen i statsverksemdene.
- Note 9. Eigenbeholdning av statspapir auka med 4,3 mrd. kroner. Statsobligasjonar auka

med 3,5 mrd. kroner, og statskassevekslar auka med 0,8 mrd. kroner.

Note 10. Statlege verksemders mellomvære med statskassa auka med 1,7 mrd. kroner, frå -1,2 mrd. kroner i 2014 til -2,9 mrd. kroner i 2015, slik at verksemdene har 2,9 mrd. kroner til gode per 31.12.2015.

Stortinget har i saker under 1 mill. kroner gjeve Finansdepartementet fullmakt til å postere differansar og uopklåra saker mot konto for forskyving i balansen (eigenkapitalen). I større saker kan Stortinget vedta særskilde fullmakter. Det vart i 2015 postert 0,3 mill. kroner til debet konto for forskyving i balansen og til kredit kontogruppe 70/71. Dette gjeld desse verksemdene (tal i kroner):

Kommunal- og moderniseringsdepartementet	-445 732,00
Husbanken	142 827,27
De nasjonale forskningsetiske komiteene (FEK)	8 708,33
Samla	-294 196,40

Sjå òg tabell 3.9 i vedlegg 3 der departementa sine mellomvære med staten er spesifiserte.

Note 11. Overkurs/underkurs på statspapir er per 31.12.2015 bokført med -9,5 mrd. kroner. Dette er ei endring på -0,6 mrd. kroner frå -8,9 mrd. kroner året før.

Note 12. Statsgjelda minka med 2,6 mrd. kroner. Statskassevekslar auka med 2,0 mrd. kroner og kortsiktige kontolån auka med 1,3 mrd. kroner. Faste lån opptekne innanlands hadde ein netto nedgang på 5,9 mrd. kroner. Endringa i statsgjelda for 2015 er nærare spesifisert i tabell 3.3 i vedlegg 3.

Note 13. Kontogruppe 81 *Kontolån frå ordinære fond* omfattar alle ordinære fond som har fondsmidlar plasserte i statskassa på konto i Noregs Bank. Dei fonda der staten både eig og kan disponera fondskapitalen, er i tillegg aktiverte i kontogruppe 64 *Ordinære fond*, jf. note 5.

Kontogruppe 81 auka med 46,2 mrd. kroner. Infrastrukturfondet auka med 40,7 mrd. kroner medrekna netto avkastning. Fondet for klima auka med 9,5 mrd. kroner, medan regionale forskingsfond vart avvikla og 6,2 mrd. kroner tilbakeført til statskassa. Energifondet auka med netto 0,9 mrd. kroner. Midlar

til tapsavsetjing for lån til Store Norske Spitsbergen er ført opp med 0,2 mrd. kroner. Fond under Utanriksdepartementet auka med 1,1 mrd. kroner. Sjå detaljar i tabell 3.1 i vedlegg 3.

Note 14. Kontogruppe 82 omfattar verksemdar med særskilde fullmakter til å nettoføre utgifter og inntekter. Dei likvide midlane til verksemdene er plasserte i Noregs Bank og auka med 0,5 mrd. kroner. Midlane utgjør 16,5 mrd. kroner ved utgangen av året. Staten kan nytta denne likviditeten, som vert notert som gjeld i kapitalrekneskapen. Eit meir detaljert oversyn over midlane i desse verksemdene står i tabell 3.1 og tabell 3.10 i vedlegg 3. Auka i 2015 gjeld særleg Noregs forskingsråd med 255 mill. kroner og universitets og høyskulesektoren med 343 mill. kroner.

Note 15. Deposita og avsetjingar minka med 13,6 mrd. kroner. Avsetjinga for mellomvære med Statens pensjonsfond utland minka med 13,5 mrd. kroner slik at staten per 31.12.2015 hadde 10,5 mrd. kroner til gode i SPU, sjå kapittel 3.1. Avsetjing i statsgjelda (konto 84 00 16) minka med 523 mill. kroner, medan samla avsetjing i Statens vegvesen og Jernbaneverket auka med 360 mill. kroner. Avsetjingar under Olje- og energidepartementet for Enova SF og Gassnova auka med 13 mill. kroner. Avsetjinga i Svalbardrekneskapen (konto 84 50 04) auka med 2 mill. kroner. Detaljar om Svalbardrekneskapen står i tabell 5.1–5.3 i vedlegg 5.

Note 16. Unytta løyvingar som vert overførte til neste budsjettår, er registrerte som gjeld i statsrekneskapen. Overføringane frå 2015 til 2016 utgjør til saman 10,6 mrd. kroner, som er 1,8 mrd. kroner mindre enn overført løyving frå 2014 til 2015.

Note 17. Avslutningskontoen syner at statens eigenkapital i 2015 auka med 1 047,0 mrd. kroner, frå 7 133,2 mrd. kroner til 8 180,2 mrd. kroner. Brutto endring i statens egedelar og gjeld går fram av tabell 4.1 og note 1–16 ovanfor. Netto endring i konto for forskyving i balansen, som syner endring i eigenkapitalen som skriv seg frå transaksjonar som ikkje er førte frå 90-postar, går fram av tabellen nedanfor. Sjå òg tabell 1.13 i vedlegg 1.

Endring i egenkapitalen over konto for forskyving i balansen (mill. kroner):	2015	2014
61. Auka verdi Statens pensjonsfond	1 042 953	1 416 088
99. Overskot før lånetransaksjonar	751	-3 844
87. Redusert avsetjing av overførte midlar	1 796	1 881
Andre endringar:	1 511	33 567
61. Auka verdi Norfund, ikkje ført på 90-post	929	1 167
61. Nettovinst ved innløyising av Statens obligasjonsfond	-	2 333
62. Nettovinst verdipapir	123	8 532
62. GIEK omklassifisering	137	-
63. Anna (tap/ettergiving av lån)	-21	-
63. Auka utlån til helseføretaka	520	1 471
63. Redusert lån TCM	-1 114	-1 092
63. Redusert driftskredittramme, helseføretaka	-6 530	5 550
64. Inneståande fond, ikkje ført 90-post	2 493	1 242
65. Endring i avsetjing av forskot under Veg	-458	904
68. Auke i fast kapital i forvaltningsverksemdene	5 570	14 513
68. GIEK omklassifisering til 62 gruppa	-137	-
70-72 Korrigering av mellomvære med statskassa etter fullmakt	0	-1
80. Statsgjelda, mellomrekning som følgje av feilen i tidspunktet for tilbakeføringa av driftskredittramme, sjå note 10.	-	-1 050
Sum	1 047 011	1 447 692

4.2 Finansinntekter og finansutgifter

Staten hadde i 2015 renteinntekter på 14,1 mrd. kroner og renteutgifter på 11,3 mrd. kroner. Netto

renteinntekter vart dermed 2,8 mrd. kroner, jf. tabell 4.2. Frå 2014 til 2015 auka renteutgiftene med 0,1 mrd. kroner, medan renteinntektene gjekk ned med 0,5 mrd. kroner.

Tabell 4.2 Renter (tal i mill. kroner)

	2013	2014	2015
1. Renteinntekter i alt ¹⁾	15 041	14 662	14 149
Renter frå statsbankane og statsføretaka	8 370	9 014	9 278
Renter av kapital i statens forretningsverksemd	85	80	76
Sum renter av kontantbeholdning og andre krav, av dette:	6 585	5 568	4 795
renter av innskot og andre krav	4 281	2 624	2 007
renter av lån til helseføretaka	430	394	310
renter av lån til aksjeselskap	282	163	110
renter frå folketrygda	2	1	1
Statens pensjonskasse, bustadlånsordninga	1 589	2 386	2 367
2. Renteutgifter i alt ²⁾	12 256	11 211	11 322
Av innanlandsk statsgjeld	12 186	11 117	11 249
Av utanlandsk statsgjeld	0	0	0
Av investeringslån, helseføretak f.o.m. 2008	71	93	73
Netto renteinntekter/renteutgifter (-)	2 784	3 451	2 827

¹⁾ Sjå òg kapittel 2.17 for omtale av statlege utlån gjennom Statens lånekasse for utdanning, Husbanken, bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse, Innovasjon Noreg og eksportfinansieringsordninga gjennom Eksportkreditt Noreg AS.

²⁾ Renteutgifter for statsgjelda omfattar gjeld under kontogruppe 80 og 81. Kap. 1650, post 01 syner driftsutgifter til statsgjeldforvaltning på 35,7 mill. kroner. Medrekna renteutgifter på 11 248,7 mill. kroner syner programområdet 24 statlege gjeld og fordringar, renter og avdrag samla utgifter før lånetransaksjoner på 11 284,4 mill. kroner.

Renteinntekter frå statsbankane og statsføretaka er på 9,3 mrd. kroner. Av dette er 3,5 mrd. kroner frå Husbanken, 4,0 mrd. kroner frå Lånekassa, 1,6 mrd. kroner frå eksportfinansieringsordninga, 223 mill. kroner frå Innovasjon Noreg og 23 mill. kroner frå SIVA.

Renteinntekter av innskot og andre krav på 2,0 mrd. kroner er i hovudsak førte på kapittel 5605 *Renter av statskassas kontantbeholdning og andre krav*. Av dette er 0,2 mrd. kroner renter av driftskreditt statsverksemd og 1,8 mrd. kroner renteinntekter av innanlandske verdipapir.

Opptreksrenter for investeringslån til helseføretaka frå og med 2008 på kapittel 0732 *Regionale helseføretak* vart 73,4 mill. kroner. Renteutgiftene på 11,2 mrd. kroner under kapittel 1650 *Statsgjelda* er mellom anna 11,1 mrd. kroner i renteutgifter på obligasjons- og vekselgjeld, 3,2 mrd. kroner i renteutgifter på kontolån frå ordinære fond og 18,6 mill. kroner i renteutgifter på kontolån frå verksemdar som er pålagde å plassere overskotslikviditet som kontolån til staten. Dessutan er det netto inntektsført 3,3 mrd. kroner på attkjøps- og rentebyteavtaler.

Per 31.12.2015 var statsgjelda 482,8 mrd. kroner, jf. vedlegg 3, tabell 3.1 og 3.3. Nærare omtale av statens lån i kapitalmarknaden og staten som netto kravshavar står i Prop. 17 S (2014–2015) *Fullmakt til å ta opp statslån o.a.*

4.3 Garantiar

Staten kan ikkje gje garantiar som kan føra til tap i seinare terminar, utan at Stortinget har gjeve ei garantifullmakt. Dette gjeld garantiordningar der staten garanterer for at låntakarar oppfyller skyldnadene sine overfor långjevarar.

Tabell 4.3 syner samla garantiansvar etter departement for 2014 og 2015. Per 31.12.2015 har staten gjeve garantiar med eit samla garantiansvar på 180,1 mrd. kroner. Dette er 2,0 mrd. kroner meir enn i 2014. Under Nærings- og fiskeridepartementet minka ansvaret i 2015 netto med 4,5 mrd. kroner, og det meste gjeld den allmenne garantiordninga og «gammal allmenn ordning» under GIEK. Samla garantiansvar under Utanriksdepartementet auka med 4,8 mrd. kroner. Garanti

for grunnkapitalen i Den nordiske investeringsbanken under Finansdepartementet auka med 0,7 mrd. kroner. Samla utbetalingar ved tap på garantiar i 2015 var på 1,2 mrd. kroner, og dette kjem

for det meste av utbetalingar under den allmenne garantiordninga og «gammal allmenn ordning».

Vedlegg 4 inneheld meir informasjon om dei ulike garantiordningane.

Tabell 4.3 Samla garantiansvar for staten per 31.12.(tal i mill. kroner)

	Garantiansvar per 31.12.2014	Utbetalt ved tap i 2015	Garantiansvar per 31.12.2015
Utanriksdepartementet	25 199,8		30 011,3
Arbeids- og sosialdepartementet	243,9		229,4
Helse- og omsorgsdepartementet	2,7		1,1
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	2,4		2,0
Nærings- og fiskeridepartementet	132 064,4	1 182,2	127 571,1
Samferdselsdepartementet	5 890,0		6 570,0
Finansdepartementet	14 732,4		15 682,1
Sum	178 135,6	1 182,2	180 066,9

4.4 Prinsipp for føring av statsrekneskapen

Desse hovudprinsippa ligg til grunn for statsrekneskapen:

- Statens løyvingsrekneskap og balanse vert ført etter kontantprinsippet, i samsvar med løyvingsvedtak i Stortinget.
- Rekneskapen vert kvart år sett opp med rekneskapstermin frå 1. januar til 31. desember. Han skal òg innehalde eit oversyn over garantiar, tilsegnfullmakter og bestillingsfullmakter som gjeld per 31. desember.
- Løyvingsrekneskapen vert sett opp etter den inndelinga som Stortinget har fastsett for budsjettet.
- Løyvingsrekneskapen vert ført etter brutto-prinsippet, slik at inntekter og utgifter vert sette opp kvar for seg.
- Transaksjonar skal førast med verdien på betalingstidspunktet. Verdien i kapitalrekneskapen vert sett til historisk verdi på transaksjonstidspunktet. Eit unntak er Statens pensjonsfond og Norfund, som nyttar marknadsverdi.
- Lånetransaksjonar på 90-postar i løyvingsrekneskapen (lån, tilbakebetalingar m.m.) vert førte i kapitalrekneskapen som auke/nedgang i statens egedelar og gjeld.

- Statsrekneskapen er bygd på fullstendig rapportering frå alle statlege verksemdar som rapporterer til statsrekneskapen, og rapportering frå kvart departement. Tala i rekneskapen og statlege verksemders mellomvære med statskassa er stadfesta av kvart departement.
- Rapporterte betalingar i kvar verksemd er avstemte mot statens konsernkontosystem i Noregs Bank.
- Statens løyvingsrekneskap vert gjort opp med eit brutto finansieringsbehov, jf. tabell 1.9. Brutto finansieringsbehov går fram av kapittel 5999 Statslånemidlar og vert ført mot konto for forskyving i balansen (eigenkapitalen) i kapitalrekneskapen. Tabell 1.14 i vedlegg 1 syner samanhengen mellom finansieringsbehovet og faktisk endring i kontantbeholdninga. Netto endring i konto for forskyving i balansen syner endring i eigenkapitalen som skriv seg frå transaksjonar som ikkje er førte frå 90-postar, jf. note 17 i kapittel 4.1.

Finansdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Finansdepartementet 29. april 2016 om statsrekneskapen 2015 vert send Stortinget.

Vedlegg 1**Oversikt over statsrekneskapen 2015**

Tabell 1.1 Statens samla inntekter og utgifter 2011–2015 (tal i mill. kroner)

Samla inntekter

	Rekneskap				Saldert budsjett	Nysaldert budsjett	Rekne- skap
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Skattar på formue og inntekt	229 404	235 232	245 608	240 865	259 035	239 700	238 291
Arbeidsgjevaravgift og trygdeavgift.....	240 979	251 816	269 430	283 951	302 853	299 600	299 435
Tollinntekter	2 747	3 070	3 111	3 205	3 200	3 340	3 305
Meirverdiavgift.....	208 747	220 713	233 874	242 571	256 190	252 000	252 220
Avgifter på alkohol.....	11 863	12 140	12 239	12 643	12 600	12 740	12 827
Avgifter på tobakk.....	7 643	7 315	7 080	7 259	7 200	7 075	7 265
Avgifter på motorvogner	31 912	33 213	32 309	30 773	30 534	30 002	29 887
Andre avgifter	44 255	43 916	45 396	46 888	50 347	49 097	49 344
Sum skattar og avgifter.....	777 549	807 415	849 047	868 156	921 959	893 554	892 576
Renter av statens forretningsdrift	63	74	85	80	86	83	76
Avskrivningar, avsetjingar til investerings- føremål og inntekter av statens forretnings- drift i samband med nybygg, anlegg mv. ..	2 590	2 010	1 964	2 334	2 041	2 280	2 659
Sum inntekter av statens forretningsdrift .	2 654	2 084	2 049	2 413	2 127	2 364	2 735
Renter frå statsbankane.....	8 079	7 795	8 370	9 014	9 246	9 235	9 280
Renter av kontantbeholdning og andre krav.....	10 984	8 913	6 585	5 657	6 063	4 846	4 841
Utbyte utan Statoil.....	17 900	13 277	14 528	14 029	16 667	19 651	19 651
Sum renteinntekter og utbyte utan statens forretningsdrift og Statoil	36 963	29 985	29 484	28 699	31 976	33 732	33 772
Inntekter under departementa	34 117	30 152	32 505	32 451	30 498	37 414	40 696
Overføring frå Noregs Bank.....	0	0	0	0	3 000	10 419	10 419
Tilbakeføring frå Statens banksikringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Sum andre inntekter	34 117	30 152	32 505	32 451	33 498	47 833	51 115
Sum inntekter utan oljeskattar, petroleumsverksemd og tilbakebetalingar	851 283	869 636	913 084	931 719	989 559	977 482	980 197
Inntekter frå statleg petroleumsverksemd	149 212	174 499	157 880	148 229	153 400	127 400	121 673
Skatt og avgift på utvinning av petroleum .	209 678	232 707	206 436	176 164	173 600	114 900	110 157
Aksjeutbyte frå Statoil.....	13 352	13 887	14 421	22 646	14 955	15 382	15 382
Sum petroleumsinntekter.....	372 242	421 093	378 737	347 039	341 955	257 682	247 212
Sum inntekter utan lånetransaksjonar og overføring frå Statens pensjonsfond utland	1 223 525	1 290 729	1 291 821	1 278 757	1 331 514	1 235 164	1 227 409
Tilbakebetalingar	83 301	158 728	96 233	215 040	103 243	124 229	126 087
Statens pensjonsfond utland	84 158	104 550	117 340	156 164	174 225	186 063	186 063
Sum inntekter	1 390 984	1 554 008	1 505 394	1 649 962	1 608 982	1 545 456	1 539 559

Samla utgifter etter departement

Departement	Rekneskap				Saldert budsjett	Nysaldert budsjett	Rekne- skap ^{2, 3)}
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Kongehuset.....	185	191	196	211	228	228	228
Regjeringa	322	352	344	346	331	348	347
Stortinget og underliggjande institusjonar	1 432	1 594	1 677	1 786	1 988	2 067	1 941
Høgsterett	79	84	88	95	92	100	98
Utanriksdepartementet.....	33 148	31 936	35 865	35 890	38 331	39 369	40 035
Kunnskapsdepartementet	42 624	41 057	43 816	47 844	51 307	52 276	52 109
Kulturdepartementet	8 566	8 950	9 759	12 460	12 642	12 734	12 790
Justis- og beredskapsdepartementet.....	26 654	27 995	31 637	34 740	33 273	35 355	35 496
Kommunal- og moderniserings- departementet.....	141 867	153 204	159 424	172 049	174 369	176 564	176 469
Arbeids- og sosialdepartementet	50 027	57 322	70 704	62 493	55 596	43 496	43 353
Helse- og omsorgsdepartementet	113 369	116 112	121 545	131 313	145 138	147 537	147 936
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	31 470	32 665	34 626	34 825	37 361	37 766	37 252
Nærings- og fiskeridepartementet.....	12 693	21 136	8 472	14 722	9 751	10 715	10 160
Fiskeri- og kystdepartementet ¹⁾	4 521	4 789	5 083	0	0	0	0
Landbruks- og matdepartementet.....	16 104	16 621	17 206	17 459	17 288	17 456	17 496
Samferdselsdepartementet	30 843	33 661	50 980	70 655	95 266	95 668	94 063
Klima- og miljødepartementet.....	4 756	5 065	5 420	8 616	8 072	8 140	8 323
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet ¹⁾	6 336	6 420	6 724	0	0	0	0
Finansdepartementet.....	88 344	38 241	107 331	57 873	110 402	108 204	107 121
Forsvarsdepartementet.....	40 871	41 490	43 571	46 675	43 788	43 414	45 339
Olje- og energidepartementet	5 554	6 162	16 528	18 614	15 464	15 592	15 790
Ymse utgifter.....	105	66	61	0	10 458	50	0
Statsbankane	90 696	105 945	121 021	124 001	118 308	120 626	118 410
Statleg petroleumsverksemd.....	21 439	25 610	33 585	35 372	38 000	29 000	28 955
Statens forretningsdrift.....	2 629	2 539	2 568	1 986	1 860	2 352	2 452
Statens pensjonsfond utland.....	350 804	395 483	345 151	311 667	303 955	228 682	218 256
Sum statsbudsjettet utan folketrygda.....	1 125 434	1 174 691	1 273 383	1 241 693	1 323 270	1 227 736	1 214 419
Folketrygda.....	329 173	348 567	368 100	389 928	418 667	420 644	420 461
Samla utgifter med lånetransaksjonar	1 454 607	1 523 258	1 641 483	1 631 621	1 741 937	1 648 380	1 634 880
Lånetransaksjonar	151 683	131 630	233 208	192 855	236 198	227 153	222 159
Statens pensjonsfond utland.....	350 804	395 483	345 151	311 667	303 955	228 682	218 256
Samla utgifter utan lånetransaksjonar og Statens pensjonsfond utland.....	952 121	996 144	1 063 124	1 127 099	1 201 784	1 192 545	1 194 464

¹⁾ Ny departementsstruktur frå 2014. Tidlegare FAD og FKD er gått inn i KMD, NFD og SD.²⁾ Frå 2015 er det innført ei nettoordning for statleg betalt meirverdiavgift. Verksemdar som er med i ordninga bokfører betalt meirverdiavgift på kap. 1633, post 01 under Finansdepartementet for meirverdiavgift knytte til postane 01–49. Samanlikna med rekneskapen for 2014 og tidlegare kan ordninga forklare at utgiftene under det einskilde departement i 2015 er noko lågare enn dei elles ville vore.³⁾ Frå 2015 er innbetalte standardrefusjonar førte som utgiftsreduksjonar i rekneskapen. Tidligere vart desse førte på inntektskapitlet til verksemdene på postane 15–18. Dette er refusjonar frå mellom anna arbeids- og velferdsetaten og folketrygda som dekkjer utgifter til arbeidsmarknadstiltak i statlege verksemdar, løn under fødsels- og adopsjonspermisjon, løn til lærlingar og løn under sjukdom.

Tabell 1.2 Løyvingsrekneskapen for budsjetterminen 2015 (tal i mill. kroner)

UTGIFTER	Overført frå 2014 ¹⁾	Nysaldert budsjett	Samla løyving	Rekne- skap ²⁾	Meirutgift (-) og mindre- utgift	Overført til 2016	Endring i overført løyving
Kongehuset	0	228	228	228	0	0	0
Regjeringa	12	348	360	347	13	13	1
Stortinget og underliggjande institusjonar....	23	2 067	2 090	1 941	149	86	63
Høgsterett.....	2	100	102	98	4	4	2
Utanriksdepartementet.....	1 010	39 369	40 379	40 035	344	228	-783
Kunnskapsdepartementet	274	52 276	52 549	52 109	440	396	123
Kulturdepartementet.....	221	12 734	12 955	12 790	164	187	-34
Justis- og beredskapsdepartementet.....	786	35 355	36 141	35 496	646	694	-92
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	997	176 564	177 561	176 469	1 092	1 125	128
Arbeids- og sosialdepartementet	900	43 496	44 396	43 353	1 043	406	-494
Helse- og omsorgsdepartementet.....	368	147 537	147 905	147 936	-31	223	-145
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	146	37 766	37 912	37 252	660	143	-3
Nærings- og fiskeridepartementet.....	339	10 715	11 054	10 160	894	414	75
Landbruks- og matdepartementet.....	274	17 456	17 730	17 496	234	347	73
Samferdselsdepartementet ¹⁾ ..	1 563	95 668	97 231	94 063	3 168	3 411	1 848
Klima- og miljødepartementet.....	547	8 140	8 687	8 323	364	246	-301
Finansdepartementet	685	108 204	108 889	107 121	1 768	760	75
Forsvarsdepartementet.....	2 434	43 414	45 848	45 339	509	759	-1 674
Olje- og energidepartementet ¹⁾	397	15 592	15 989	15 790	199	163	-234
Ymse utgifter.....	0	50	50	0	50	0	0
Statsbankane	1 048	120 626	121 674	118 410	3 264	526	-522
Statleg petroleumsvirksemd...	0	29 000	29 000	28 955	45	0	0
Statens forretningsdrift.....	172	2 352	2 524	2 452	72	177	5
Folketrygda.....	169	420 644	420 812	420 461	351	129	-40
Statens pensjonsfond utland....	0	228 682	228 682	218 256	10 426	0	0
Samla utgifter	12 366	1 648 380	1 660 746	1 634 880	25 866	10 437	-1 929

¹⁾ Overført løyving frå 2014 er fordelt etter det departementet som disponerer løyvinga i 2015. Denne fordelinga skil seg seg difor noko frå «Overført til 2015» i same tabellen i stortingsmeldinga i fjor. 140,7 mill. kr er flytta frå SD til OED knytt til at verksemda til Transnova frå 1. januar 2015 vart overført til Enova.

²⁾ Sjå note 2 og 3 til tabell 1.1 i Vedlegg 1.

INNETEKTER	Nysaldert budsjett	Rekneskap	Meirinntekt og mindre- inntekt (-)
Skattar på formue og inntekt	239 700	238 291	-1 409
Arbeidsgjevaravgift og trygdeavgift	299 600	299 435	-165
Tollinntekter	3 340	3 305	-35
Meirverdiavgift	252 000	252 220	220
Avgifter på alkohol.....	12 740	12 827	87
Avgifter på tobakk.....	7 075	7 265	190
Avgifter på motorvogner.....	30 002	29 887	-115
Andre avgifter.....	49 097	49 344	247
Sum skattar og avgifter	893 554	892 576	-978
Renter av statens forretningsdrift	83	76	-7
Avskrivningar, avsetjingar til investeringsføremål og inntekter av statens forretningsdrift i samband med nybygg, anlegg mv.	2 280	2 659	378
Sum inntekter av statens forretningsdrift	2 364	2 735	371
Renter frå statsbankane.....	9 235	9 280	45
Renter av kontantbeholdning og andre krav.....	4 846	4 841	-5
Utbyte utan Statoil	19 651	19 651	0
Sum renteinntekter og utbyte utan statens forretningsdrift og Statoil.....	33 732	33 772	40
Inntekter under departementa	37 414	40 696	3 282
Overføring frå Noregs Bank.....	10 419	10 419	0
Tilbakeføring frå Statens banksikringsfond.....	0	0	0
Sum andre inntekter	47 833	51 115	3 282
Sum inntekter utan oljeskattar, petroleumsverksemd og tilbakebetalingar	977 482	980 197	2 715
Inntekter frå statleg petroleumsverksemd.....	127 400	121 673	-5 727
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	114 900	110 157	-4 743
Aksjeutbyte frå Statoil	15 382	15 382	0
Sum petroleumsinntekter	257 682	247 212	40 696
Sum inntekter utan lånetransaksjonar og overføring frå Statens pensjonsfond utland	1 235 164	1 227 409	43 411
Tilbakebetalingar	124 229	126 087	1 858
Statens pensjonsfond utland	186 063	186 063	0
Samla inntekter	1 545 456	1 539 559	45 269
Statslånemidlar.....	102 924	95 321	121 673
Samla sum	1 648 380	1 634 880	166 941

Tabell 1.3 Løyvingar og rekneskap 2015 (tal i mill. kroner)

